



Kulturmiljøplan

Aukra kommune

2023 – 2027

Høringsutkast

P360: (år)/(saksnr.) – (dokumentnr.)

Vedteke i: (utval) (PSnr.)/(år) + dato eks: K-sak 23/16, 12.2 2016

Innhald

1.0	INNLEIING	5
1.1	Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	5
1.2	Skrot eller skatt - kulturminna sin verdi	6
2.0	Frå kulturminne til kulturmiljø	7
2.1	Frå kulturminneplan til kulturmiljøplan	7
2.2	Kvifor kulturmiljøplan?	8
2.3	Kva skal vi ta vare på?	8
2.4	Kulturminne sin plass i kommuneplanen	8
3.0	FN sine berekraftsmål knytt til kulturminne	9
3.1	Nr. 3 God helse og livskvalitet	10
3.2	Nr. 11 Berekraftige byar og samfunn	12
3.3	Nr. 13 Stoppe klimaendringane	13
4.0	Aukra kommune i historisk perspektiv	22
4.1	Aukra kommune si historie	22
4.2	Steinalder (9500-1800 før Kr.)	22
4.3	Bronsealder (1800-500 før Kr.)	23
4.4	Jernalder (500 før Kr. – 1030 etter Kr)	24
4.5	Mellomalder (1030 -1537 etter Kr.)	25
4.6	Nyare tid (1537 - i dag)	25
5.0	Aukra i Europa	36
5.1	Førhistoriske kontaktar	36
5.2	Falkefangst på Aukra – eksklusiv aktivitet	37
5.3	Falkefangst i Noreg	37
5.4	Falk for dei fine	38
5.5	Brødrene Ramus – to skarpe hjernar frå Aukra	40
5.6	Aukra Hval A/S	41
5.7	Gass til Europa – Ormenanlegget	43
6.0	Verneverdige kulturminne i Aukra kommune	43
6.1	Registrering av kulturminne i Aukra	43
6.2	Kulturminne av regional og nasjonal verdi	44
6.3	Kulturminne av høg lokal verdi?	44
7.0	Prioriterte kulturminne i Aukra kommune	45
8.0	Fornminne – oldfunn	48
8.1	Gullringen frå Aukra – kommunevåpenet	48
8.2	Gravfelta ved Ingridsteinen og på Storrisstølen	48
9.0	Fiskarbonden	50

9.1 Løvikremma kystgard	50
9.2 Horrem kvernhus.....	51
9.3 Eikrem og Eikremsbukta - eit kulturminnemiljø.....	52
9.4 Naustmiljø	54
9.5 Bureising – Nyland og Nyjord	55
9.6 Røssøyvågen - fiskevær, hamn og handelsstad.....	55
9.7 Roktamonumentet	58
10.0 Immaterielle kulturminne	59
10.1 Tradisjonsmat.....	59
Ingrediensar.....	59
Framgangsmåte.....	59
10.2 Forfattarar og kunstnarar.....	60
10.3 Språk som kultur.....	65
11.0 Krigshistorie	68
11.1 Stiftelsen Gossen krigsminnesamling.....	69
11.2 Løvik kystfortforening	69
11.3 Tiltaksplan	69
12.0 Skolar og forsamlingshus i Aukra	70
12.1 Læreplan for Aukra.....	70
12.2 Julsundet	70
12.3 Gossen	71
12.4 Aukra folkehøgskule	71
12.5 Statens Fiskerfagskole, Aukra	71
12.6 Soltun forsamlingshus	73
13.0 Julsundet.....	74
13.1 Fotominne frå Julsundet	75
14.0 Formidling	76
4.1 Barnebarna – framtida.	76
14.2 Liljå - utstillingsrom til formidling.....	77
14.3 Foto som minne.....	77
14.4 Turisme – kulturisme.....	79
14.5 Mange måtar å formidle på.....	80
14.6 Frivillige si rolle i lokalt kulturvern	81
14.7 Formidling i språket.....	82
14.8 SKILT til formidling i Aukra kommune	83
15.0 Lovverk og rammer	85
15.1 Lov om kulturminne	85

15.2 Plan og bygningsloven	85
15.3 Rundskriv nr. T-3 /00 - Forvaltning av kirke, kirkegård, og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø	86
16.0 Automatisk freda kulturminne	86
17.0 Nyare tids kulturminne	86
18.0 Møre og Romsdal fylkeskommune	87
18.1 Fylkesplan for berekraftfylket M & R 2021 –2024. Regional plan.....	87
18.2 Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi. T – 33/15.....	88
19.0 Tilskotsordningar å søke på.....	89
20.0 Kjelder	89
21.0 Vedlegg	90
21.1 Register over kulturminne.....	90
21.2 Askeladden og kulturminnesøk.....	90
21.3 Kulturminnesøk	90
22.0 Verneverdige SEFRAK-bygningar og anlegg i Aukra – pr. 1982-83	91

1.0 INNLEIING

Kan vi berre gje opp og innsjå at vi har tapt ?

Kulturminne og kulturarv interesserer færre og færre ser det ut til. Dei unge er langt inne i den digitale verda, og museum og "gamle ting" vert kjedeleg. Kanskje er det greitt? Tidene endrar seg, og dei siste 50 åra har det skjedd ei veldig rask og omfattande utvikling på dei fleste område. Vi må følgje med i utviklinga og ikkje vere til hinder for alt det nye som skjer. Vi må ikkje henge fast i det gamle, men sjå framover. Alle kan vere einige i det. Men kanskje kan vi tenke både og? Både det gamle og det nye. Den franske filosofen Simone Weil seier: **"Hvis man ikke kjenner fortiden, forstår man ikke nåtiden og egner seg ikke til å forme fremtiden."** Det som **var** er altså viktig for det som **skal bli**. Det gir mening og bakgrunn for ein kommunal kulturmiljøplan, som skal formidle kunnskap om kulturminne og kulturmiljø Aukra kommune har, og skissere tiltak for vern, skjøtsel og bruk av desse. Kunnskap om kulturminne og kulturmiljø og formidling av kunnskapen er også ein viktig del av vernet og bruken av kulturminnet.



Foto: Aukra kommune

1.1 Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

Menneska har til alle tider, gjennom 12 000 år i norske landskap, sett spor etter seg der dei har budd. Kulturminne er leivningar etter det som var. Det kan også vere minne om det som var, som kan bli nedskrive og vere ei skriftleg forteljing. Eit minne om fortida, eit fortidsminne, kan samfunn og grupper minnast og vise ære gjennom ritual og tradisjonar knytt til minnet. Kulturminne kan også vere frå nær fortid eller samtid. Alle dei ulike minna er del av kulturarven vår, vidareført frå generasjon til generasjon. Kulturminne er eit relativt omgrep. Kva vi meiner er eit kulturminne, blir bestemt innanfor ein bestemt tidsepoke og korleis kulturminne då blir definerte.

Kulturminna vi i dag vil ta vare på, er gjerne bruksgjenstandar, bygningar, anlegg, namn knytt til stader, naturgeografi og til hendingar, segn eller bygg. Bygningane kunne vere mangfaldige og tilpassa årssyklusen, med dyrking, innhausting og fangst. Dei var ofte element innanfor ein arbeidspraksis som var ein sjølvsgagt del av kvardagslivet. For oss som kjem etter, er dei vitnesbyrd om arbeidsskikkar og måte å leve på. Totalt sett har kulturminna ei forteljing overlevert til oss som inneheld dei historiske periodane sin eigenart.

Kulturminna kan seiast å vere noko som er uendeleg, så lenge dei får vere ein del av det moderne samfunnet sin dynamikk. Alt som skjer vert etter kvart historie. Vi som lever no er med og skaper kulturminne for dei som kjem etter oss.

Kulturminneloven definerer kulturminne slik:

“ Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.”

Kulturminne vert delt i to hovudkategoriar; **materielle og immaterielle.**

Materielle kulturminne er konkrete ting, som gravhaugar, buplassar, bygningar og båtar. Det er også inventar og bruksgjenstandar. I kategorien immaterielle kulturminne finn ein kulturuttrykk som eventyr, folkeminne, song og musikk, litteratur og dans.

Kulturminne må sjåast i samanheng med kulturmiljø og kulturlandskapet desse er i

Kulturminneloven definerer kulturmiljø slik:

“Med kulturmiljø menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.”

I eit **kulturmiljø** inngår kulturminna i ein større samanheng, der ulike naturelement også kan vere ein del av miljøet. Eksempel kan vere eit fiskevær, ei setergrend, ei kyrkje med kyrkjegard og prestegard, eit byområde eller også eit industriområde.

Kulturlandskap er landskap som er påverka av menneske. Det er ikkje alltid at grensene mellom kultur og natur er tydelege. Dei fleste områda i landet vårt er også påverka av menneske opp gjennom tidene på ein eller anna måte. Folkeminne og forteljartradisjon tek naturskildringane inn i segn og forteljingar. Jordbrukslandskap, kystlandskap med hamner og seglingsleier, fjell- og utmarksområde er alle eksempel på kulturlandskap.

1.2 Skrot eller skatt - kulturminna sin verdi

Det gamle stabburet i nabolaget, mynten funne i blomsterbedet, brevet frå tippoldefar i gotisk skrift, båten utstilt på museet. Alt dette er spor av aktivitet frå menneske som har levd før oss. Desse spora er kulturminne som fortel historier om levd liv og mangfaldig aktivitet. Kva verdi har så desse kulturminna for oss? Når er ting skrot og når er det skatt? Det er ikkje sjølvstøtt at dette mangfaldet av spor har verdi for oss. Det kan lett sjåast på som verdilause ting som vi kvittar oss med, noko som berre er stygt. Det kan ikkje målast i pengeverdi, men ein anna verdi som vi treng å definere og dermed bli meir bevisste på. Eit kulturminne kan ha opplevingsverdi, kunnskapsverdi og bruksverdi, og ha verdi lokalt, regionalt og nasjonalt. Kjente kulturminne har verdi i eit lokalsamfunn. Korleis vi verdsett kulturminne og miljø handlar i stor grad om kva kunnskap vi har om desse. Kunnskap kan skape meirverdi, gjennom at ein ser og forstår meir enn før. Det er viktig å vere medvitne om kva vi vil ta vare på, slik at tap av kulturminne minkar. Ei kulturmiljøplan vil vere med å auke kunnskapen om kulturminna sin verdi både for innbyggjarane og kommuneadministrasjonen. Kulturminna skal vere med og fortelje Aukra si historie.

2.0 Frå kulturminne til kulturmiljø

2.1 Frå kulturminneplan til kulturmiljøplan

Aukra kommune har godkjent kulturminneplan frå 2012. Denne skulle rullerast vår 2021. Den kommunale kulturminneplanen er eit resultat av Riksantikvaren si satsing KIK; Kulturminnearbeid i kommunene. I november 2020 kontakta Riksantikvaren fylkeskommunane, med invitasjon til kommunane om å søke tilskot til vidare arbeid med kulturmiljøarbeidet. Det vert vist til Stortingsmelding 16, med nye nasjonale mål for kulturmiljøpolitikken. Riksantikvaren gir tilskot på kr. 100.000,- til dei kommunane om enno ikkje har kulturminneplan, dei som skal rullere planer og til samanslåtte kommunar som skal samordne planer. Fylkeskommunen presiserer at ved rullering av kulturminneplanar skal planane no heite **kulturmiljøplanar**, i tråd med nye nasjonale mål i kulturmiljøpolitikken. Då kulturminneplanen i Aukra kommune skulle rullerast, var kommunen si vurdering at ein ønska å innarbeide dei nye nasjonale måla og føringane og gjennom det få ein betre og meir aktuell kulturmiljøplan. Kommunen sendte søknad til Riksantikvaren om midlar til rullering og endring av gjeldande kulturminneplan og har fått støtte til arbeid med planen. Kommunestyret i Aukra vedtok så i møte 18.3.2021 – sak PS-17/21 - å søke Riksantikvaren om eit tilskot på kr. 100 000 til arbeidet med rullering av kulturminneplanen og omarbeide den til kulturmiljøplan.

KIK- arbeidet har styrka kommunane sin innsats og kompetanse på dette feltet. Kulturminne er sett på dagsordenen og skal inngå i kommunane sine styringsdokument, arealplanlegging og utviklingsprosjekt. Dette er eit arbeid som må vedlikehaldast. Ei hjelp til dette vidare arbeidet med vedlikehald og oppgradering er stortingsmeldinga om kulturmiljøpolitikk. I april 2020 kom Stortingsmelding 16 - 2019-20 Nye mål i kulturmiljøpolitikken. – Engasjement, bærekraft og mangfold.



Ei av følgjane av meldinga er også at noverande kulturminnelov frå 1978 skal erstattast av ei ny kulturmiljølov. Det er nedsett eit eige lovutval som skal ha utkast til ny lov ferdig i 2024.

Foto: Aukra kommune

Kulturmiljøpolitikken bygger mellom anna på FN sine 17 berekraftsmål. Gjennom ein god kulturmiljøplan skal kulturminne veljast ut og forvaltast. Alle har rett til kulturarv og til å vere med og ta ansvar for denne. Gjennom høyringar og andre prosessar for medverknad skal alle kunne ytre seg om kulturarv og forvaltning. Det lokale engasjementet i lokalbefolkninga vert vektlagt.

Arbeidet med ny plan har blitt gjort i samarbeid med sogenemnd, historielag og eiga arbeidsgruppe. Meininga er at planen skal rullerast i slutten av kvar valperiode, men om det ikkje skjer er planen gjeldande

inntil ny rullering er gjort. Planen skal på høyring politisk og til andre aktuelle instansar. Målet er at flest mogleg av lokalbefolkninga skal kjenne til arbeidet og kunne kome med innspel til nye tiltak og kulturminne som skal bevarast. Gjennom ny plan vonar ein at Aukra kommune lettare kan nå måla om engasjement, berekraft og mangfald i lokalsamfunn og kulturmiljøpolitikken.

2.2 Kvifor kulturmiljøplan?

Målet med planen er fleirsidig:

- auke kunnskap om kulturminne og kulturmiljø i kommunen
- auke interesse og engasjement lokalt
- lettare kunne prioritere kulturminne og miljø for bevaring og bruk
- minske tap av kulturminne og kulturmiljø
- sikre viktige kulturminne i plan- og byggesakshandsaming
- få eit betre grunnlag for å søke tilskot til bevaring og bruk
- oppnå ei felles verdiforståing og samhandling gjennom vern og bruk av kulturminne

2.3 Kva skal vi ta vare på?

Det er ikkje mogleg å ta vare på alt, og det har heller ikkje noko hensikt. Noko av meininga med ein kulturmiljøplan er å skilje ut det ein meiner er det mest verdifulle som vi bør og må ta vare på. I følgje kulturminneloven er dei eldste spora etter menneska, det vi gjerna kallar fornminne, automatisk freda. Dette gjeld alle spora av menneske frå før år 1537. Vi har mange av dei i Aukra. Dette gjeld særleg gravrøyser, gravhaugar, steinalderbuplassar, bautasteinar og nausttuffer. I Aukra er det ingen kulturminne frå “nyare tid” som er freda med eige vedtak frå kulturminnelova. Vi har likevel ei rekkje kulturminne med høg verneverdi. Nokre av desse er sikra i henhold til plan- og bygningsloven som verneområde (spesialområde vern eller omsynssonar). Dette gjeld til dømes det unike naustmiljøet i Eikremsbukta og Løvikremma. Møre og Romsdal fylkeskommune har også ein “regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi” som blei vedteke i fylkestinget i 2015. Her er det med ein del kulturminne frå Aukra.

Det er i første rekkje Plan- og bygningsloven som er kommunen sitt reiskap til å sikre dei kulturminna som vi sjølve meiner har stor verdi. Dette kan både gjerast gjennom kommuneplanen sin arealdel og gjennom reguleringsplanar.

2.4 Kulturminne sin plass i kommuneplanen

Riksantikvaren har sterke anbefalingar om korleis kommunane skal arbeide med kulturminna sine. Kulturminne, miljø og landskap må gjerast til eit viktig politisk felt i kommunen. Det må ikkje bli eit område for spesielt interesserte, men ein naturleg del av kommunen sine ansvarsområde. Alle kommunar har ein kommuneplan som styringsdokument. Denne inneheld mål og tiltak for alle ansvarsområde i kommunen. Kommuneplanen har ein samfunnsdel og ein arealdel. Eit kommunalt ansvar for kulturminne må også føre til at det vert sikra ressursar, kompetanse og kapasitet til dette arbeidet. Gode samarbeidspartnarar er også viktig, då all kompetanse ikkje finst i dei kommunale tenestene. Eit godt eksempel frå Aukra er restaurering av Horrem kvernhus. Her var spesialkompetanse viktig. Medverknad frå eigarar og frivillige er også ønskeleg.

Ein gjennomgang av Aukra kommune sin samfunnsplan viser at kulturminne og kulturmiljø ikkje har fått plass her. Samfunnsdelen nemner ikkje kulturminne, men arealdelen nemner kulturminne ved å ta med § 5.1 Kulturminne frå Plan og bygningsloven.

Kommunen må ha god oversikt over eigne verneverdige kulturminne og miljø og kartfeste desse i kommuneplanen sin arealdel. Fleire av desse må sikrast som omsynssonar.

Kulturminne av regional og nasjonal verdi er som nemnt teke med i fylkeskommunen sin Regionale delplan for kulturminne: Aukra kommune sin kulturmiljøplan har eit særleg ansvar for å skilje ut kulturminne av høg lokal verdi og sikre desse. Kulturminna må også forankrast i samfunnsdelen i kommuneplanen, slik at dette er kjent for alle.

Kulturminna er eit fellesgode, og bebruarane kan på ulik måte engasjerast. Det er difor viktig at kommuneplanen nemner kulturminne i desse samanhengane. Kulturminne inngår som viktige element ved dei fleste av turstiane i kommunen. I kommuneplanen sin arealdel er dei fleste automatisk freda kulturminna i dag kartfesta og skilte ut som omsynssone H730, medan området rundt i mange høve er sikra som LNF- område som ein buffer med omsynssone H730. Omsynssone H730 gjeld kulturminne som er freda/automatisk freda.

Dette gjeld til dømes eit stort område aust for Ormen Lange- anlegget. Det høgt verneverdige naustmiljøet i Eikremsbukta er også sikra som omsynssone H530.

Kulturminne kan knytast til folkehelse og friluftsliv, skole og reiseliv. Kulturminna er eit fellesgode, og bebruarane kan på ulike måtar engasjerast. Det er difor viktig at kommuneplanen nemner kulturminne i desse samanhengane. Kulturminne inngår som viktige element ved dei fleste av turstiane i kommunen. Aukra kommune har no eit nytt kulturhus og ein ny arena der ulike aktørar kan samarbeide om formidling og oppleving av eigen kulturminne.

Kulturminne skal forvaltast og formidlast, og det er ulike midlar det kan søkast på til restaurering og tilrettelegging. I tillegg til dette er det viktig at kommunen sjølv bevilgar eigne midlar til dette, gjerne gjennom eigen tilskotspott.

3.0 FN sine berekraftsmål knytt til kulturminne

Hausten 2015 vedtok FN sine medlemsland Agenda 2030 med 17 mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Berekraftsmåla har tre dimensjonar, der ein ser miljømessig, sosial og økonomisk utvikling i samheng. Berekraftig utvikling inneber ei samfunnsutvikling der dagen sine behov skal dekkast utan å øydelegge moglegheitene for at kommande generasjonar skal få dekt sine behov. Agenda 2030 legg vekt på at kultur, kulturarv og kreativitet har eit stort potensiale til bidrag knytt til fleire av berekraftsmåla.

Dei mest aktuelle berekraftsmålet for å verne og sikre verda sin kultur- og naturarv er **mål 3; God helse og livskvalitet, mål 11; Berekraftige byar og samfunn, mål 13; Stoppe klimaendringane, mål 14: Livet i havet og mål 15: Livet på land.**



3.1 Nr. 3 God helse og livskvalitet



Dette berekraftsmålet omfattar heile verda sin helsestatus, og er såleis eit svært stort og omfattande område. Vi kan likevel arbeide for å sikra god helse og livskvalitet for alle i eit lokalsamfunn. God helse og livskvalitet kan henge saman med kulturminne og kulturmiljø. Det er god helse i å vere ute og gå i naturen. Å gå i naturen betyr svært ofte at du også kan oppleve kultur. Dei fleste turstiane i Aukra er til dømes knytt opp til kulturminne og tidlegare bruk av områda. Å gå i natur og oppleve kultur vil gi stor glede og dermed stor livskvalitet til mange. Å oppleve kultur i eige lokalmiljø kan gi oppleving av å høyre til og bygge identitet. Dette veit vi er element i ei god helse. Generelt kan ein også seie at å arbeide med å sikre og dokumentere kulturminne også har element av god helse. Ein er med på å sikre kulturarv for seinare generasjonar og sette sine spor i framtida.

Sosial berekraft omfattar helse, livskvalitet, medverknad og lik tilgang til ressursar og godar. Det handlar også om ein stad sin identitet, å høyre til og oppleve at det er trygt og godt å leve der ein bur. Staden sin identitet har også nær samanheng med kulturminne og bygningar som pregar og gir eit lokalsamfunn eit særpreg. Alt dette er igjen knytt til god folkehelse og kva som fremjar denne. Det betyr at det er behova til menneska som er i sentrum for planlegging av lokalsamfunna. Tilgang på natur og grønne areal er viktig, dit ein har kort veg, det som blir kalla nærtur. Når menneske er i natur vil hjernen restituere seg og

stress i kroppen vert redusert. Natur og grønt blir ein kognitiv og mental buffer. Natur og kulturmiljø er viktige i dei gode lokalmiljøa. Kommunen kan sikre sosial berekraft i utvikling av ein stad gjennom regulering av areal for å sikra kulturmiljø, grøntområde med turstiar og gode nærmiljø med gode arkitektoniske kvalitetar. Her vil ein få lokale arenaer og fysiske møteplassar som folk treng. Bygningar i eit lokalmiljø er også ein viktig del av ein identitet. Gamle bygningsmiljø fortel ei historie om tidlegare liv og aktivitet, og må ha ein naturleg plass i eit miljø med moderne bygningsmasse. På Gossen er Aukrasanden og Røssøyvågen gode eksempel på eldre bygningsmiljø/kulturmiljø som skaper særpreg og identitet. Planlegging av arealbruk og sosialt berekraftig utvikling bør kommunen gjere i dialog med innbyggjarane.

3.1.1 Tur og kultur på Gossen og i Julsundet

Tilrettelegging med mange turstiar har vore prioritert i Aukra kommune, som ein del av tiltak for god folkehelse. Det er både kyststi langs havet og skogssti gjennom til dels gammal skog i Aukraskogen. Begge desse stadene er det kulturminne som gravrøyser og krigsminne. Aukraskogen er også registrert som kulturminne grunna den spesielle historia om planting av skogen. I området ved Kleivhaugen og Purkeneset ligg Ingridsteinen gravfelt, med krigsminne og mange gravrøyser. Fyrlykta på Hoksneset er også endepunkt for ein tursti. På tur mot Ørnehaugen går ein forbi den gamle husmannsplassen Futvika, der hus og fjøs står. Her ligg også staden der det vart funne ei barnegrav ved arkeologiske undersøkingar i samband med bygging av Ormenanlegget. Det er også tursti til Jærmannburet på 99 moh, fjellet på Gossen. I Julsundet er det mellom anna tursti til Fangholsetra, der det er restar av murar frå to fjøs på setra. Kulturminna er fine element i rekreasjonsområda. Mange turstiar går ved kulturminne og i kulturlandskap med spor av aktivitet som har vore. Alle turstiar bidreg på ulike måtar til trivsel og god folkehelse.



Kyststien - gravrøyser. Foto: Berit Drejer



Fangholsetra - murar. Foto: Aukra kommune

3.2 Nr. 11 Berekraftige byar og samfunn



3.2.1 Kulturarven som ressurs i byar og samfunn

Kulturminne er attraksjonar og verdifulle ressursar i samfunnet. Kulturminne skaper karakter og kjensla av å høyre til i lokalsamfunnet. Det kan berike opplevingane våre, enten vi ferdast i naturen eller går gatelangs. Dei bidreg til å skape attraktive og gode tettstader og gir lokal identitet. Kulturminne skaper nysgjerrigheit. Kulturminne er moglegheiter og har sin naturlege plass i næringsssamanheng og samfunnsutvikling. Kulturminne kan brukast aktivt i kvalitetsbevisst og berekraftig reiseliv og føre til vern gjennom bruk. Kvart lokalsamfunn må bevisst velje kulturminne og legge til rette for bruk og oppleving.

3.2.2 Demokrati og mangfald

Noreg har ein mangfaldig kulturarv frå mange tidsepokar. Det er historie på godt og vondt, og ikkje alt frå denne historia er teke vare på. Det er sagt at: "Antikvarane har luka i kulturens hage og fjerna det dei har meint var ugras." Det uttrykker at ein til tider har reindyrka det som var definert som den gode smak, gjerne med avsmak for andre sin smak. Til ulike tider og ulike deler av befolkninga er det ulike meiningar om kva ein har rekna som høgverdig, stygt og pent. Tidlegare var ein gjerne oppteken av den norske bondekulturen, medan kystkulturen vart lite verdsett. Det er også vanskelege kulturminne som gir vonde minne, mellom anna frå 2.verdskrig. Frå å vektlegge kulturminne frå eit sosialt sjikt som gjenspeglar ein liten del av historia, har ein meir og meir vektlagt eit større mangfald av kulturmiljø, knytt til lokalmiljø, kvardagsliv og ulike sosiale og etniske grupper. Dette mangfaldet av kulturminne bygger på det demokratiske prinsippet om at alle har rett til å ta del i den kulturarven dei sjølve vel, og samstundes respektere andre sin val. Kulturarv vert såleis også ein arena for å bygge demokrati, å ytre meiningar og medverke. Dette fordi kulturarv angår alle. Eit individ med reflektert historiemedvit skjønner at det er skapt av historiske prosessar, men og at det har evner og kapasitet til å påverke sin eigen situasjon og skape historie sjølv. Mange innbyggjarar i Noreg har vokse opp i andre land og har anna kulturell bakgrunn. Ulik kulturarv kan vere ein arena for dialog i eit allsidig samfunn. Noreg har også minoritetar med anna kulturarv, som den samiske. Eit viktig grunnlag for å velgje kulturminne er kunnskap om kva kulturminne eit lokalmiljø har. Kommunane har ansvar for å velgje og forvalte lokale kulturminne og kulturmiljø, og det er avgjerande for å kunne ta vare på mangfaldet.

3.2.3 Alette sin hage – kulturminne til glede i lokalsamfunnet


Eit lite kulturminne på Falkhytten er det som har fått namnet etter jordmora Alette. Det er spor etter levd liv i eit sentrumsområde som har endra seg mykje på få år.



Foto: Aukra kommune

Alette Solem (1878 - 1899) kom frå Hovdenakken. Alette vart enke og fekk hjelp av fylkesmann Alexander Kielland til å søke stipend og utdanne seg til jordmor. Ho var ei sjølvstendig og dugande kvinne som fekk jordmorstilling på Aukra. Ho vart kjend som ei dyktig jordmor i Aukra og tok seg godt av mødrene ho tok seg av. Ho gifta seg med Ludvik L. Solem, og dei bygde hus på Falkhytten i 1911. Seinare var det barnebarnet Lorentz som overtok huset. Huset vart kommunal eigedom i 2006. Lorentz stod ofte i vindauget og såg opp mot huset og ergra seg over at kommunen ikkje stelte hagen betre, - hagen som han hadde opparbeidd og sørga for å halde fin. Huset er rive, men hagen til Alette er no teken vare på, med ein del planter og to store tre som står igjen. Trea er over hundre år gamle og er i seg sjølve eit kulturminne som må takast vare på. Det er eit lite grøntareal med benkar og små stiar å rusle på. Dette er fint å kunne bruke både for dei som bur på omsorgssenteret og andre i nærområdet som ikkje har hage sjølve. Alette sin hage er eit lite minne om det som var før, og hagen har fått ein liten portal. Dette er blitt ein liten sentrumspark, på same måten som Falkeparken. Kommunen si oppgåve vidare er skjøtsel av parken, plante eit epletre som er kjøpt og sette opp informasjonsskilt som er laga.

3.3 Nr. 13 Stoppe klimaendringane



Ei viktig satsing knytt til berekraftsmål 13, å stoppe klimaendringane, er å legge til rette for gjenbruk og å sette i stand kulturminne og kulturmiljø. Det er dårleg miljøpolitikk å rive og

kaste. Her kan ein tenke vern gjennom bruk. I dei siste tiåra har det blitt aukande bevisstheit om menneska si påverking på miljø og landskap, og gjenbruk har både ein miljømessig og økonomisk gevinst. Det biologiske mangfaldet er også viktig i denne samanhengen, I Aukra er det ulike naturmiljø som ein må verne om for å sikre eit mangfald.

3.3.1 Klima og biologisk mangfald

I dagen sitt samfunn er det forventa at kommunane og andre viktige samfunnsaktørar har eit ambisiøst klima- og miljøarbeid. Innbyggarane i Aukra kommune forventar det, og gjennom ulike lov- og forskriftskrav forventar storsamfunnet at kommunane bidreg. Kulturmiljøplanen skal, saman med Aukra kommune sin klima- og miljøplan, vere ein reiskap for å møte desse forventningane.

Naturtypar, landskap og kulturmiljø er viktige for å gje stader særpreg, og det er viktig for folk sin trivsel. Element som opplevingsverdi, heilskap, variasjon, noko unikt, og fråvær av tekniske inngrep er faktorar som heng saman med oppleving av dette særpreget.

Nedbygging, oppstyking og klimaendringar er i dag dei viktigaste grunnane til at mange natur- og kulturlandskap står i fare for å forsvinne i Norge. Store utbyggingsprosjekt og jordbruk påverkar kulturlandskap og kulturminne. Klimaendringane har stor innverknad på bevaring av kulturminne. Vêret vert våtare, varmare og villare, og framover må vi forvente meir ekstremt vêr og auka påkjenningar frå naturhendingar. Heilt konkret vil store nedbørsmengder kunne føre til jordras og overfløyming av stor vassmengder som vil øydelegge kulturminne og kulturlandskap. NVE, Norges vassdrags- og energidirektorat arbeider med ei flomrisikoanalyse i nasjonal målestokk for å kartlegge område med risiko for flaum, og graden av risiko. På lokalt nivå må ein gjere undersøkingar i tråd med vassdirektivet sine føringar for å vise kva kulturminne i kvar kommune som er utsette for risiko. Det kan vere sikring av bekker og elvar, eventuelt flaumvollar, men det er då viktig at sikringstiltaka ikkje fører til skadar på kulturminne.

Det er viktig med eit godt planverk, som lyftar fram situasjonsbileta og legg føringar for kva kommunen skal gjere i tida framover for å møte desse utfordringane.

Aukra kommune legg i klima- og miljøplan 2030 føre eit hovudmål for miljø som seier at: Naturen i Aukra kommune skal forvaltast slik at planter og dyr som finst naturleg vert sikra i levedyktige bestandar.

Variasjonen av naturtypar, landskap og kulturmiljø skal oppretthaldast.

Ein langsiktig og fornuftig bruk skal bringe naturgodane vidare til framtidige generasjonar. Kulturmiljøfeltet er særleg knytt til satsingsområdet naturforvaltning og biologisk mangfald. Visjonen til Aukra kommune innan dette området er: I 2030 har Aukra kommune eit rikt natur – og kulturlandskap.

Ein kulturmiljøplan skal vere eit reiskap for å oppnå dette, men er også viktig innanfor dei andre områda: klimatilpassing, forbruk og avfall og ikkje minst haldningsskaping.

3.3.2 Klimastrategi for klimaendringane – klimatilpassing, dokumentasjon og ombruk

Riksantikvaren seier i sin klimastrategi for kulturmiljøforvaltninga 2021-2030 at klimaendringane er vår tid si store utfordring. Kulturminne, kulturmiljø og landskap vert påverka av desse endringane og vert utsette for store påkjenningar. Desse påkjenningane vil venteleg auke i åra som kjem. Vi står i fare for å miste kulturmiljø, både som følge av råte og

kjemisk nedbryting, men også som følge av hyppigare ekstremhendingar som flaum, storm og skred. Utviklinga utfordrar arbeidet vårt med å ta vare på viktige kulturhistoriske verdier og interesser.

Som følge av klimaendringane vil tap av kulturhistoriske verdier i ein del tilfelle vere uunngåeleg. Det er viktig å dokumentere prioriterte kulturmiljø før tap for å sikre kjeldeverdier og slik bidra til å samle kunnskap. Tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse er ei føresetning for å utvikle ein handlekraftig forvaltningspraksis i møte med klimaendringane. Tradisjonell og erfaringsbasert kunnskap om berekraftig forvaltning og om bruk av landskap og naturressursar bør løftast fram. Dette må også gjenspeglast i arealbruken i kommuneplanen og i samfunnsdelen. Ombruk av bygningar og allereie utbygd areal bør vurderast før nye areal vert tekne i bruk til nybygging. Det er viktig at kommunane vektlegg ein heilskapleg og langsiktig arealforvaltning der landskap og kulturmiljøinteresser vert tekne omsyn til, og integrerer omsynet til kulturmiljø i beredskapsarbeidet sitt. Det er viktig at kommunen er ein aktiv pådrivar og går føre som eit godt eksempel når det gjeld forvaltning, bruk og tilpassa ombruk. Ein kulturmiljøplan vil vere eit godt verkemiddel for slik dokumentasjon og framtidig forvaltning.

Kommunane vert anbefalte å følge opp arbeidet med klimatilpassing slik:

1. gjennomføre ROS-analyser (risiko- og sårbarhetsanalyser) for utvalde enkeltmiljø og kulturmiljøkategoriar og for kulturmiljø i utvalde geografiske område
2. fremje og formidle kunnskap til innbygarane sine om skjøtsel og vedlikehald, gjennomføring av risikoreduserande tiltak og utbetring av skader
3. integrere omsynet til kulturmiljøinteresser i arbeidet med klimatilpassing i arealplanlegging, beredskap og oppfølging av statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing
4. gje retningslinjer og føringar i arealplanlegginga for klimatilpassingstiltak som kan førebygge tap av kulturmiljø og skade på kulturmiljø

Godt vedlikehald og skjøtsel er det som best tek vare på dei kulturhistoriske verdiane til kulturmiljøa. Det er i tillegg ofte det mest økonomiske tiltaket fordi det kostar meir å reparere i etterkant enn å førebygge skader. Med berekraftsmåla som rettesnor skal vi ta godt vare på ressursane som kulturmiljøa representerer.

3.3.3 Arealplanlegging og forvaltning av natur- og kulturressursar

Det krev medvit og god kunnskap å bruke om igjen eksisterande bygg til eit nytt føremål og samstundes tilfredsstillande krav, som energikrav, brannkrav og universell utforming. Greier ein det, vil det føre til stor reduksjon av klimagassutslepp. Gjenbruk av bygg og infrastruktur, massar og materiale i større omfang, krev ei endring i haldningar. Det må etablerast regelverk og system for gjenbruk. Møre og Romsdal, og dermed Aukra kommune, skal ha ei arealforvaltning som vernar om viktige landskap, ressursar og økosystem på land og i sjø. Det inneber å ikkje bygge i urørt natur, ha god oversikt, stanse tap og restaurere viktige kulturmiljø. Likeins inneber det å verne utvalde kulturlandskap mot nye inngrep og bruksendringar, ha ei arealforvaltning som vernar dyrka og dyrkbar jord mot nedbygging og som vert vedlikehalde gjennom aktiv bruk. Vidare skal ein tilpasse og vedlikehalde eksisterande bygg og infrastruktur framfor å bygge nytt.



Brukar du ljå, gror det ikkje igjen. Foto: Aukra kommune

3.3.4 Attgroing av kulturmiljø og landskap

Attgroing av natur- og kulturlandskap grunna fråflytting, omlegging av landbruket og lite fokus på skogforvaltning har innverknad på kulturminne, dyr- og planteliv og trivselen til innbyggerane. Problematikken med attgroing og framande treartar har vore i fokus nasjonalt dei siste åra. Fleire av treslaga som er nytta i plantefelt på Gossen er utanlandske artar eller norske artar som ikkje finst naturleg i eller nær Aukra kommune. Av desse artane finn ein sitkagran, buskfuru, lerk, platanlønn og norsk gran. Alle desse spreier seg ut i terrenget på Gossen og utgjer eit direkte trugsmål mot verdifulle naturtypar. Det er særleg verdifulle kulturlandskap, som kystlyngheier og myrer som har vore utsette.

Når beitemarker og setergrender gror att, vil det biologiske artsmangfaldet i desse kulturmiljøa verte påverka og opplevingsverdien vert endra. Årsaka til dette er nok først og fremst endra driftsformer i landbruket, som mindre beite og mindre seterdrift. Dei viktigaste kulturarbeidarane utanfor dei areala som traktoren held i hevd er sau, geit og storfe, men beitedyra kan ikkje gjera jobben åleine. Ein lyt supplere med manuelle tiltak, som til dømes tynning av krattskog.

Attgroing av kulturminne er eit problem også i Aukra kommune. Eit av eksempla på dette er gardsanlegget frå eldre jarnalder, Storrisstølen i Løvika.

3.3.5 Kystlyngheia ved Småge - eit unik kulturmiljø

Kystlynghei har eksistert langs store delar av kysten i fleire tusen år, og utgjer eit vesentleg bidrag til det biologiske mangfaldet i kyststrøka. Den blei skapt i dei ytste, oseaniske strøka langs Norge sin kyst der klimaet er så mildt at småge kunne gå ute det meste av året. For å skape godt beitegrunnlag blei lyngheiane brent slik at det oppstod ein mosaikk av gras- og urtevegetasjon og lyngvegetasjon. Røsslyng er ein eviggrøn dvergbusk som det beitast på heile året, men er viktigast som fôrplante om seinhausten og vinteren. Kystlyngheiane har spelt ei viktig rolle i ressursutnytting langs kysten og utgjorde tidlegare ca. 2 % av landarealet i Noreg. Lyngheidrifta har gått sterkt tilbake i løpet av 1900-tallet. Når drifta vert redusert eller opphøyrer, gror lyngheiane igjen. Kystlynghei er no ei sterkt trua naturtype. Noreg har verdas nordlegaste kystlyngheiar og dermed eit spesielt forvaltningsansvar for dei.

Kystlyngheia ved Småge utgjør 2000 da og er verneverdig, og er jmf. Naturmangfaldsloven svært viktig. Berre 10% av kysten sine tidlegare lyngheiareal er att her i landet, og kystlynghei er rekna blant Norge sine mest truga vegetasjonstypar. Kystlyngheiene er truga på grunn av attgroing som følgje av mindre beiteverksemd, framande artar, oppdyrking, nedbygging og sur nedbør. Kystlyngheia er eit døme på eit kulturmiljø, der spelsauen som beitar på røsslyngen skaper ein dynamikk mellom biologi og naturbruk. Aukra kommune har fire naturreservat. Eitt av desse er Smågevatnet, der føremålet med vernet er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv. På Småge på Gossen finn vi dei største kystlynghei-førekomstane i kommunen. Smågeheiane er eit av dei få lyngheiområda langs kysten som ikkje gror att. Dette skuldast tidlegare lang brukskontinuitet fram til 1970, og at drifta i form av lyngbrenning no er tatt opp att på ein målretta og systematisk måte. Dei som er involverte tenker langsiktig, og effekten av verksemda viser igjen i terrenget. Andre kystlyngheiområder på Gossen er Stor- og Midt-Kjølingen utanfor Bytingsvika, holmane utanfor Røyrvika og Selneset-Ørnehaugen. Aukra kommune vil støtte opp om ivaretakinga av denne særskilte naturtypen gjennom den tradisjonelle driftsforma. Lyngbrenning er nedfelt i forvaltningsplanen for Smågevatnet naturreservat og forvaltningsplanen for statleg sikra friluftsområde. Siste lyngbrenning vart gjort i januar 2023.

Kystlyngheia	Tiltak	Ansvar - samarbeidspartnarar
Kystlyngheia	Legge til rette for og støtte opp om den tradisjonelle driftsforma med utegangar og lyngbrenning.	Grunneigarar, brukarar og Aukra kommune Statsforvaltaren
Jordareal	Ha ei arealforvaltning som vernar dyrka og dyrkbar jord mot nedbygging og som vert vedlikehalde gjennom aktiv bruk.	Grunneigarar Aukra kommune

3.3.6 Aukraskogen – skogen på prestegarden



Gravrøysa frå bronsealder. Foto: Aukra kommune

Aukraskogen var det første statlege skoganlegget i Romsdalen. Mannen bak dette er prest og botanikar Christian Kaurin, på Aukra frå 1871. Kaurin søkte i 1874 Opplysningsvesenets fond om støtte til å opparbeide eit plantefelt på prestegarden. I 1876 kom plantinga i gang, og dei neste tre åra vart det planta 26 300 planter. Det var norsk furu, buskfuru, kvitgran og lerk. Mot Tangen vart det planta bøk, og feltet er i dag omtalt som bøkeskogen på Gossen. I 1908 – 1913 vart det i området sør for Bonbakken og ved Hukkelberg sett ut 20 000 planter. I 2012 vart det registrert europalerk, kvitgran, edelgran, platanlønn, bergfuru og bøk i skogen. Det veks bøk mot ferjekaia, og dei eldste trea er av dei som vart planta på 1870-talet.

Skogen er rekreasjonsområde med turstiar. Inne i skogen ligg det ei stor gravrøys, truleg frå eldre bronsealder. Aukraskogen er no eit statleg sikra friluftsområde og kulturminne. I januar 2023 vart nytt informasjonsskilt sett opp.

Det er viktig at den spesielle historia til skogen blir kjent, og at skjøtsel av skogen står som tiltak for å ta vare på kulturminnet. Dei framande artane som vart planta av Kaurin er med på å gjere Aukraskogen til det spesielle, verneverdige kulturminne som det er. Difor er det viktig at desse artane vert tekne vare på og skjøtta på ein god måte i framtida. Dette må også kome fram i reguleringsplanen og reguleringsføresegnene.

Tiltak	Ansvar - når
Skjøtsel og uttak av skog i tråd med reguleringsplan og føresegner som sikrar Aukraskogen som kulturminne.	Aukra kommune Fylkeskommunen Ved behov.

3.3.7 Leplantefelt og Aukraskogen

Aukra kommune har utarbeidd forvaltningsplanar for leplantefelta på Gossen og for Aukraskogen. Begge planane legg fram løysingar der ein kan gjennomføre eit balansert skogbruk og tek føre seg problematikk med framande treartar. Plan for forvaltning av

leplantefelt på Gossen med oversiktsplan skal vere ein reiskap for å forvalte leplantefelta. Den inneheld prioriteringar, men føreset ikkje ei konkret gjennomføringsplan. Forvaltningsplanen for Aukraskogen føreslår konkrete tiltak for å oppretthalde ein god tilstand på verneskogen, og legg til rette for ein vidare detaljert framdriftsplan for hogst av einsarta skog og erstatning av denne. Dette fordrar likevel eit stort arbeid som krev vilje, tid, kompetanse og midlar. Her er det særleg viktig å sikre Aukraskogen som kulturminne. Dei framande artane gjorde dette til eit særers verneverdig kulturminne på same måte som Retiroskogen i Molde. Her er det med andre ord viktig å ta vare på dei opphavlege framande artane frå 1800-talet, medan ein samstundes hindrar spreiding. Ein må også vere varsam med uttak av skog der det ligg kulturminne. Dette gjeld i Aukraskogen, men også ved Løvik kystfort ved Ingridsteinen og Storristølen i Løvik. Det er eit arbeid som må skje i tett dialog med kulturavdelinga i fylkeskommunen. Skogen er verdifull både som karbonlager, energikjelde og som ein fornybar ressurs som kan erstatte produkt basert på fossile ressursar. Som ein hovudregel må ikkje karbonlager i skogen reduserast. Det vil seie at det må vere ein balanse mellom ny skog og uttak av skog. Skogen er også eit viktig økosystem med stort biologisk mangfald som må ivaretakast. Balansert uttak og tilvekst sikrast gjennom forvaltningsplanar. Det vart gjort uttak i skogen i januar 2023, mellom anna rundt den store gravrøysa inne i Aukraskogen.

3.3.8 Torvtaking og myrer

Før var torv vanleg å brenne for å få varme i huset. Torv vart spadd frå myrene, og i Aukra var det mykje utmark med myr.



Torvehola, reiskapen og torv til tørk. Foto: Alf A. Sæter

Påskeliljemarka og myrane er eksempel på biologisk mangfald og naturmiljø.

Liljá

Namnet Liljá er inspirert av den flotte påskeliljemarka på Gossen. Det er presten Alexander Borch, prest i Aukra 1696 - 1725, som har fått æra for å ha planta påskeliljene som seinare spreidde seg og vart til Påskeliljemarka. Den beste kjelda vi har om dette er protokollen frå ein bispevisitas i Aukra kyrkje 14. august 1749. Der skriv biskopen: «På en jorsalfarsreise bragte Borch med seg påskeliljer som han plantet på Agerøe.»

Opp gjennom tidene har det utvikla seg mange myter og fantasifulle historier som skal forklare korleis og kvifor påskeliljene kom til markene ved prestegarden på Gossen. Her er nokre av dei: Alexander Borch var prest i Aukra frå 1696 til 1725. Omkring 1720 reiste han på pilegrimsferd til Jerusalem. Frå hagen ved

Golgata stal han nokre påskeliljeløkar som han tok med seg heim. Han angra seg, og skreiv følgjande: «Så sant det er at det intet av disse løker gror, så sant det er at jeg ikke sjelefred får på denne jord. Jeg derfor kaster løkene øst for Aukra kirke.» Påskeliljemarka er med andre ord prøvet på at aukrapresten Alexander Borch har fått tilgjeving og sjelefred!

I eit kapittel om Påskeliljemarka i jubileumsboka «Aukra kyrkje 150 år» står ei anna historie. Det skal ein gong ha vore ein prest på Aukra som la ein bukett påskeliljer på grava til kjærasten sin. Denne buketten er opphavet til Påskeliljemarka. Same kva hending som gav Gossen Påskeliljemarka, er den eit flott syn og til glede for alle kvar vår.



FOTO: AUKRA KOMMUNE

Myra

Myr er eit økosystem der omdanning av dødt organisk materiale og planterestar går så seint at det dannar seg delvis nedbrote materiale på minst 30 centimeter. Myrdanninga skjer i område der nedbøren er høgare enn fordampinga, slik at det vert overskot av vatn i jordsmonnet. Her i landet starta myrdanninga like etter siste istid, og dei eldste avsetningane er 8000 – 10 000 år gamle. Myr er det mest av i område med kjøleg klima. I Noreg er det om lag 30 000 kvadratkilometer myr. Det utgjer om lag ni prosent av det totale landarealet. Myrene er viktige beite- og jaktområde for fuglar og dyr, og hekkeplassar for mange fugleartar. Myr er lett dyrkbar, og særleg næringsrik myr blir drenert og dyrka i stort omfang. Det er derfor oppretta fleire myr- og våtmarksreservat, der mange er internasjonalt verneverdige.

Undergrunnen i myra er torv. Ordet torv kjem av det norrøne ordet torf. Torva vert danna av mose, urter, buskar og mindre tre, i område der det er mangel på næringsstoff og oksygen. Torv vert vunne ut og i hovudsak brukt til brensel. Den vert også brukt til jordforbetring, slik som torvstrø. Årleg vert det på



FOTO: HERBERT2512 / PIXABAY

verdsbasis vunne ut omkring 30 millionar tonn torv. Torv som brensel er kjent heilt frå sagatida. Torv vart grove ut frå myra med ein flat torvspade og stabla mot kvarandre for tørking. Moderne torvdrift skjer maskinelt. Torv blei brukt til brensel i Noreg fram til 1950-åra, då utbygginga av elektrisitet skjedde, og oljefyring blei teke i bruk. Under begge verdskrigane var brenntorvproduksjonen viktig. Myr lagra store mengder karbon, mykje meir enn skog. Tek du ut torv, tek du ut eldgamle karbonlager. Dette bidreg til den globale oppvarminga, og er då eit klimaproblem. I klimaperspektiv må torva få ligge ubrukt og vere gode karbonlager.



FOTO: ALF A. SÆTER

4.0 Aukra kommune i historisk perspektiv

Kapittelet viser ei historisk oversikt over livet i Aukra kommune. Vi ser også korleis Aukra si historie føyer seg inn i ein del tidstypiske trekk og er ein del av ei større regional og nasjonal historie.

Kring 1870 skal det framleis ha vore bevart mellom 200-300 røyser og steinringar, samt tufter og bautasteinar. Mykje av dette er i dag å rekne som tapte kulturminne. Nils Parelius sine registreringar i åra 1965-1967, med hjelp av lokalkjente, vart samla i boka «Oldtidsminner i Aukra kommune». Dette arbeidet har vore av stor verdi for seinare tids arkeologisk registreringsarbeid.

4.1 Aukra kommune si historie

Namnet Aukra kan ha opphav frå det norrøne aukrin som tyder ei naturleg eng. Dette er eit såkalla vin-namna og er av dei eldste kulturnamna og tydar på kultivering av jorda. Det meste av kommunen er øya Gossa, ei lavlandsslette med høgste punkt Jærmannburet, 99 m.o.h. Øya har form som ein uregelmessig firkant med vågar inn frå aust, nord og vest. Den midtre delen av øya har opphavleg vore ei stor myr. Berre kystranda var oppdyrka og bebudd. Fastlandet av kommunen på austsida av Julsundet er ei meir eller mindre skrå strandflate frå fjellpartiet mot nabokommunen Hustadvika og vestover mot sundet.

Aukra kommune har ei rik og unik forhistorie som spenner over eit langt tidsrom. Frå dei tidlegaste registrerte busettingane i Noreg, etter at isen trakk seg tilbake etter siste istid og fram til gasseventyret vi i dag er ein del av. Spora etter menneske strekker seg i Aukra over ein periode på nærare 12 000 år.

Det er vi som lever i dag som må ta ei avgjerd i høve til kva verdi desse fortidsminna skal ha for vår samtid og for nye generasjonar i åra som kjem.

Den kulturskatten som Aukra representerer bør bli løfta fram. Det er eit ønskje at det vidare kulturarbeidet skal gje eit innsyn i ei lang tidslinje og ei mangfaldig historie. Dette gir oss noko å vere stolt av, og seier noko viktig om kven vi er og kvar vi kjem frå. Kulturminna våre skal gi grunnlag for å bygge næring knytt til eigenart og historia, samt sørge for at dei som kjem på besøk til Aukra finn gode grunnar til å komme attende til kommunen.

Kulturminna er dei viktigaste kjeldene vi har til kunnskap om utviklinga av samfunnet vårt og det miljøet vi bur og lever i. Ein kulturminneplan skal gje oversikt over kulturminneverdiane i kommunen, og skal vere eit nyttig verktøy for vidare arbeid med kulturminnebevaring innanfor kommunal planlegging. Det finst mange kulturminne som ikkje er freda, men som bør takast vare på. Desse bør ein identifisere og verdsette slik at ein kan ta omsyn til dei i plan- og byggesaker. Ikkje alle spor etter fortida kan eller skal vernast, men vi må sjå kulturminna som ein ressurs for vår eiga tid, og samtidig som ein ressurs vi forvaltar på vegne av framtida.

4.2 Steinalder (9500-1800 før Kr.)

Då dei første menneska kom til Mørkekysten og Aukra for om lag 11 500 år sidan hadde vi eit arktisk klima, om lag som på Svalbard i dag. Isen var i ferd med å trekke seg tilbake. Jakt, fiske og sanking av ulike planter danna basis for livsgrunnlaget, og ein var avhengig av å kunne ferdest i båt. Tradisjonelt går denne busettinga under namnet Fosnakulturen, oppkalla etter dei første buplassane som blei oppdaga av arkeologen Anders Nummedal i

Kristiansund tidleg på 1900-tallet. På Aukra er det funne spor etter ei rekkje Fosnabuplassar. Fleire blei funne ute på Nyhamna, i samband med etablering av Ormen Lange-anlegget, men det er også funne slike mange andre steder, til dømes nær prestegarden på Tangen. Til saman vart det funne 375 000 arkeologiske gjenstandar under utgravingane på Nyhamna. Desse er oppbevart på Vitenskapsmuseet i Trondheim. Dei fleste av desse er frå steinalderen, tidsrommet frem til ca. 1800 f. Kr., men det blei også funne spor etter busetnad frå bronsealderen og jernalderen. Det er sett opp informasjon om dei eldste buplassane på Nyhamna på fleire skilt ved turstien ut til Ørnehaugen. Her er det også sett opp informasjon om funn av. Det vart også gjort funn av det som er tolka som steinsette branngraver frå steinalderen, eit dødsrituale som ikkje tidlegare er funne i Noreg. Av dei 232 automatisk freda kulturminna i kommunen, er det eit markant innslag av lokalitetar datert til steinalderen.

I perioden som vert omtala som den yngre delen av steinalderen (ca. 4000-1800 f.Kr.) vart det etablert ei meir bufast livsform med jordbruk og åkerdyrking. Dette vart eit markant skilje i livsførsel. Husdyrhald ga nye høve til livberging, i eit klima kor eksistensen ofte må ha vore av ein marginal karakter med tanke på dei ressursane ein kunne gjere seg nytte av. Dei første kjøtt, mjølk og ull til å lage seg klede. Men utmarksbruken med ei vektlegging på sanking av plantekost, og jakt og fiske innanfor ein vidgreina veidemannskultur, stod framleis for ein heilt sentral del av mennesket si livberging.

På Aukra er det funne mange flotte flintdolkar frå siste del av yngre steinalder. Desse er vitnesbyrd om omfattande jordbruk. På Eikrem er det også funne eit større depot av flintgjenstandar frå denne perioden. Funnstaden er merka med informasjonsskilt på ein av kulturstiane nær Ormen-anlegget.



Flintdolke frå Riksfjord. Foto: Ole Bjørn Pedersen

4.3 Bronsealder (1800-500 før Kr.)

Jordbrukskulturen vart enno meir sentral i denne perioden. Fehald i gardsdrifta vart ein viktig del av levemåten i Noreg i bronsealderen. Nemninga bronsealderen heng saman med kunnskap om å lage bronsegjenstandar i form av smykke, reiskap og våpen. Det er ikkje så vanleg å finne bronsegjenstandar frå bronsealderen i landet vårt. På Gossen er det funne ein

spydspiss og to små økser. Det spesielle med Aukra er at ein også har funne gullringar frå bronsealderen. Dette er svært sjeldne gjenstandar som det berre er funne nokre få av i Skandinavia. Desse gullringane er avbilda på kommunevåpenet til Aukra. Dei blei funne på Aukratangen i 1936, nær ferjeleiet. Den eine ringen forsvann. Ringane viser at det truleg har vore eit høvdingsete på Gossen i bronsealderen, truleg lokalisert til Aukratangen. Her finn vi også restane etter nokre store gravrøyser som kan vere frå denne perioden, og som støttar opp om tankane om mektige slekter og ættegardar. Samlinga med «bronsealderrøyser» på Tangen skil seg ut som ei av dei mest markerte i vårt fylke. Ute ved kyststien innanfor Rindarøya ligg det også fleire store gravrøyser som kan vere frå bronsealderen.

Den eine av gravrøysene på Tangen, som dessverre blei øydelagt av tyskarane under krigen, skal ha hatt eit tverrmål på meir enn 30 meter. Dette er den største registrerte kystrøysa i stein som er kjent i Romsdal. Røysa er i dag restaurert. I Aukraskogen ligg det også ei stor gravrøys der det er sett opp informasjonsskilt. Røysa vart med god hjelp frå frivillige, i samarbeid med arkeologisk fagmyndigheit hos Møre og Romsdal fylke, samt private firma rydda fram i dagen i 2006.

4.4 Jernalder (500 før Kr. – 1030 etter Kr)

Nemninga på tidsperioden heng saman med at ein fekk kunnskap om bruken av jarn til reiskap og våpen. Jarnet blei i motsetning til bronzen sett på som eit meir «demokratisk metall». Det var langt fleire som hadde høve til å utnytte dette metallet. Samtidig blei reiskap og våpen betre, men også farlegare. Vi veit førebels ikkje om stadar i Aura der det var vunne ut jarn i førhistorisk tid. Kanskje var ein avhengig av «å kjøpe» jarn frå dei som produserte jarn i omnar på Vik og Nerås i Vestnes i store deler av jernalderen.

Jernalderen er eit markant skilje i høve historisk kjeldebruk, for i jernalderen kjem skriftspråket inn som ei sentral kjelde til seinare historisk gransking, i tillegg til det arkeologiske materiale frå tidsrommet. Vikingtida utgjør siste del av denne perioden (800-1030 e.Kr.) og vidarefører som i bronsealderen høvdingsetet og ættemakta sin symbolske bruk av monumentale gravrøyser i kystlandskapet. I Aukra kommune er det gjort ei rekkje registreringar av gravrøyser og gravhaugar. Det er noko problematisk å tidfeste gravminna eksakt, men dei fleste vi finn spor etter i Aukra er nok frå jernalderen. På Eikrem er det sett opp skilt med m.a. informasjon om ei båtgrav frå vikingtid funne på garden, medan det ved Ingridsteinen i Løvika er sett opp skilt med informasjon om det store gravfeltet som ligg ved stien ut til kystfortet frå 2.verdskrigen.

Handelssamkvem mellom langvegsfarande sjøfolk og erobringstokt er noko som mange forbind med vikingtida. I jernalderen vart gardssamfunna i enno større grad enn i bronsealderen godt etablerte. Driftsforma nytta store areal, som omfattar slikt som jakt, fiske, seterdrift og sinking av bær. Kanskje hadde ein på denne tida fått etablert gjetarpraksis i utmarka når tala på husdyr auka. Dette var eit arbeid utført av born. I ytre delar av fylket og i kystkommunen Aukra vart sjøen ein aukande ferdselsveg og næringsveg med utstrekt handelssamkvem utover i jernalderen. I ei grav frå Eidskrem og ei frå Nerbø er

det funne gjenstandar som vitnar om kontakt med det romerske rike på 3-400-tallet e.Kr., enten direkte eller indirekte. På Storristølen i Løvika er det registrert eit gardsanlegg med synlege tufter og ei rekkje gravminne i området rundt. Også her er det ei datering til 400-talet.

4.5 Mellomalder (1030 -1537 etter Kr.)

Ifølgje sagaskriftene vart Noreg samla til eitt rike og styreforma vart meir konsentrert om ei sentral kongemakt. Det kom i staden for alle småhøvdingane si desentraliserte maktutøving som rådde før dette. I Romsdal vart kyrkjestaden på Veøya etablert allereie på 900-talet med ein etterkvart samlande geistleg funksjon for regionen. Her utvikla det seg til ein kjøpstad i form av eit tidlege byliknande samfunn.

I 1349 kom svartedauden til landet. Pesten, som kom i form av ein epidemi, medførde ei halvering av folketalet i eit tynt busett land, og mykje dyrkingsjord vart liggande brakk. Som ein langtverkande konsekvens av pesten, mista kaupangane langs kysten sin posisjon, men det vaks fram ny og blomstrande handelsverksemd basert på fiskevær. I siste halvdel av mellomalderen var Bud i Romsdal og Grip utanfor Kristiansund ein periode dei mest sentrale handelsstadene mellom Bergen (Bjørgvin) og Trondheim (Nidaros). Dette var med grunnlag i fiskeria.

4.6 Nyare tid (1537 - i dag)

I tida etter reformasjonen vart fiskeria på kysten viktig og førte med seg endringar når det gjaldt demografisk når det gjaldt busetting. Dei reine kystområda fekk auka innbyggartal, og det gjaldt også Aukra, med sentrale levevegar knytt til sjøfart og fiske. Frå slutten av 1500-talet var ikkje fisket like godt, og folketalet inne i fjordane steig. For Aukrasamfunnet var dei naturgjevne føresetnadene for sjødrift og fiskeri framleis rådande. Kystbefolkninga si historie og mentaliteten i fiskarbaserte samfunn handlar mykje om å leve med og akseptere store variasjonar frå sesong til sesong. Fiskarbonden er eit omgrep som passar godt på denne levemåten og som nok var det typiske for Aukrasamfunnet (sjå s. 26).

Ein vesentleg årsak til tidlegare migrasjon (innanlands flytting) frå dalstrøk til fjordane og kystområda, baserte seg på at det oftare var sikrare livsutkomme å drive vekselbruk på kysten, enn å drive ein mindre gard eller ein husmannsplass i innlandet.

For fiskeribefolkninga i Aukra handla det om ein meir allsidig bruk av maritime naturressursar, enn berre dei årvisse og sesongbaserte fiskeria etter torsk og sild. Oterjakt for å få tak i verdifullt pelsverk, småkvalfangst, brugdefiske, størjefiske, sanking av måse-egg og kobbejakt er òg ein del av ein maritim veidekultur (veidekultur = samfunn som i stor grad baserer seg på jakt, fiske og sanking). Ein livbergingskultur som i lang tid vart drive ved hjelp av berre råsegl og årar i opne båtar om trerøringar, samt åttringar og seinare listertypar. Den historiske skilnaden mellom fiskarane i dei ulike regionane omfatta ein materiell og ein ikkje-materiell kulturskilnad innanfor bruk av spesialbygde båttypar. Dette gjaldt også reiskapsbruk og tradisjonar knytt til det ein kan kalle generasjonsoverlevert «taus kunnskap».

Tradisjonen med væreigarsystemet fremma ei leveringsplikt frå fiskarane til væreigarar på stader som Ona. Leveringsplikta til væreigar som utrusta fiskarane med utstyr til sjødrifta

gjorde fiskarane avhengige av væreigaren. Fiskarane var ofte bygselhusmenn, og båtlaga dei inngjekk i måtte sette seg i skuld via borg hjå væreigar. Same mann og slekt var også sjøbueigar, dreiv med frakteskuter og hadde ei vidgreina handelsverksemd. Ein slik økonomi skapte difor lokale handelsmonopol. Nokre historikarar har peika på at ei slik økonomisk avhengigheit mellom fiskar og væreigar har føydalliknande trekk. På Ona i Sandøy varte væreigarsystemet heilt fram til 1902.

Mekanisering av fiskeflåten gjorde seg gjeldande frå siste halvdel av 1800-talet og framover mellomkrigstida. Romsdalsfiskarane var tidleg ute med å mekanisere fiskeflåten. Ein heilt sentral inspirator i den samanhengen var Nils N. Finnøy på Finnøya i Sandøy. I 1922 hadde han hatt fleirtalet av dei vel 20 personane som hadde etablert seg som drivarar av motorfabrikkar innan maritim industri i fylket som lærlingar. På Romsdalskysten vart Nils Finnøy sine patent på mekanisk fiskereiskap, og den maritime industriutviklinga i Røssøyvågen på Gossen viktig for å skape innovasjon. Nils Finnøy sine mekaniske garnspel vart stilt ut og premiært som norsk bidrag på verdsutstillinga i Paris i 1898.

4.6.1 Ferdelsesveggar og kommunikasjon

Losordninga og ei auke i bemanna fyrstasjonar innanfor eit offentleg fyrvesen, skulle komme til å spele ei viktig rolle langs heile Norskekysten, når det gjaldt sikrere ferdselstid og kortare leveringstid av varer og tenester. Frå midtre delar av 1800-talet betra tilhøva seg for den reisande grunna enklare transportformer for passasjerane. Frakting av gods vart mogleg over større avstandar enn før. Nye samferdselformer skaper nye moglegheiter for transport, og overgangen frå robåt og gangsti til gode kjerrevegar og dampskipstrafikk med «lokalen» var heilt avgjerande for samfunnsutviklinga.

For lokalbefolkninga ved fjordar og langs kysten vart det vesentleg enklare å ferdast i Romsdalsregionen eller mellom kystbyane i fylket når ein fekk passasjer- og godsbåtar. Den første dampskipsruta mellom Gossen og Molde kom i 1870 og hadde ei tid berre to avgangar i månaden. På grensa mellom Fanghol og Hollen i Julsundet er det restar etter eit parti av gamlevegen med stabbesteinar som bør takast vare på. På Eidskrem finn ein også spor etter gamlevegen med ein bevart rodestein. Her stod det også tidlegare ein stein med gards- og bruksnummer på som no er flytta til den aktuelle garden. På Norigar´n på Eikrem er det også bevart ein gamal rodestein.

4.6.2 Kyrkjehistorie

Aukra prestegard er ein del av Nord-Aukra mellomalderkyrkjestad. Første gong nemnt i skriftlege kjelder i 1495, men truleg blei det bygd kyrkje på Aukra tidleg i mellomalderen, kanskje allereie på 1000-1100-talet. Den siste katolske presten i Aukra vart kalla «Meister Harald». Ifølgje Diplomatarium Norvegicum gav han seks tønner øl, ein stut, to bukkar, samt geiter og fjørfe i samband med riksmøtet i Bud i 1533. Kyrkjestaden på Gossen er automatisk freda som kulturminne. Vi veit at det har stått fire kyrkjer der, som alle har vorte råka av brann grunna lynnedslag. Noverande kyrkje er frå 1835. Mellomalderkyrkjegarden er freda og strengt regulert i forhold til retningslinjer gitt av Riksantikvaren.

På kyrkjegarden på Aukra er det fleire graver som det bør takast særleg omsyn til. Dette gjeld m.a. minna etter dei russiske krigsfangane som døydde på Gossen under krigen. Det ligg ikkje føre ei god oversikt over graver som det bør takast spesielle omsyn til. Det bør difor også utarbeidast ein verneplan med oversikt over gravplassen sine kulturhistoriske verdiar, slik det er gjort ein del stadar i Møre og Romsdal. Ein vegleiar for utarbeiding av verneplan for gravplass blei utarbeidd i 2018 av Den norske kyrkja og kvalitetskontrollert av Riksantikvaren. Verneplan og føresegner skal heimlast i «Forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd» (gravferdsforskriften) som tredde i kraft 1997.

4.6.3 Niels Juel Drejer – aukrapresten som ikkje kom fram til Eidsvoll i 1814

Då det skulle veljast utsendingar til grunnlovjevande forsamling på Eidsvoll i 1814, var det kyrkjer rundt om i Noreg som vart vallokale. Dette var dei såkalla valkyrkjene, og Aukra kyrkje vart valkyrkje. Denne kyrkja vart rive i 1835, og ny kyrkje bygd på same staden. Det er den kyrkja som står i dag. Nokre år etter dette valet, kom det ein sokneprest til Aukra som hadde ei spesiell historie knytt til vala i 1814.

Denne presten var Niels Juel Drejer. Han var dansk, og i 1823 utnemnt til sokneprest i Aukra, eller Agerø. Kopi av tilsetjingsbrevet frå kong Carl Johan på Stockholm slott finns framleis. Før han kom til Aukra, var Niels Juel Drejer sokneprest i Hammerfest. Niels Juel var fødd i 1775 i Fyn, truleg på øya Taasinge. Han døydde i Molde i 1862. Han var gift med Christiane Christelsine Outzen. Ho var også dansk. Det var gjennom denne familien at namnet Outzen kom til Molde og distriktet rundt. Presteparet hadde ein son og fire døtre. Alle dei fire døtrene vart fødde på Aukra.

Tronarvingen Christian Frederik bestemte at det skulle vere val til ei grunnlovjevande forsamling. Dette var i april 1814. Store avstandar og storm langs kysten gjorde at kunngjeringa og instruks om vala først nådde Nordland 20.mars, og amtmannen i Finnmark fekk same post først 14. april. Det var fire dagar etter at Riksforsamlinga hadde kome saman. Forhandlingane på Eidsvoll kunne vare ei stund, så sjølv om vala skjedde seint i nord, kunne representantane få med seg noko av forhandlingane. Valet vart bestemt gjennomførte frå 24.juli til 1.august i Tromsøe Kjøpstad. Men før valmennene møttest, kom det beskjed frå Eidsvoll om at grunnlovsamlinga på Eidsvoll var gjennomført og avslutta. I staden for representantar til Eidsvoll, skulle dei no velje representantar frå amtet til landet sitt første Storting som skulle haldast i februar 1815. Niels Juel Drejer vart, saman med to andre representantar, valte til Noreg sine første stortingsmenn. Seinare vart det likevel valt andre representantar, og Niels Juel Drejer kom likevel ikkje til Eidsvoll og Stortinget. Niels Juel Drejer vart tilsett som sokneprest i Aukra i 1823. I brevet står det mellom anna:

“Wi Carl Johan af Guds Nåde, Konge til Sverige og Norge de Gothers og Wenders, gjør vitterlig, at vi overenstemmende med den af Os i Vort Statsråd tagen beslutning, nådigst have beskikket og forordnet, så og hermed beskikke og forordne hidtilværende Sogneprest for Hammerfest og Mådsøe Menigheder i Vestfinmarks Provstie under Nordlands Bispedømme, Niels Drejer, som har de i Rigets grundlov fastsatte Egenskaber, til herefter at være Sogneprest for Agerøe menighet i Romsdals Provstie, Trondhjems Stift ...”



Foto: Riksantikvaren

4.6.4 Bygselhusmenn

Etableringa av bygselhusmenn i Møre og Romsdal nådde ein topp i tidsperioda kring 1780 – 1880. Eit døme kan vere dei tidlegare husmannsplassane Harbraken i Julsundet, Steffensplassen på Gossen (Horrem gnr.3, bnr.9) og Futvika på Eikrem. På Harbraken kan ikkje vilkåra for ei husmannskontrakt seiast å ha vore tidstypiske, for brukar hadde berre to dagar pliktarbeid og svara ikkje bygselavgift til jordeigar. Ei meir typisk kontrakt i regionen hadde ofte nedfelt 10-20 dagar pliktarbeid. Første brukar på Steffenplassen på Gossen, Steffen Pedersen var innflyttar frå Nordfjord og fekk i 1778 ti riksdalar i premie for nyrydding av plassen. På Steffenplassen syner folketeljinga at det i 1865 var ein buskap på to kyr og fem sauer. Etter skuldsettinga og bygga å døme kan Steffenplassen sjåast på som ein husmannsplass som var meir å rekne som ein liten gard, trass i at det ikkje var eit sjølveigande bruk. Skilnaden på ein gard og ein husmannsplass var ofte ikkje markant på våre kantar av landet.

Det før-moderne jordbruket som var sterkt prega av manuelt kroppsarbeid og mange sysselsette på bygda, vart frå siste halvdel av 1800-talet og framover prega av ein aukande grad av maskinbruk. Det letta arbeidstilhøva for den enkelte gardbrukar, men ein konsekvens av aukande mekanisering i landbruket vart lågare etterspurnad etter arbeidskraft i lokalsamfunna. Befolkningsoverskot i bygdelaga medførde flytting for arbeidsføre tenestefolk til industrireisninga i byane, og ikkje minst emigrerte ungdom frå husmannsplassar og gardbrukarsøner utan odelsrett til Sambandsstatane og Canada.

For den store gruppa av husmannsfamiliar vart emigrasjon eller å ta seg lønsarbeid løysinga, og det la fleirtalet av husmannsplassane øyde. Andre viktige faktorar som spelte inn i regionen og nasjonen elles når det gjaldt husmannsvesenet, var ei aukande misnøye med å vere lågast nede på rangstigen i eit klassesdelt bondesamfunn. Jordlova av 1928 ga husmenn rett til innløyising av plassane, og det medførde ei statusheving for husmenn. Dei vart sjølveigande småbrukarar. For Aukra sitt vedkommande peikar tilhøva på ein heller låg grad av sosial skilnad mellom husmann og gardeigar i kvardagsleg og praktisk forstand, men skilnaden på å eige jord og å leige jord var markant juridisk og sosialt.

4.6.5 Fiskarbonden

Fiskarbonden var historisk sett mest fiskar og i meir avgrensa grad gardbrukar i dei ytre delane av Romsdal. I dei indre delane av regionen var han som hovudregel meir gardbrukar enn fiskar. I Aukra var fiskarbonden sterkt involvert i og avhengig av dei ulike sesongbaserte fiskeria. Slik vekselbruk var ein garanti for å sikre livsutkomme. Det før-moderne jordbruket og fiskeria var basert på bruk av tilgjengelege naturressursar i eit naturalhushald, men for kystfiskaren kom marknadsøkonomien tidlegare inn som ein del av kvardagen enn kva som var tilfellet i reine innlandskommunar. For å kunne drive sjøen måtte fiskaren ha kone og born heime som sørge for at han vart utrusta til sjøferd, som tok hand om gardsdrifta med dyra på båsen, og som stelte heimen og tok hand om ungar.



Høyonn. Foto: Aukra kommune

Inntekta frå fiskeria var ofte heilt avgjerande for om familien opplevde akseptabel livberging eller svolt i heimen. Fiskarbonden kan seiast å vere ein historisk «skapnad» frå Agderkysten til Finnmark, men med ulike variantar tilpassa næringsgrunnlaget der ein levde. Fiskarbonden og husmannen skilde seg frå kvarandre når det gjaldt eigedomstilhøva, men i levesett og i yrkesrolla med fleirbruk som basis, peikar kjeldene mot at det ikkje var stor skilnad på ein sjølveigande fiskarbond og ein bygselhusmann på Romsdalskysten.

4.6.6 Omgangsskolen og fastskolen i Aukra

Skoleordninga i Agerø Herad, som seinare ein periode vart heitande Nord og Sør-Aukra kommunar, var som elles i landet prega av tilfeldig og ujamn undervisning av skoleborna under omgangsskoleordninga. Ein skolelærer eller skolemeister kunne gå mellom gardane og gje borna undervisning berre nokre få veker i året, men trass i rein sporadisk skolegang var dette å betrakte som ei gryande sosial reform. På eit møte på Aukra prestegard i året 1742 deltok soknepresten for Agerø og amtmannen for å få til ei form for skolegang for born i skulealder. Omgangsskoleordninga vart deretter utvida og forbetra, men bar preg av å ikkje vere tilfredsstillande fram til staten gjorde ei stor skolereform ved innføringa av fastskoleordning frå 1860.

Fastskolen vart viktig for å avskaffe analfabetisme i Noreg. På Gossen vart det tidleg bygd eigen fastskole. Solem gamle skole vart bygd i 1863 og teke i bruk frå 1864. Skolestova

inngår i dag som ein del av Fiskerimuseet på Hjertøya. I Julsundet fekk ungane gå på fastskole på Fanghol skole frå året 1886. Den var i bruk fram til krigsåret 1940. Skolen vart etter kvart seld til ein privatmann på Harøya, og ny Fanghol skole vart sett opp på dugnad i 1941. Denne er i dag nytta som aktivitetshus og er i kommunal eige. I krinsen Sporsem på Gossen stod det ferdig ei skolestove til bruk for lærar og born i 1890. Denne er i dag i privat eige som privat bustad, men eksteriørmessig er bygningen godt bevart. Skolen vart etter kvart seld til ein privatmann på Harøya, og ny Fanghol skole vart sett opp på dugnad.

4.6.7 Lag og organisasjonar

Innanfor organisasjonslivet skjedde det mykje frå siste del av 1800-talet, både sett i eit nasjonalt og eit lokalt perspektiv. I Aukra, som mange andre stader, fekk ein ei rekkje nye foreiningar i lokalmiljøet som sprang ut frå samfunnsengasjement. Avhaldssaka og måtehaldsrørsla, målsak, skyttarlag, misjonsarbeid, søndagsskular for born, og fagorganisering innanfor arbeidarrørsla, samt bondeorganisasjonar er nokre døme. I tillegg vaks det i ei noko seinare fase fram ein god del foreiningar og lag som hadde interesse for kulturaktivitetar og idrett. Langt fleire enn dei som er trekt fram her kunne ha vore nemnt. Den første foreininga i Aukra var Eikrem og Hoksnes Kvindeforening som vart stifta i 1864. Foreininga eksisterte framleis i 1964 og feira då 100-års jubileum. Foreininga vart etablert av ekteparet Ane og Kristoffer Eikrem og arbeidde for Den Ytre Sjømannsmisjon. På det meste var det 25 medlemmar.

Hjertvik Misjonssambandforening vart stifta i 1895. I 1899 hadde foreininga 19 medlemmar, der fleirtalet var kvinner. Hovudmålet var å samle inn pengar til misjonsarbeid, og å vere i lag om ei kristeleg samlingsstund. Foreininga var medlem av Kinamisjonsforbundet og vart lokalt kalla for «kinamisjonsforeininga».

Idrettslagsaktiviteten kom inn i ei organisert form når Nord–Gossen idrettslag vart stifta i 1938. Sør–Gossen fotballklubb vart stifta i 1945. Same året vart idrettslaget Ekko, som er heimehøyrende i Fræna, eit samlingspunkt for organisert idrett for folk på Julsundet og søre delar av Fræna kommune. I 1967 vart Gossen Idrettslag ein samlande breiddeklubb for idrettsaktivitet, gjennom ei samanslåing av idrettslaget og fotballklubben. Årsaka til at det før 1967 var fleire idrettslag og fotballklubbar, kan sjåast i samanheng med tidlegare kommunestruktur og lokalgeografiske avstandar.

I Aukra hadde ein også sjøredningslaga Idun og Freidig som tok seg av humanitært arbeid retta mot tryggleik for dei som hadde sjøen som leveveg. Idun vart stifta seint på 1940-talet med lagsmøte på Sporsheim skule og hadde årleg revy eller skodespel på samfunnshuset Soltun. Redningslaget Freidig hadde regelmessig basarar og bidrog økonomisk til redningssaka.

Gossen Sanitetsforening vart stifta i 1909. Det var ei rein kvinneforening som vart oppretta som lokalforeining av Norske Kvinners Sanitetsforening. Formålet var samfunnsgagnleg arbeid som omhandla allsidig sanitetsarbeid, til beste for befolkninga. Eksempel på virkefeltet var spedbarnskontrollar, arbeid opp mot skuleungar, tannhelseteneste, kreftsaka, og døvesaka. Det var også regelmessig økonomisk stønad til ulike føremål knytt til kyrkjelydsarbeid og Aukra kyrkje. Etter 90 års drift vart Gossen Sanitetsforening lagt ned i 1999, grunna manglande rekruttering. På Julsundet hadde ein i lengre periodar eit

frittstående sanitetslag. Dette laget vart seinare oppteke i Gossenlaget.

Foreiningsverksemda retta mot born skaut fart frå siste halvdel av 1800-talet. Det kan mellom anna nemnast song og musikk, ungdomslosje, søndagsskule, samt idrett og speidarlag. Eit døme på tidleg lagsdrift var «Barnelaget Fædres Von» som vart stifta i 1919 på Breivik skule. Laget sin tidlege møteprotokoll fortel om at aktivitetane var retta mot kristeleg arbeid blant born. Fast på møta var også felles lesestunder med høgtlesing av småforteljingar frå barneblad som «Magne» og «Blåveisen». Juletreffestar vart arrangert årleg og var populære samlings-stader.

Den eldste foreininga i kommunen som framleis eksisterer med kontinuerleg drift sidan skipinga den 29. september 1895, er Gossen Frilynde Ungdomslag. Dette var med unntak av to avbrot i tida kring unionsoppløysinga og under siste krig. Ungdomslaget engasjerte seg i stor grad som samfunnsaktør når det gjaldt å få starta folkehøgskule for bygdeungdom på Aukra i 1918.

Fråhaldsrørsla vaks kraftig fram i Noreg frå siste del av 1800-talet og utover. I Aukra vart losje Falkhytten nr. 407 under Romsdals Distriktslosje stifta i 1896. Losjen inngjekk som lokallag under den nasjonale Godtemplarordenen IOGT.

På Julsundet kan lagsdrifta til skyttarlaget trekkast fram som eit døme på ein type lagsorganisasjon som vaks fram i brei skala nasjonalt frå 1860 åra og framover. Skyttarlaget i Julsundet vart etablert i 1915, og utvikla seg med åra til å bli eit viktig samlingspunkt for skyttarar og storviltjegerar i bygdelaga i fastlandsdelen av kommunen. På Julsundet vart det første gongen søkt heradet om fellingsløyve på hjort i 1929. Dei frivillige skyttarlaga hadde historisk sett tydelege militærpolitiske trekk innanfor ein nasjonal lausrivingsprosess. Dei hadde eit mål om å bidra for å få landet til å verte ein sjølvstendig nasjon i høve unionsstrida, og seinare unionsoppløysinga frå Sverige i 1905. Eit døme på det kan vere namnet «Skyttarlaget 17. mai» som ei rekkje skyttarlag vart heitande frå siste del av 1800-talet og framover, som ein markør på identitet og nasjonal sjølvkjensle.



Foto: Aukra kommune

Songen og musikken har betydd mykje glede og trivsel for folk i Aukra opp gjennom åra. Eit døme på det er songkoret Fjelljom på Julsundet som har hatt samanhengande drift sidan 1950. Av tidleg organisasjonsliv knytt til song og musikk hadde ein Gossen Songarlag og Gossen Musikklag som er nemnt attende i 1918, men desse laga vart lagt ned ganske tidleg. Sør-Gossen Songlag starta opp i 1930. I memoarane til Ole Hukkelberg står det: «I 1918 kom Hans Gjerde hit som styrar for fiskarfolkehøgskulen. Han var song- og musikkinteressert og tok til som dirigent for Gossen songarlag. Under krigen var her stille ei tid. Det einaste var å syngje i heimen dei songane ein var glad i, men som ikkje kunne syngjast so tyskerane hørde på».

Etter krigen har songen og musikken på Julsundet og på Gossen bløma. Mange lag for både vaksne og born har grodd fram som ein konsekvens av eit fellesskap innanfor utøvande musikalsk lagsarbeid.

Folkehøgskule og fiskerifagskule vart etablert i denne perioden og får nærare omtale i eige avsnitt.

4.6.8 Småindustri og handverk

Som i mange andre bygdelag vaks det fram heimeindustri i kjellarar og andre stader i Aukra. Ei tidstypisk utvikling som var prega av både reint naudsarbeid, men òg innovasjon i heile regionen fram til mellomkrigstid og tidleg etterkrigstid. Eit typisk døme på dette var konfeksjonsindustri og skreddarverksemd som ofte vart starta opp i det små, for seinare å vekse til større bedrifter i tråd med etterspurnad etter produkta ein produserte. Innanfor konfeksjon og skreddaryrka vart det etablert fleire bedrifter. Solbakken Konfeksjonsverksted vart satt i drift frå 1936. Grunnleggarane hadde før dette også drive andre stader med konfeksjonsarbeid. På det meste sysselsette verkstaden 126 personar. I november 1943 overtok okkupasjonsmakta verkstaden. I tidleg etterkrigstid vart drifta spesialisert mot kjedesaum og detaljsaum, men denne marknaden minka betydeleg og drifta vart difor avvikla i 1962.



Feiande flotte! Foto: Aukra kommune

Firkløveren konfeksjonsfabrikk på Aukra eksisterte frå tidleg etterkrigstid og vart starta opp av fire yngre menn frå lokalsamfunnet. Dei tok først i bruk ei tidlegare tyskarbrakke som vart sett opp i Røssøyvågen. Fabrikken spesialiserte seg på å levere dressar sydd etter mål, samt uniformer til Det Norske Forsvaret. Det var ti tilsette der ein periode.

Øverås Konfeksjonsfabrikk hadde erfaring å bygge på frå konfeksjonsindustrien både på Aukra og i Vestnes, og Peder Sporsem si verksemd på Nerbø skapte arbeidsplassar for syersker og skreddarar.

I Aukra var det fleire snikkarverkstader. Ein kan trekke fram dei familiebaserte verkstadene «Nerbønå» på Nerbøen, Ingvald Blomsnes sin snikkarverkstad, og snikkarverkstadene på Eikrem, i Julsundet, samt verkstaden «i bukta» på Hukkelberg på Gossen. I Julsundet hadde ein tidlegare Hollingsæter Trewarefabrikk som var i drift frå etableringa under namnet Brødrene Hollingsæter frå 1916, til drifta vart avvikla ved inngangen til 1980-talet. I ei tidleg fase produserte bedrifta trerøyr til sikrere vassforsyning. Siste tiåret av drifta omhandla mykje spesialarbeid som mellom anna omfatta trappeløysingar i hus.

4.6.9 Tidleg maritim industriutvikling

For Aukra og heile kystdelen av Romsdalen er utviklinga av ein tidleg mekanisk industri retta mot fiskeri og sjøfart av stor betydning for næringslivet. Framveksten av den maritimt retta industrien i Røssøyvågen må sjåast i samheng med ei modernisering og effektivisering av fiskeflåten, frå inngangen til 1900-talet og utover i mellomkrigstida. Det var ikkje tilfeldig at Røssøyvågen vart eit sentrum for mekanisk industri retta mot sjødrift. Som etablert fiskevær med handelsverksemd frå 1890-åra av, hadde det grodd fram både sjøhus, eit fiskemottak, samt ein landhandel i regi av Hans Mevold. Det vaks etter kvart fram privathus og sjøhus som gjorde Røssøyvågen til ein tettstad på Gossen. Kort veg til silde- og torskefelta var eit stort pluss, og Røssøyvågen vart ein stad som tilreisande fiskarar søkte seg til under sesongfiskeria. Det skapte folkeliv, arbeid, samferdsel og økonomisk framgang for dei involverte og for lokalsamfunnet.

Etableringa av Røssøyvåg Motorverksted i 1916 i regi av Peder M. Hjertvik og Sigurd Riksfjord hang saman med at dei såg eit auka behov for at ein lokalt kunne yte tenester som motorreparasjonar og anna mekanisk service for fiskeflåten. Av andre markante industrietableringar i Aukra er drifta til Hukkelberg Slip og mekaniske verkstad, som vart etablert i 1938, og Aukra Bruk A/ S i 1949 i Nerbøvågen. Begge var heilt sentrale etableringar for seinare langtrekkande næringsutvikling og lokal sysselsetting i Aukra.

Sea Snack Packing & Co vart starta opp i Sjøvika i Løvika på Gossen. Dette var ein hermetikkfabrikk som lokalt vart kalla «snasjinj». Tidleg produksjon var kippers i form av røykte filetar av storsilde, seinare vart det brukt småsilde og brisling i produksjonen. I 1954 hadde firmaet vorte ein betydeleg arbeidsplass for kvinner, som utførte både manuelt arbeid og arbeid på samleband. Råvarene vart leverte av ein båttype kalla føringsbåt, som frakta silda og brislingen frå fiskarane sine notsteng. Produksjonen omfatta både fiskemat, silderogn, kjøtthermetikk, prøveproduksjon av gulasj, samt krabbe i hermetisk form. Eigarfirmaet USF i Bergen sette etikettar på hermetikkboksane og forsynte marknaden med

ferdige produkt. Fabrikken avvikla drifta i 1975.

Når det gjeld fiskeindustri og fiskemottak kan ein og nemne ei sesongprega drift på Rindarøya, på Kjølningane, i Røssøyvågen, Sporsemosen og i Juvika og Løvika. Dette var arbeidsplassar for både kvinner og menn. På Rindarøya vart det etablert eit fiskemottak i 1863 av handelsmannen Nicolay Petter Dahl frå Molde som fekk bygselkontrakt på «Holmen». Storsildfiskeria med sildesalting og eksport til Russland var basis for denne tidlege drifta på holmane kalla «Kjølingen». Frå første halvdel av 1900-talet vart det etablert fiskemottak og trandamperi. Drifta heldt seg oppe til 1960-talet.

Torvfabrikken var i drift i Løvika frå 1915 til 1922, baserte seg på at det var knapt med kol i mellomkrigstida. Difor vart torv som fyrings- og brenselkjelde ettertrakta som erstatning for kol og nytta meir industrielt. Torvbryting var tungt og tidkrevjande, men det var billeg brensel. Torvtaking til eige hushaldsbruk med «torvspeie» og torvebåre hadde i lang tid vore brukt av gardbrukarane til brensel på Gossen. Gjennom den meir industrielt retta torvfabrikken vart torva spadd opp frå myra og elta maskinelt. Etter tørkartida på myra og seinare i torvløer, vart det kappat torvflak som vart lagt i sekkar og frakta via løypestreng til kaia for utskipping. Kundane var mellom anna ein sildeoljefabrikk og stimbåtar som gjekk i fart langs kystleia. Arbeidsdagen var fastsett til ti timar med ei timeløn på 1 krone i timen, og det var ei høg arbeidsløn. Timeløna var så høg at arbeidet vart etterspurd av arbeidskarar lokalt. Kring 20 personar hadde i den mest intense driftstida arbeid ved torvfabrikken. Etableringa av firmaet Aukra Hval A/S vart eit eineståande industrielt føretak innanfor maritim næringsveg på Romsdalskysten. Dette får nærare omtale under anna kapittel i planen. Etablering av nybrottsbruk gjennom ordninga Ny Jord skjedde også i denne perioden. Det får nærare omtale i eige avsnitt.

4.6.10 Den tyske krigsmakta sin okkupasjon

Okkupasjonen i regi av den tyske krigsmakta medførte ei storstilt tvangsflytting av innbyggjarar frå heimane sine. Ingen andre stader i Møre og Romsdal fekk så store endringar på grunn av okkupasjonen som Aukra kommune og særleg Gossen. Dette sett Aukrasamfunnet i ei særstilling. Aukrasamfunnet vart utbygd for å tene krigsstrategiske mål, og entreprenørverksemda medførte store endringar i landskapet. Eit døme på dei massive tyske utbyggingane er Organisasjon Todt si utbygging av Smågeleiren. Eit oversiktskart som er bevart etter okkupasjonsmakta viser heile 61 bygningar og latriner i området på Småge. Hensikta militærstrategisk, var å etablere ein av to hovudflyplassar for det tyske flyvåpenet Luftwaffe sine krigsfly i Sør-Noreg. Gossen vart prioritert bygd ut på grunn av den tyske overkommandoen si overtiding om ein kommande alliert landgang i Noreg. Det var òg eit viktig moment sett frå tysk militær ståstad, at ein fekk etablert ein flyplass som kunne sikre kystleia og luftrommet militærstrategisk mellom byane Bergen og Trondheim.

Den militære etableringa medførte tvangsflytting av sivile i stor skala. Av 2000 innbyggjarar vart 800 personar tvangsflytta frå heimane sine, og to tredjedelar av øya vart bygd ut til ei militær festning. Det var 2000 tyske soldatar og offiserar, 838 krigsfangar, 1500 tvangsutskrivne norske statsborgarar og 600 sivile utlendingar på Gossen. Det var minst 12

ulike nasjonar representert blant desse. Det er 30 aust-europeiske krigsfangar som kviler på Aukra kyrkjegard. Kva okkupasjonen innebar for innbyggjarane i ein mental, så vel som i praktisk forstand er vanskeleg å skjønne rekkevidda av. Heimar vart okkupert og øydelagt. Folk vart innkvarterte i nabokommunar og både dyrkamark og utmarksareal vart minelagt.

Okkupasjonsmakta forflytta krigsfangar til kommunen for å gjere tvangsarbeid. Dei aust-europeiske fangane vart behandla som slavar grunna nazistisk raseideologi. Dei måtte tene krigsindustrielle føremål og fekk ikkje tilgang på pakkesendingar frå Røde Kors. Tyskland meinte at slike rettigheter for krigsfangar falt vekk når Sovjetunionen ikkje hadde ratifisert Genevekonvensjonen om krigsfangar sine rettigheter. Lokalhistorikarar i Aukra anslo på 1990-talet, i samband med krigshistoriske registreringar, at det eksisterte over tusen restar av murar, skyttargraver, bunkersar, artilleristillingar, maskingeværstillingar og andre militære føremål som er fysiske spor i landskapet etter okkupasjonen.

Styrar ved fiskerifagskulen frå 1940, Sven Sømme, var ein sentral motstandsmann innanfor etterretningsorganisasjonen XU, som stod i direkte kontakt med den norske eksilregjeringa i London. Sømme var sjef for ei spionasjeverksemd som dreidde seg om å avfotografere og kartfeste tyske militære utbyggingar som til dømes torpedobatteri, kystfort og flyplassar. Sømme sine livsfarlege oppdrag hadde ikkje vore mogleg å gjennomføre utan lokalkjente agentar som Sigurd Julnes og andre lokale motstandsmenn. Dei risikerte liv og helse i høve tysk straffeprosess for etterretningsarbeid og spionasje. Sven Sømme vart avslørt under eit fotograferingsoppdrag på Klauset i Midsund. Han vart teken til fange og transportert til Åndalsnes. Sannsynlegvis venta det ein dødsdom via militær standrett, men han rømte og kom seg til Sverige via Romsdalsfjella. Seinare ga han ut boka «En biolog på flukt». Historia om Sven Sømme er eit døme på ei lite kjend krigshistorie av lokal, regional og nasjonal verdi. I dag framstår framleis okkupasjonstida frå åra 1940-45 som noko meir djuptgripande enn ei rein forteljing frå «gamle dagar», eller som reine kulturminne av materielt synlege spor frå okkupasjonsmakta sine utbyggingar. Krigen er framleis, på trass av avstand over tid og rom, ei vond tid å minnast for ein del av dei eldste innbyggjarane i Aukra. Krigshistorie vert også nemnt i samband med omtale av Gossen krigsminnesamling.

5.0 Aukra i Europa

5.1 Førhistoriske kontaktar

Opp gjennom historisk tid har vi ei rekkje eksempel på kontakt mellom Aukra og sørlegare deler av Europa, enten direkte eller indirekte. Vi har såleis alltid vore ein del av Europa sjølv om vi bur i ein utkant av kontinentet. Dei første menneska som om til Mørkysten og til det som i dag er Aukra, kom frå kontinentet sørfrå eller frå det vi kallar Nordsjøkontinentet. Frå slutten av yngre steinalder, då jordbrukskulturen begynte å gjere seg gjeldande for alvor, har vi ei rekkje flintdolkar som etter alt å døme er importerte frå Danmark. Bronsegjenstandane og gullfunnet frå bronsealderen som er avbilda på kommunevåpenet, vitnar også om kontakt

mot sørlegare breiddegrader. Dette var metall som måtte importerast utanfrå. I to graver frå eldre jernalder, ei på Eidskrem og ei på Nerbø, har vi funn som vitnar om kontakt mot det romerske rike på 300-400-talet e.Kr. Då hadde dei høgare sosiale lag av befolkninga i Aukra til dømes lært seg brettspel med impulsar frå Europa.

Under vikingtida ser vi for oss at fleire personar frå Aukra reiste ut i vesterled som krigarar eller handelsmenn. Det er ikkje kjent gjenstandsfunn som kan knytast direkte til dei britiske øyane i Aukra, men på Eikrem er det funne ei båtgrav med våpenutstyr. I løpet av denne tidsperioden kom ein også i kontakt med kristendomen og dei nye religiøse strømingane ute i Europa.

5.2 Falkefangst på Aukra – eksklusiv aktivitet

Falkefangsten på Aukra er også eit spesielt tema som viser Aukra sin kontakt med verdssamfunnet. Det var ikkje ein lokal aktivitet, men skjedde på Gossen fordi utanlandske aktørar såg denne lønnsame ressursen på Gossen og hadde kunnskap til å nytta seg av han. Namnet Falkhytten er spesielt, og det finst også eit par andre stader i Noreg. Namnet er knytt til den eksklusive kunsten falkefangst og dressur av falk til bruk i jakt på fugl og småvilt.. Fangsthyttene var torvgammer med ein installasjon av tau og nettverk til fangsten. Fangstmenn fekk lisens, skriftleg løyve frå kongen til å fanga falk. Falkefangst og dressur av falk er kalla falkonering. Falkonering er ikkje lenger lov i Noreg, men er ikkje uvanleg i meir sørlege strøk. Fangstmetoden var den som hollendarane brukte. Falkonering er på Unesco si verdsarvliste

Falkefangst knytt til hemmelegald fordi det var så god økonomi i denne verksemda, at det var eit ønske om at det ikkje kven som helst skulle kunne det.

Falkefangst har skjedd litt tilbake i tid, og namnet Falkhytten har blitt brukt ei stund. På eit gammalt kart frå Kartverket frå 1840 finn ein ikkje namnet, men på eit kart over Gossen frå 1870 står det Falkhytten. namnet har truleg blitt brukt eit stykke tilbake på 1700-talet.

Det er fortalt at på 1600-talet, då hollendarane var i Romsdal og kjøpte tømmer, vart det fanga falkar på Gossen. Lokale folk fekk ikkje lisens til denne lukrative aktiviteten.

Hollendarane frakta tømmer nedover i Europa, og kunne frakte falkane med dei same skipa.

5.3 Falkefangst i Noreg

Falkefangst i Noreg og Island vart etablert i vikingtida, i perioden ca. år 800 – 1050. I vikingtida vart fangsten drive av nordmenn. Fangsten skjedde ved at falkeungar i stor grad vart tekne direkte frå reiret. Falkefangst vart ei viktig næring i mellomalderen. Skriftlege kjelder viser at det var dei norske kongane på 1100-1300-talet, som hadde hand om omsettinga av falk frå Noreg og Island. Dei dreiv sjølve med falkonering og hadde tilsett profesjonelle falkefangarar. Alle hoffa i Europa hadde ei felles interesse for falkonering og jakt med falk. Jaktfalkar hadde høgst verdi og status, og desse falkane kom frå dei nordlege områda, Noreg, Sverige og Island. Dei kvite falkane frå Island var spesielt verdfulle. Europa sin adel fekk tilgang til desse fuglane gjennom kjøp eller gåvebytte.

Mellomalderlovane regulerte rettane til falkefangsten, og det var kongen som hadde kontroll på denne viktige fangsten. Magnus Lagabøte slo fast at alle ville fuglar var kongen sin eigedom. Kongen hadde forkjøpsrett og kunne fange falk i kvar mann si mark i Noreg.

Håkon Håkonsson skreiv i 1224 at han hadde sendt fuglefangarar til Island. Kong Magnus

Lagabøte sendte i 1280 to kvite og seks grå trenar falkar til kong Edvard i England. Det var omfattande aktivitet med fangst og trening av falk i Noreg. Den engelske kongen fekk også falkar i gåve frå den norske kongen. Det var spesielt hollendarar som var svært aktive frå 1500-talet og inn i 1700-talet. Gjennom heile 1700-talet var dei på Dovrefjell og fangsta. Ofte gjekk jaktløyve i arv frå far til son, gjennom fleire generasjonar. I tida frå 1387 – 1814 var Noreg i union med Danmark. Grunna mange krigar på 1600-talet vart dei danske kongane allierte med Nederlanda, og såleis vart fangstrettane ein del av det politiske spelet. Falkane vart skipa ut frå Noreg, gjerne via Bergen, og nedover til ulike hamner i Europa og endå lengre sør. Det vart bygd eigne handelshus i Tallin og Lübeck for trening og sal av norske falkar, så omfanget var stort. Truleg kjøpte hanseatane fuglar, først og fremst i Bergen, og frakta dei vidare. Ei skriftleg kjelde frå Spania frå omkring 1385 fortel at det er handla med åtte jaktfalkar « caught near the Artic Circle, to the Sultan of Babylon». Same kjelda fortel at falkonerane frå Brabant reiste til Brugge og kjøpte norske rovfuglar.

Den danske, kongelege falkonermeisteren rapporterte om 18 fangsthytter i bruk i Noreg i 1774. Danskekongen hadde inntekter frå å forpakte bort lisensar til falkefangst i Noreg, men desse inntektene gjekk betydeleg ned mot slutten av 1700-talet. Det er såleis ikkje utenkeleg at det også kom folk frå Europa og fanga falk på Aukra.

5.4 Falk for dei fine

Jakt med falk var eit ideal for europeiske kongar og fyrstar i mellomalderen, på 1100- og 1200-talet. Krig og kamp var viktig for desse herskarane. Jakt med rovfugl og hundar vart sett på som god trening for unge fyrstar, der dei fekk trenar eigenskapar som var viktige i krig. Enkelte hoff kunne ha meir enn 100 falkar og 30-40 personar som hadde arbeid med fuglane. Økokrim opplyser at arabiske sjeikar no betalar inntil 300.000,- for illegalt fanga jaktfalk frå Noreg. Falkar vart gitt som alliansegåver frå den norske kongen til mange europeiske kongar, og det var rekna som eksklusive gåver. Den flottaste gåva ein norsk konge kunne gje, var ein jaktfalk. Alle hoff og adelsfamiliar i mellomalderen hadde rovfuglar, og hollandske falkonerar var tilsette dei fleste stadene. I enkelte kongehus var falkonermeisteren den fjerde på rangstigen. Kongen i England skal ha hatt inntil 27 falkegardar, med opp til 400 falkar. Den franske kongen skal ha hatt 300 fuglar i sitt falkoneri. Den norske kongen ga ofte falkar i gåve, og når gåva skulle sendast, måtte han sende med ein dyktig falkoner til å følgje gåva heilt fram til mottakaren. Då sultanen av Tunis fekk gåver, tok det to menn eit halvt år å følgje gåva fram og kome seg heim igjen. Kong Magnus Eriksson søkte i 1347 pave Clemens VI om rett til å selje falkar i sultanen sitt land, på grunn av den store gjelden landet har fått. Dispensasjon blir gitt av paven, og den norske kongen «tillates å selje falker i sultanen av Babilonias land i fem år». Paven takkar også for kvite falkar og andre gåver han har fått.

Dette viser ein eksklusiv og lønsam aktivitet, som for oss er heilt ukjent og framand. Men Gossen har altså vore ein del av dette tilbake i tid. Det er lov å fabulere om at falkar frå Gossen kan ha hamna hos sultanen i Babylon!

Falken

Sentrum på Gossen heiter Falkhytten. Fleire stader i Noreg har liknande namn. Ein veit ikkje sikkert kor lenge namnet har blitt brukt på Gossen. Sokneprest Høyem skreiv i 1817: «Paa Gossen har forðum været Falke: endeu kalles et Sted Norden for Agerøen Kirke Falkhytten.»

I 1979 fortalte Andreas Falkhytten at fangstplassen i eldre tid vart kalla Falkhytthaugen. Det vart fortalt at på 1600-talet vart det fanga falkar her, då hollendarane var i Romsdalen og kjøpte tømmer. Det har stått falkefangsthytter der ein finn desse namna. Falkefangst er fangst av falk, til dressur og bruk i jakt på fugl og småvilt. Restar av falkefangsthyttene har ein funne på fleire stader, men på Gossen er truleg spor av falkefangsthytta øydelagt i samband med bygging av bunkerane i Falkeparken.

Falkefangst og dressur vert kalla falkoneri. Falkefangsthyttene var som torvgammer, bygd på ein steinsirkel på 3-4 meter i diameter. Hytta hadde opning øvst, så falkefangaren kunne stå der og styre

eit tauverk. Med hjelp av lokkefugl var falken lurt og fanga i nett. Så fekk han lærhette og fottøy og skulle dresserast til bruk i jakt. Denne fangstmåten var nederlandsk. Metodar for falkefangst var hemmeleg, fordi det var så god økonomi i dette.

Fangst vart etablert i Noreg og på Island i vikingtida, ca. år 800 – 1050. I mellomalderen vart det ei viktig næring, der dei norske kongane på 1100- 1300-talet hadde kontroll på omsettinga av falk. Alle hoffa i Europa hadde interesse for falkoneri. Fangst med falk var eit ideal for kongar og fyrstar. Jaktfalkane frå nord hadde høgst verdi. Magnus Lagabøte slo fast at alle falkar var kongen sin eigedom, og han hadde forkjopsrett og kunne fange falk i kvar manns mark i Noreg. På midten av 1300-talet kjem svartedauden til Noreg. Adelen dør ut og Noreg kjem under dansk styre. Utan adel og kongehus forsvann kunnskapen om falkoneri. Falkoneri er no på Unesco si verdsarvliste.



FOTO: VATIKANBIBLIOTEKET / WIKIPEDIA COMMONS

5.5 Brødrene Ramus – to skarpe hjerner frå Aukra

Melchior Ramus (1646 – 1693) og Jonas Ramus (1649 – 1718) var to prestesøner frå Gossen. Begge to vart av dei mest kunnskapsrike og best utdanna i Norge på denne tida. Mora Ane var fødd på Gossen, faren Daniel var presteson frå Grytten.

Jonas studerte ved katedralskolen i Trondheim og begynte deretter på universitetet i København saman med brørne Christen og Melchior. Jonas hadde ein stor litterær produksjon både av verdsleg og religiøs karakter. Allereie i 1680 vart boka "Naadens aandelige Markeds-tid" utgitt. Han skreiv også historie, men mykje av det fekk sterk kritikk. I 1735 kom "Norriges Beskrivelse". Her skriv han blant anna om plante-,dyre- og fugleliv, med tydelig referanse til Gossen. Han skriv om Gorsøen og Kierlingsund "hvor Søerøvere kunde komme ind af Havet..." Han skriv også om Veøya, Boe (Bud) og en liden Lade- Plads paa Molle. Vidare omtalar han også bronsealderrøysene på Aukratangen, men huskar dei nok større enn det dei er. Jonas skreiv også "Naadens Aandelige Markets Tid", som vart veldig populær. Boka vart kalla "Ramiboka". Ho vart den vanlegaste oppbyggelege boka i eldre arveskifte på Sunnmøre. Boka kom i 20 opplag på dansk og fleire opplag på norsk og svensk. Melchior Ramus skriv: "anno 1646 d.26 december om Aftenen Klok. 10 er ieg fød til denne syndige Verden paa Akerøe Prestegaard."

Melchior fekk i oppdrag frå kong Christian V i København å lage kart over Noreg. Han gjorde oppmålingar og teikna kartskisser, og det viser seg i ettertid at han traff godt med målingane sine på breiddegrader. Han skapte eit heilt nytt kartbilde av Noreg som var langt framom si tid.

Fleire av karta hans er bevarte, og det er flotte kart. På eine kartet er Gossen med, og der finn ein namna på alle hovudgardane på øya. Karta er det mogleg å få kopiar av og stille ut i eigna lokale. Kristian Nissen held i 1943 ein minnetale i samband med 250-årsdagen for Melchior sin død.

Han sa: " Det er som geometriker i dette ords egentlige betydning, altså som landmåler og kartograf, at hans namn fremfor alt skal minnes. For på dette område øvet han et storverk, som for all fremtid bør sikre ham en ærefull plass i den norske geografi og kartografis historie. Han var nemlig en av den nasjonale norske kartografis grunnleggere, ja i virkeligheten **den første nordmann der helt selvstendig frå grunnen av skapte et nytt, detaljrikt kartbilde over Norge og Norges særskilte landsdeler**"

Alt som er nemnt om brørne Ramus her, viser at dei var spesielle. Melchior var altså den første nordmannen som, på kongeleg oppdrag, laga eit nytt, detaljrikt kartbilde over Norge. Han har plass i Noreg si historie. Det er noko Aukra må vite om og formidle, og det må også marknadsførast i turistsamanheng. Og ikkje minst må det vere ein del av pensumet i geografi og historie på Aukra sine skolar. Lokale heltar kan ikkje gløymast, sjølv om Melchior ikkje sparka forball eller sprang fort.

5.6 Aukra Hval A/S



Flensing Foto: Eigar Berit Drejer

Norge har ein lang kvalfangsttradisjon. Nordmannen Svend Foyn utvikla granatharpunen og tok i bruk verdas første dampdrivne fangstbåt. Det vart etablert mange landstasjonar langs Finnmarkskysten. Det førte til overbeskating av kval og store konflikter med fiskerinæringa. Frå 1904 vart det difor fangsforbod langs kysten av Noreg. Områda i Sydishavet vart rekna som ingenmannsland, men i mellomkrigstida var det mange nasjonar som oppdaga ressursane i området. Allereie i 1904 etablerte det første norske fangstselskapet seg i Grytviken. Eigedomstilhøva var uklare og kampen om ressursane starta. Noreg søkte fangstkonsesjon hos Storbritannia. Den norske kvalfangsten i Antarktis var dominerande og ekspansiv og gav millioninntekter til Noreg. Det oppstod ein sjøgrensestrid mellom Norge og Storbritannia, og etter kvart vart det ein internasjonal opinion mot norsk kvalfangst i Sydishavet. Norsk fangst var under stort press, og myndigheitene arbeidde for å berge norsk kvalfangst. Fangst langs norskekysten vart frå 1923 lovleg igjen, som del av taktisk utanrikspolitikk. Etablering av norske landstasjonar ville gjere det mogleg med ulik forskning som skulle gje fordelar for fangsten i Sydishavet. Professor Johan Hjort fekk til eit forskingssamarbeid med Storbritannia. Svograne Johan Hjort og Hans Halvorsen etablerte selskapet A/S Forsøksdrift, og søkte i 1924 om konsesjon for å drive kvalfangst frå “et stykke utmark i Aukra herred.” Kvalfangststasjonen på Nyhamna var altså ikkje eit lokalt føretak, men eit resultat av ei særskild viktig næring i Sydishavet som trong effektivisering. Fylkesmannen i Møre anbefalte ikkje konsesjon til Johan Hjort, men ville gi til brørne Sæbjørnsen på Steinshamn. Den 25. april 1924 møttest Nord- Aukra herredstyre på “Soltun” for å ta stilling til fire søknadar om konsesjon langs kysten, der den eine var Johan Hjort sin søknad om kvalstasjon på Nyhamna. Meiniane om dette var delte. “Peder Løvik trudde ikkje det vilde bli til hindring for laks eller sildeinnseg inn fjorden, så breid fjorden er og slik straumtilhøva er. Trudde kanskje det var einast Eikrembukta det kunde hindre sildeinnseg åt. Jonas Eikrem uttala på førespurnad, at han trudde ikkje straumtilhøva var slik at anlegget

vilde hindre sildeinnseget til Eikremsbukta.“ Herredstyret tilrådte konsesjon til Johan Hjort og ønska at det skulle brukast arbeidsfolk frå kommunen. I juli 1924 fekk A/S Forsøksdrift konsesjon ved kongeleg resolusjon. Dette var einaste konsesjonssøknaden som vart behandla så tidleg. Fem dagar etter gjekk statsministeren av, og ny statsminister vart Johan L. Mowinckel, svoger til Johan Hjort og Hans Halvorsen. Det kan tyde på at den raske behandlinga av søknaden var så viktig at det måtte skje før ny statsminister. Saksgangen fekk seinare sterk kritikk i Stortinget, der det vart hevda at det pengesterke laget i Oslo fortrenget lokale dyktige folk. Det viser kor viktig den nasjonale interessa var. Johan Hjort trong ein eigen stasjon til forsøksdrift og havforskning for å sikre Noreg sine økonomiske interesser i Sydishavet.

Etableringa av firmaet Aukra Hval A/S vart eit eineståande industrielt føretak innanfor maritim næringsveg på Romsdalskysten. Kvalstasjonen vart bygd opp på Nyhamna, og var den første industriarbeidsplassen i lokalsamfunnet i slik ein skala. Plasseringa av stasjonen vart gjort med tanke på kort veg til kvalfangstfeltet ved Storegga. Her var det ei naturleg bukt, Slettsanden var ei god hamn som låg i le og eigna seg for opphalingsslipp. Nyhamna låg også gunstig til med god tilgang til ein marknad for sal av kjøtt. Raumabanen opna i 1924, så kjøtt vart sendt med jernbanen til Austlandet. Utover fangsten av storkval vart det drive havforskning i regi av Universitetet i Oslo, og meir kommersiell forskning for å fremme kvalfangst generelt. Forsøksdrifta gjaldt meir effektive metodar for framstilling av olje, eit svært etterspurt produkt mellom anna i matindustrien. Det vart søkt fleire patentar knytt til forsøksdrifta. Havforskinga var eit resultat av behovet for å ha eit godt forhold til Storbritannia, og forskingsarbeidet vart strategisk viktig for Norge med tanke på kvalfangsten i Sydishavet. Forskingsprogrammet vart kalla Møreundersøkelsene og vart gjennomførte i perioden 1925 – 1931. Arbeidet vart leia av professor Johan Tiedemand Ruud, i laboratoriet som vart bygd på Nyhamna. Han var då ein ung student på 22 år og fekk eit ansvarsfylt oppdrag. Forskar Trygve Braarud skreiv om prosjektet: “ Hans evne til stillferdig, men effektiv administrasjon gjorde det mulig å gjennomføre det store hydrografiske, kjemiske og biologiske arbeidsprogram under meget primitive forhold.” Dette var to banebrytande arbeidsfelt som var knytt til kvalstasjonen på Nyhamna.

Møreundersøkelsene er framleis rekna som viktig og nyttig forskning. Både etablering og drift av kvalstasjonen, og forsøksdrift og havforskning, knyter kvalstasjonen på Aukra til nasjonal og internasjonal politikk og økonomiske interesser. Det viser at også på dette området har Gossen ei spesiell historie, langt utover den viktige lokale arbeidsplassen som kvalstasjonen var.

Aukra som lokalsamfunn og resten av landet opplevde økonomiske nedgangstider som medførte høg arbeidsløyse og høg gjeldsbyrde i mang ein heim. Kvalstasjonen vart ein kjærkommen arbeidsplass som ga lønnsinntekt og fast arbeid. Grunna dårlegare fangstresultat utover 1930-talet vart økonomien til kvalstasjonen prega av for låg inntening, og i 1938 tok drifta slutt. Krigsutbrotet i 1940 førte til at stasjonen vart fangeleir. Etter krigen kom ikkje drifta i gang igjen, og det vart ståande til forfall. I dag inngår det som eit industrielt kulturminneområde innanfor etableringa av landanlegget på Nyhamna.



Akvarell: Berge Hjørungnes

5.7 Gass til Europa – Ormenanlegget

Ormen Lange, det store naturgassfeltet.

Det som har gitt namn til gassfeltet, er “Ormen Lange” - det store langskipet til Olav Tryggvason. Olav Tryggvason var konge i Noreg omlag år 995 – 999 e.Kr.

Ormen Lange-feltet er eit naturgassfelt på norsk kontinentalsokkel. Feltet er rekna for å vere det nest største gassfeltet til Noreg, etter Trollfeltet. Feltet ligg omtrent 120 kilometer nordvest for Kristiansund, like utanfor kanten av Storeggaraset i Norskehavet. Det var også til Storegga kvalbåtane frå Nyhamna gjekk for å fangste kval. Gassen som blir utvunne frå feltet vert ved hjelp av røyrledningar ført til prosessanlegga på Nyhamna på Gossen. Frå Nyhamna vert gassen eksportert til Easington i England via ei røyrledning på 1 300 kilometer. A/S Norske Shell er driftsoperatør og Norske Hydro var operatør og ansvarleg for utbygginga. Anlegget vart opna av Kong Harald V 6.oktober 2007.

6.0 Verneverdige kulturminne i Aukra kommune

Ei av hensiktene med kulturmiljøplanen er å få oversikt over dei mest verneverdige kulturminna vi har i kommunen, slik at vi har høve til å ta vare på dei på best mogleg måte for framtidige generasjonar. Kva har vi så av slike kulturminne i vår kommune?

6.1 Registrering av kulturminne i Aukra

Dei første registreringane av kulturminne i Aukra omfatta såkalla fornminne, dvs. kulturminne frå førhistorisk tid. Den eldste skildringa av slike kulturminne finn vi i Norriges Beskrivelse frå 1715, verket til Jonas Ramus, som blei født på Aukra i 1649. I 1773 reiste historikaren Gerhard Schøning rundt i deler av fylket og gjorde nedteikningar over fornminne han fekk høyre om. Han budde på prestegarden, og nemner også kyrkja som stod på Aukra

den gongen. På slutten av 1800-tallet gjorde arkeologen B.E. Bendixen registreringar på Gossen og i Julsundet. På 1960-talet gjorde statsadvokat og lokalhistorikar Nils Parelus ei svært systematisk kartlegging over fornminna i Aukra. Han hadde då god hjelp av Asbjørn Windstad som lokal kjentmann. Tidleg på 1990-talet blei desse fornminna, eller automatisk freda kulturminna som vi no vanlegvis benemner dei, kartfesta på økonomisk kartverk. I dag er alle dei automatisk freda kulturminna lagd inn i riksantikvaren sin database, Askeladden. Kulturminne frå «nyare tid» har i mindre grad vore gjenstand for ei systematisk registrering, men tidleg på 1980-talet blei det gjennomført ei såkalla SEFRAK-registrering av alle bygningar (dels også ruinar) frå før år 1900. Registreringa på Gossen blei utført av Ingrid Huse, medan Bente Marie Huse gjorde arbeidet i Julsundet. I samband med Ormen Lange-utbygginga blei det tidleg på 2000-talet gjennomført kartlegging av kulturminne innanfor planområde og influensområdet. Dette innebar registreringar på Eikrem, Sæter, Sætervika og Sporsem, i tillegg til arealet for ein planlagd røytrassé frå Horremsbukta over Gossen og fram til Nyhamna. Registreringa blei utført av Berit Drejer.

6.2 Kulturminne av regional og nasjonal verdi

I 2015 fekk Møre og Romsdal fylkeskommune utarbeidd og politisk vedteke ei «Regional delplan for kulturminne av nasjonal og regional verdi». Her er det teke med 24 kulturminne frå Aukra. Det er berre gjort eit lite utval med 11 av dei mest særmerka av dei automatisk freda kulturminna. Desse er førte opp med nasjonal verdi. Det same gjeld Aukra kyrkje. Det er elles ført opp 12 kulturminne som er definerte til å vere av regional verdi. To av desse, Eikremsbukta og Løvikremma, var den gong sikra gjennom regulering til bevaring. Det er ingen kulturminne i Aukra som er freda med eige vedtak gjennom kulturminnelova.

6.3 Kulturminne av høg lokal verdi?

Kva kulturminne har vi så som kan vere av høg lokal verdi? Eller kanskje finns det kulturminne av regional eller nasjonal verdi som vi ikkje er klår over? SEFRAK-registreringa frå 1982-83 omfattar omkring 280 objekt. Av desse er det 60 som er avmerka med høg verdi i skjemaet. I tillegg er det 12 med middels verdi, men som ligg innanfor miljø med høg verdi (vedlegg). Her må det leggest til at verneverdien i SEFRAK-registreringa ikkje er fagleg kvalitetssikra. Her kan med andre ord vere kulturminne som har høgare verdi enn det ein trur, medan andre kanskje kan ha mindre verneverdi. Det er gått 40 år sidan SEFRAK-registreringa blei gjennomført og svært mange av objekta er fjerna, eller har eit forfall som er svært langt framkome. Vi har derfor ikkje ei god oversikt over kva vi har av kulturminne og deira verneverdi. Her kan kanskje du hjelpa oss med å få ei betre oversikt? SEFRAK-registreringa gir oss heller ikkje oversikt over dei kulturminna frå etter år 1900 som kan vere verneverdige.

Dei kulturminna som er med i SEFRAK-registeret består hovudsakleg av kategorien våningshus, stabbur, naust og løe. Smier, eldhus og torvsjåar er i stor grad borte. Nærare halvparten av dei registrerte kulturminna med høg verneverdi er våningshus (25). Det er 11 stabbur og 9 naust, men heile 5 av nausta/sjøhusa ligg i Eikremsbukta. Og det er berre fire løebygningar. Løebygningane er ein sær truga kulturminnetype. Det er få gardar med aktivt jordbruk, og dette er gjerne ein bygningsmasse med svære takflater som treng vedlikehald. Nokre løer blir brukte til lagerplass eller garasje.

Dersom vi ikkje tek aktive grep, vil svært mykje av det som vitnar om fiskarbonden med driftsbygningar og eldre sjøbruk i Aukra vere borte i løpet av få år. Det meste av dei særeigne bygningane i utmarka er allereie borte. Vi er avhengig av eldsjelene, men også av at det offentlege bidrar i større grad.

Av kulturmiljø som ut frå SEFRAK-registreringa særleg skil seg ut i Aukra er Eikremsbukta og Løvikremma. Her er i tillegg lista opp kulturminne som vi i utgangspunktet meiner er av høg lokal verdi. I vedlegget over SEFRAK-bygg med høg verdi er det også ein del andre objekt som kan komme med på lista. Fleire av desse har vi dårleg kunnskap om og fleire av dei er fjerna eller sterkt ombygd, slik at verneverdien er redusert.

7.0 Prioriterte kulturminne i Aukra kommune

Namn	gnr	Type kulturminne	Alder	Vekting	status
Aukra kyrkje	1	Kyrkjestad	1800	nasjonal	verna
Eikremsbukta	11	Naustmiljø	Ca. 1806	regional	bevarings- område
Løvikremma	8/11 0	Gardstun	18..	regional	bevarings- område
Horrem kvern	3	Kvernhus (Gardsanlegg)	18..	regional	Bevarings- område omsynssone
Røssøyvågen Hamn	4 - 5	Hamn Bygningsmiljø Notheng	1900	regional	
Sæter	10	Sjøhusmiljø	?	regional	(reve?)
Løvik -brakke	8	Kvalstasjon- brakke	1924-41	regional	
Nyhamna kvalstasjon	11	Ruinar, tankar etter kvalstasjon	1924-38	regional	omsynssone
Ørnehaugen	11	Utkikspost – kvalstasjonen	1924-38	regional	
Falkhytten Falkeparken Krigsminne		Krigsminne	1940-45	regional	omsynssone
Løvik/Oterhals		Flyplass, Krigsminne	1941-45	regional	
Løvik fangeleir		Krigsminne	1940-45	regional	
Tangen fangeleir (v/kaien)	1	Krigsminne	1940-45	regional	
Kleivhaugen/		Krigsminne		lokal	

Purkneset					
Storrisstølen		Krigsminne	1940-45	lokal	
Tangen	1	Krigsminne	1940-45	lokal	
Rindarøy nordaust	7/3 7/38 8/46 8/62 8/86	Sjøhusmiljø Gardstun, bustadhus ved «bukta»	18-1900	lokal	
Rindarøy sør	8/78 8/18 8/10 8	Sjøhusmiljø	18-1900	lokal	
Aukrasanden	1	Bygningsmiljø	19-1900	lokal	
Futvika, Eikrem	11	Husmannsplass	1850	lokal	
Eikrem Norigar'n	11/3	Stabbur og rodestein	1875-99	lokal	
Hogsneset	11	Fyrlykt	1900	lokal	
Sporsem Utaihaugen	9/9	Gardstun	c. 1870-99	lokal	
Sporsem Nordigaren	9/8	Gardstun	1800-	lokal	
Sporsem skole	9/72	Skulebygning (bustad)	1886?	lokal	
Fanghol gamle skole	16/7	Skulebygning	1941(?)	lokal	
Mevold	20/1	Våningshus, gardstun Tidlegare butikk, postkontor og telefon		lokal	
Holbukta Naustmiljø	18/1 19/1	Naust	18-1900	lokal	
Hollingen Gardstun	15/7	Våningshus, tingsal stabbur	1790-1872/80	lokal	
Hollingsæter Gardstun	16/1	Gammelstova Naust	1600 ?	lokal/ regional?	
Hukkelberg					
Harbraken i Julsundet		Husmannsplass		lokal	
Steffenplassen	3/9	Husmannsplass		lokal	
Småge	4/7	Løe Sørhåla	1895	lokal	Verna SEFRAK – 1547-7-25
Småge	4/	Løe	18..	lokal	

Julsundet	16 17	Steingard 500 m	?	lokal	
Julsundet	?	Utmarksløe i to etasjar	?	lokal	Andreas Hollingsholm?
Julsundet	16?	Ishus - restar		lokal	

Tiltak	Ansvar - når
Sikre verneverdige kulturminne i arealplanar med omsynssonar	Aukra kommune
Etablere gode interne rutinar om byggesaker og arealplanar som kan berøre kulturminne	Aukra kommune – kultur, og drift/byggesak
Etablere ei tilskotsordning for istandsetting av verneverdige kulturminne, kulturhistoriske arrangement og aktivitetar	Aukra kommune

8.0 Fornminne – oldfunn

8.1 Gullringen frå Aukra – kommunevåpenet

Den einaste armringen i gull frå bronsealderen funne i Møre og Romsdal er frå Aukra. Det vart funne to ringar, men den eine forsvann. Ringane vart funne under vegarbeid i 1936, litt aust for Tangen. Funnstaden er nær ferjekaia. Gullringane prydar i dag Aukra kommune sitt kommunevåpen. Gullfunnet frå Aukra er elles eit av svært få gullfunn frå bronsealderen gjort i Noreg. Gullringen er oppbevart på museet i Trondheim.



Foto: NTNU

Tiltak	Ansvar - når
Produsere skilt med informasjon om gullfunnet.	Aukra kommune 2025

8.2 Gravfelta ved Ingridsteinen og på Storrisstølen

Ingridsteinen har fått namnet etter budeia Ingrid som held til ved steinen. Ho kunne stå på steinen og rope ned til Løvika dersom ho måtte ha hjelp.

I området rundt Ingridsteinen vart det i 1965 registrert ca. 50 gravrøyser. Røysene er ikkje tidfesta nøyaktig, men truleg er dei frå tidleg jernalder. Kommunen fekk oppheva fredinga på omlag halvparten på grunn av grusuttak. Desse vart grave ut på midten av 70-talet. Det vart gjort svært få funn. Det meste besto av tre- og jarnfragment, trekol og nokre få beinrestar. Røysene som vart grave ut, låg stort sett innanfor det noverande gjerdet rundt bossplassen, og er no borte. I dag er det 33 freda gravrøyser som er kjente og merka av på kartet, og dei er ikkje grave ut. Det er truleg mange fleire gravrøyser som ligg gøymd under torv og lyng i dette området. Storleiken på dei fleste gravrøysene var 4-6 m i diameter. Nokre få var 8-10 m i diameter og opp til 1 m høge. Ei av desse var røys XVI. Røys XVI låg i nordaustre del av bossplassen (sjå kartet). Under avtorvinga vart det oppdaga at røysa hadde fotkjede. Fotkjeden består av ein ring steinar som markerer avgrensinga av røysa. Steinane låg kant i

kant i ein ubroten sirkel rundt heile røysa. Det vart gjort funn av trekol både i og rundt røysa, men mest inn mot sentrum. Fragment av brent bein låg tilfeldig spreidd. I nøyaktig same området vart det også funne sterkt forvitra jarnfragment. Enkelte av desse vart funne saman med utbrent tre, som kan tyde på at det har vore jarnnaglar. I tillegg vart det i røysa funne eit bryne og to flinstykke. Universitetet i Trondheim gjorde utgravingar i dette området i tidsrommet 1974 – 1976.

Storrisstølen vart først omtala i 1919, og seinare i 1938 av Jonas Eikrem. Nils Parelius reiste på 50- og 60-talet rundt i Romsdal for å registrere arkeologisk kulturminne, og i 1966 besøkte han Storristølen. Han skildrar to synlege hustuffer og ca. 35 gravrøyser. Same året vart Storristølen sett på lista over høgt prioriterte fornminne i landet, som eitt av svært få gardsanlegg i Midt-Norge. April 1984 vart det gjennomført ulovleg graving på Storristølen. Store deler av anlegget, både tufter og gravrøyser vart rasert. Området låg etter det urørt fram til Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomførte skjøtselsarbeid i området i 2012. Ein stor del av skogen over gardsanlegget vart fjerna, kulturminna vart dokumenterte og kartfesta og det vart lagt planar for tilrettelegging med sti og skilt. Etter 2012 er det likevel ikkje vore gjort vidare tiltak, og naturen har nok ein gong teke området tilbake. Aukra kommune vil gjennom revidering av kulturmiljøplana sette særleg fokus på attgroingsproblematikken knytt til kulturminne og -miljø, og knytte konkrete prosjekt til utsette verdifulle fornminne, slik som Storristølen. Ei av utfordringane med anlegget på Storristølen er tilkomst med gravemaskin utan å øydelegge kulturminne som det er vanskeleg å sjå. Sidan 2012 har ein fått tilgang til såkalla Lidar-data (høgdedata), som vil gjere det lettare å skilje ut dei einskilde små gravrøysene og spor av tufter.

Tiltak	Ansvar - når
Skjøtsel av området - rydde vegetasjon	Aukra kommune – ved behov

9.0 Fiskarbonden

9.1 Løvikremma kystgard



Foto: Romsdalsmuseet

Garden består av våningshus, løe, stabbur og torvsjå. Våningshuset vart bygd i 1861. Under krigen okkuperte tyskarane Løvikremma og brukte løa som kino og teatersal. Scena frå krigen, med måla dekorasjonar på bakveggen, står framleis. Løa på Løvikremma fekk straum før resten av øya. Den gongen garden vart bygd, var han av dei største gardane på Gossen. Det budde folk her fram til 1979. Det er ein tradisjonell kystgard frå slutten av 1800-talet. Løvikremma er eit eksempel på ein fiskarbondes sitt gardsbruk på Romsdalskysten. Frå husa er det utsikt mot fjord, holmar og skjær og fjella på fastlandet. Garden er eit levande museum og er eit samarbeidsprosjekt mellom Aukra kommune, grunneigar og Romsdalsmuseet. Drifta av garden er no ein del av kulturformidlinga til barnehagar, skoleklassar, næringsliv og andre.

Tiltak	Ansvar - når
Samarbeid om formidling	Aukra kommune Romsdalsmuseet

9.2 Horrem kvernhus



Foto: Berit Drejer

Horrem kvernhus har vore brukt frå 1766 til 1947. Det har vore ein grunneigar og seks medeigarar. Eit kvernhus var ikkje så vanleg på flate Gossen. I 1997 vart kvernhuset valt til Aukra sitt kulturminne. Horrem kvernhus vart i regional delplan frå Møre og Romsdal Fylkeskommune definert som regionalt verneverdig frå 2017. I 2022 vart kvernhuset omfattande restaurert med støtte frå Møre og Romsdal Fylkeskommune og Aukra kommune. Det vart laga ny vassrenne, vasshjul, kvernkall, fundamentering, støttemur og pilarar. Frå 2021 har Aukra kommune økonomisk ansvar for vedlikehald og vil samarbeide med venneforeininga om ei del skjøtseloppgåver. (SEFRAK 1547-0007-052).

Tiltak	Ansvar - Når
Skifte torvhaldstokk, vindski, isbord.	Handverkar- Aukra kommune 2024/25
Fjern tyngre buskar og små tre frå taket. Hald vegetasjon nede rundt kvernhus og vassrenne. Tjærebreie alle nye delar.	Venneforeining Kvar vår/haust
Bruke kvernhuset i undervisning.	Skolen Aukra kommune

9.3 Eikrem og Eikremsbukta - eit kulturminnemiljø



Foto: Romsdalsmuseet

Lokalisering – topografi

Garden Eikrem gnr.11 ligg på nordaustsida av Gossen vendt ut mot Julsundet. Dei fleste gardshusa ligg i skrånande terreng eit stykke opp for Eikremsbukta. Her låg også gamletunet før utskiftinga i 1879. Det er store områder med dyrka mark. Garden grensar i nordvest til Sæter, i nordaust og aust til havet, i sørvest til Nerbø og i vest til Sporsem.

Namnet

Gamle skrivemåtar av namnet er Ekrim og Eckrym 1495, Egrym 1520, Ekrim 1633, Echrem 1669 og 1723, Eikrem 1762. Namnet er truleg samansett av **eik** og **heim**.

Alder

Dette er ein såkalla heim – gard med same alder som Horrem og Sporsem. Heim-gardar er tradisjonelt datert til eldre jernalder, men gardsbusetnaden her er truleg eldre, kanskje frå bronsealder eller slutten av yngre steinalder. Dei mange oldfunna på staden tyder også på at folk held til i området i eldre og yngre steinalder.

Gardsdrift - bygningsmiljø

Gamle matriklar fortel om garden at der var "middels jordart, visst til korn" (1723). I 1802 seiast det at garden ikkje hadde skog og brukte torv til brensel. I 1867 dyrka ein bygg, havre og potet. Elles hadde garden part av sildefisket og lett tilgang til sjøen frå hovudbruka. Naustmiljøet i Eikremsbukta fortel at fiske har vore viktig her. Sjølve. Eikremsbukta var ein god sildevåg.

Det gamle tunet på Eikremsgarden låg samla i ein form for rekkjetun fram til utskiftinga som fant stad i 1879. Dette ser ein tydeleg på det gamle utskiftingskartet. Her er også dei gamle nausta teikna inn. Gardshusa ligg i dag noko meir spreidde utover, men relativt nær det

gamle tunområdet.

Registrerte kulturminne

Nr	SEFRAK nr	Type kulturminne	Lokalitet	Tidsepoke
32	003-004	Våningshus	Eikrem	1868
33	003-005	Grisehus	"	-
34	003-011	Våningshus	"	1875-1899
35	003-012	Stabbur	"	1875-1899
36	003-013	Torvesjå	"	1875-1899
37		Rodestein	"	
38	003-006	Naust	"	Før 1806
39	003-007	Naust	"	1800-1899
40	003-008	Naust	"	Før 1806
41	003-009	Naust	"	Før 1806
42	003-010	Nothus	"	1806
43		Sommarfjøs	Fjøshaugen	
44		Sommarløe	"	1946
45		Ruin av sommarløe	"	

9.4 Naustmiljø

I Eikremsbukta ligg det eit naustmiljø i eit gammalt og vakkert kulturlandskap. Matrikkelen frå 1904 fortel at matrikkelskylda på Eikrem var av dei største på Gossen, nettopp på grunn av eit godt jordbruk og eit viktig sjøbruk. Julsundet har mange gode fiskeplassar og sjølve Eikremsbukta var ein god sildevåg.

Nausta som står i Eikremsbukta i dag er vanlege båtnaust, eit åtringsnaust og eit nothus. Nyttårsorkanen i 1992 bles ned det andre notnaustet som stod der. Frå båtnausta vart det drive fiske til eige bruk og fiske for sal. Det viktigaste var vintertorskefisket og sommarsildefiske med garn og nøter.

Båtnausta ligg i ei rekke tett ved sida av kvarandre, på tvers av strandlina. Nausta ligg lengst mogleg tilbaketrekt for å unngå stormfloa. Framom nausta er det støer med tørrmura "vorar" og trelunnar. Notnaustet ligg for seg sjølv på eit svaberg, delvis langs strandlina, men likevel av praktiske grunnar nærast mogleg sjøen. Grunnen nausta står på er eigd av e--in gard, men alle oppsittarane har både veg – og bruksrett til naust. Eigedomstilhøva her er interessante. Nausteigarane eigde kvar sitt naust og hadde rett til å hente såkalla seglstein (ballast) i fjøra ved nausta. I tillegg hadde gardane på Eikrem rett til å hente skuresand frå fjøra. Svaberget ved notnaustet fungerte også som notvoll; tørkeplass for dei store nøtene.

I det same området var det også plass til store, utandørs eldstader og barkesåer der det vart kokt barkeløg for barking / impregnering av garn og nøter kvar vår.

Naust og nothus er bygd i stavkonstruksjon med grinder som konstruksjonsberarar. Dei har ståande kledning og tak av bølgjeblekk, men frå byrjinga var taka torvtekte. Kledningen på båtnausta har delvis svært gammalt preg, og er delvis av kløyvde eller saga heilvakse emne.

Det er vanskeleg å aldersfeste nausta nøyaktig, men dei er eldre enn utskiftingane på Eikrem i 1860 - åra. Det nothuset som står der i dag er mest truleg frå 1806 og tilhøyrd " Eikrem gamle notlag" som vart stifta dette året.

" Nynotnaustet" som vart teke av orkanen i 1992, vart sett opp i området i ca. 1910/ 11 og tilhøyrd " Eikrem nye notlag." Slike nothus var mykje større enn vanlege naust fordi dei var lager for både større og fleire båtar, mange og store nøter og mykje ekstra utstyr.

Nothus og notlag var ei gamal form for samvirke /spleiselag og arbeidsleiing i kyst- Noreg med røter tilbake til mellomalderen. Det tradisjonelle landnotfisket tok slutt kring 1950. På 1900 – talet var Gossen det området i Romsdal som hadde flest landnotbruk.

9.5 Bureising – Nyland og Nyjord

Sentralt i Aukra si nyare historie er dei mange bureisingsbruka som blei etablerte i mellomkrigstida. Dette gjeld Nylandsbruka på kvalmyrane og Ny Jord-bruka. Dei fleste bruka med eit enkelt våningshus og ein liten låvebygning er i dag sterkt ombygd eller rive. Dette gjeld fleire av bruka på Nyland som måtte fjernast då Ormen Lange-anlegget blei bygd. Vi har ingen god oversikt over kva som finst att av gjenreisingsbruka i Aukra, men det bør vere eit mål å sikre i alle fall eitt godt eksempel på denne typen jordbruksbusetting.

9.6 Røssøyvågen - fiskevær, hamn og handelsstad



Foto: Romsdalsmuseet

Røssøyvågen var eit fiskevær, til forskjell frå typisk kombinasjonsbruk elles på Gossen. I fiskeværa var det vanleg å drive fiske på heiltid. I 1960-åra dreiv ti båtar havfiske og hadde hamn i Røssøyvågen. Røabukta var ei av dei beste sildebuktene på Gossen. Under storsildfisket hadde omkring hundre mann arbeid på båtane, og fisket prega aktiviteten i bygda. Det var to landnotlag og ei snurpenot som hørde til her. På Naustberget låg det eit stort nothus. På 1930-talet vart det drive kvalfangst med båtar frå Røssøyvågen, og nokre kvalar vart dregne på land og flensa der.



Foto: Berit Drejer

Handelsstad

I 1890-åra vart det starta landhandel i Røabukta. Her vart bygd sjøhus, fiskemottak, salteskjær og trankokeri. I bakkant av desse bygningane vart det bygd våningshus med små hageflekkar. Utover 1900-talet vart Røssøyvågen ein tettstad med fiskeværbygningar, rorbuer for fiskarar og ei god hamn.

I 1905 vart Røssøyvågen etablert som handelsstad, med dampskipskai.

Der la rutebåtane «Legona», «Tresfjord» og «Bolsøy» til med varer og passasjerar. Båtane hadde med varer, som brød frå bakar Outzen på Bjørnsund. Frå Røssøyvågen tok båtane med leveransar med tran til Molde.

«Røsvåg Motorverksted» - «Rødsøyvågen Slipp og Mekaniske verksted»

Tidleg på 1900-talet var det ei begynnande mekanisering av fiskeflåten. Då vart det behov for motorar og reparasjonar av desse og anna mekanisk utstyr. Peder Hjertvik og Sigurd Riksfjord gjekk i lære hos Nils Finnøy på Finnøya. Dei etablerte i 1916 verkstad og smie som fekk namnet «Røsvåg Motorverksted». Dette vart reparasjonsverkstad for fiskeflåten og for Gossen.

«Rødsøyvågen Slipp og Mekaniske verksted» vart flytta og sett opp på Hjertøya fiskerimuseum i 1985. Verkstaden vart definert som også å ha ein bevaringsverdi på landsbasis, ikkje berre lokalt.

Krigen

I Røssøyvågen vart 60 tonn store gravemaskiner tekne i land. Dei vart brukte til å grave ut flyplassen i Løvika.

Under 2.verdskrig, januar 1945, vart Røabukta minelagt med 77 sjøminer på botnen langs heile bukta. Minene låg på grunt vatn og vart seinare sprengte.

Elektrisiteten kom til Røssøyvågen i 1943.

Cretecove Sementlekteren PD46 Cretecove vart bygd i Storbritannia på verftet Fiddlers Ferry Yard etter 1. verdskrig. I 1925 vart Cretecove seld til Dalen Portland Cementfabrik i

Porsgrunn. Lekteren var i bruk på Aukra av tyskarane i 1943 og vart slepa til kai i Røssøyvågen. Cretecove var lasta med jernbaneskiner og vagger til utbygging av flyplassen og området i Løvika. Lekteren grunnstøytte her og havarerte ved kai under lossing. Utstyr frå lekteren vart berga av Bolsønes verft. Vinsjen om bord vart flytta omkring 1950 og montert i smia til Røssøyvågen Slipp og Mekaniske verksted. Lekteren fekk seinare betongdekke og vart ein del av kaianlegget i hamna i Røssøyvågen.



Lekteren Cretecove. Foto: Romsdalsmuseet

Tiltak	Ansvar - når
Bidra til å bevare det unike kulturmiljøet i Røssøyvågen. Søke midlar til restaurering.	Grunneigarar Møre og Romsdal fylkeskommune Aukra kommune 2023 - 2027

9.7 Roktamonumentet



Foto: Aukra kommune

«Det kom en melding fra Bjørnesund: I natt er det gått et skip på grunn.»

Roktamonumentet ligg på Rindasrøya med flott havutsikt mot Bjørnesund. Her er det informasjonsskilt om Roktaforliset. Roktamonumentet er reist til minne om frakteskuta “Rokta”, som forliste ved Galleskjæra under ein orkan på Hustadvika 3.april i 1938. Seks av eit mannskap på tolv mista livet. Mange frå Rindarøya og Aukra deltok i redningsaksjonen. Redningsaksjonen var den første som vart dekt direkte i media, radio, med utgangspunkt i Rindarøya; ei dramatisk hending minutt for minutt. Arnulf Øverland skreiv seinare diktet “Redningsdåden på Hustadvika” for å fortelje om det som skjedde. Roktamonumentet vart reist 50 år etter forliset, og det er laga av Nicolaus Widerberg.

Tiltak	Kven - når
Nytt informasjonsskilt	Aukra kommune 2023-2024

10.0 Immaterielle kulturminne

I kategorien immaterielle kulturminne finn ein kulturuttrykk som eventyr, folkeminne, mattradisjonar, song og musikk, litteratur og dans.

10.1 Tradisjonsmat

Gommegraut frå Gossen

Tradisjonell graut som blir servert på julaftan.



Foto: Aukra kommune

Ingrediensar

- 5 l heilmjølke
- 400 g risengryn
- 270 g sukker
- 270 g rosiner
- 1 ts salt (smak til)
- 2 ts kardemomme (etter smak)

Framgangsmåte

1. Kok opp mjølka og rør heile tida så den ikkje legg seg ved. La mjølka koke inn til det er att ca. 4 liter.
2. Tilset ris og sukker og kok vidare – under omrøring. Når grauten byrjar å bli tjukk, tilset rosiner og kokar grauten ferdig. Salt til slutt. Smak eventuelt også til med kardemomme som får koke med dei siste ti minuttane.

Grauten blir aust opp i høvelege serveringskummar. Strø kanel og litt sukker oppå med det same grauten er oppaust.

Denne oppskrifta er sendt inn av Eva Husøy i Gossen Bygdekvinnelag. Ho skriv: «I dei aller fleste heimar på Gossen MÅ det vere gommegraut til jul. Dei aller fleste kokar den dagen før juleaftan. Oppskriftene og framgangsmåten kan vere litt forskjellige, og smaken og. Men alle likar best den dei får servert i eigen heim. Grauten blir servert kald til julebrød, tørrvaflar eller brødskive. Mange likar salt pålegg på brødmaten til gommegrauten. Kvar sin favoritt!»

Kjelde: Norsk tradisjonsmat

10.2 Forfattarar og kunstnarar

Det er fleire forfattarar og kunstnarar som kjem frå Aukra. Dei må ha sin plass i ei kulturmiljøplan som omtalar mange kulturminne i kommunen. Desse har gitt mange flotte bidrag til det vi kallar den immaterielle kulturarven.

Brit Bildøen



Foto: Wikipedia

Brit Bildøen (f. 1962) kjem frå Aukra og er no busett i Oslo. Bildøen debuterte som skjønlitterær forfattar i 1991 og har sidan gitt ut fleire romanar, barnebøker og omsetjingar, pluss ei essaysamling og eit teaterstykke. Ho blir rekna som ein av dei fremste norske samtidsforfattarane, og har skrivne romanar, barnebøker, essay og lyrikk. Ho har i tillegg arbeid med gjendiktingar og omsettingar. Bøkene til Bildøen er omsett til fleire språk og ho er blitt tildelt fleire litterære prisar, som P2-lyttaranes romanpris.

Anne Tove Huse



Foto: Wikipedia

Anne Tove Huse vart fødd i Aukra 1954, døydd 2021. Ho debuterte på Trøndelagsutstillingen i 1984, og har delteke jamnleg der i tillegg til deltaking på Vestlandsutstillingen og Høstutstillingen, samt fleire separat-og kollektivutstillingar i Norge, Danmark og Tyskland. Ho er bl.a. innkjøpt av Trondheim Kunstmuseum, Norsk Kulturråd,

Trondheim kommune, Sør-Trøndelag Fylkeskommune, Aukra Kunstlag, Olavshallen, Statoil og fleire offentlege institusjonar. Anne-Tove Huse sa om seg sjølv: "Arbeida mine er preget av utforsking av maleriet som medium og materiale. Eg arbeider hovudsakleg med olje og acryl, men også med silikatmaleri (mur) og voksmaleri/enkaustikk. Bilda har spor frå oppveksten ved kysten, samt interesse for myter, historier og eventyr – ofte blanda innanfor same billedflate." Noko av det siste ho gjorde var utsmykking av uteareal ved Aukra kulturhus.

Knut Huse

Knut Huse var forfattar og poet. Han vart fødd i 1906 og døydd 1993. Knut vart fødd i Sandøy, men budde det meste av livet på Aukra. Han skreiv romanar og poesi, med tema frå kyst og hav; "Det flør og det fjørar" "Hustadvika", "Hav og kyst, liv og lagnad". Poesien hans vart i 1999 brukt i prosjektet "Syng for meg hav", der biletkunstnar Sissel Stangenes frå Hustadvika kommune laga kunst knytt til lokal poesi og lokale historier, som Rokta og Sjørøvarane i skogen på Aukra.

Alf A. Sæter



Foto: Wikipedia

Alf A. Sæter er fødd i 1935 og har vokse opp på Gossen. Han har utgitt 13 bøker, derav 12 på Det Norske Samlaget. På Romsdal sogelag sitt forlag kom Kystlandskap (noveller og dikt) til forfattaren sin 70-årsdag i 2005. Alf A. Sæters kjærleiksdikt er ofte brukt i antologiar og på nettet i private bloggea. Sæter har fått både Melsomprisen og Sunnmørsprisen, og han er også oversett til tysk. I eldre år har han arbeidd mest med lokalhistorie og erindringsmateriale. Han har skrive for Aukra gjennom tidene. Sæter har vore medlem i Den norske forfatterforening sidan 1976.

Mads Hukkelberg



Foto: Romsdalsmuseet

Var fødd på Gossen (1868 – 1957). Mads Hukkelberg var ættegranskar, folkeminnesamlar og historikar. Han starta å samle materiale i 1920-åra, og han skreiv mest på dialekt. Han skreiv

om folkeliv og tradisjonar, segner, viser og historier. Haubokken får mykje omtale i det han fortel. Materialet Mads Hukkelberg har skrive er samla i ei bok som heiter Folkeminne frå ytre Romsdal, utgitt av Aukra Sogenemnd i 1978. Aukra kommune har teke vare på det handskrivne manuskriptet til Mads Hukkelberg. Dei nedskrivne folkeminna kan gjerast meir kjente.

Tiltak	Kven	Når - kostnad
Gjere boka "Folkeminne frå Romsdal" meir kjent.	Aukra sogenemnd	2023- 2027 Eigeninnsats

10.2.1 Lokal poesi

TIL GOSSEN av Alf A. Sæter

Du nakne øy med myr og lyng
der stormen vilt sin salme syng
I regnsvart seinhaustnatt,
Du stig av havet grå og låg,
men gjer meg likevel så fjåg
kvar gong eg ser deg att.
For her på denne sogeøy,
Her vart eg fødd, her vil eg døy
og ingen annan stad.
Her var eg utan sorg og sut,
Her var det at som liten gut
eg leika lett og glad.
Og rundt om langs vår gråsteinsstrand
har mang ein sliten arbeidsmann
ein liten buplass rudd, og her har han i tronge kår
og gjennom magre år
med seg og sine budd.
Dei vonde åra langsamt kvarv,
ei betre tid me fekk i arv
Som lærte oss å sjå:
Om skyer stenger kvar ei lei
så veit me vist at over dei
er himlen alltid blå.

ORDET av Knut Huse

Ord som er tala
eller skrivne
døyr ikkje i dag
eller i morgon
Ord døyr
når ingen les

eller hugsar
det som var skrive
og sagt

LENGTING av Knut Huse

Tidlaust brest båra
i hav og på strender
Jaga av vindar
jaga av djupner
mot ukjent land.
Og hev du ei lengting
som ikkje finn fred
Eit sakn, ei venting
der berre du er med
Då er du i slekt med dei veldige hava,
med vindar og båra
som kvervlar og brest
mot det ukjente,
dei usagte svar

Wickssalen

Ingvald Varhaugvik f. 1892, budde i Varhaugvika på Gossen. I 1910 reiste han til Amerika. I bagasjen hadde han ei heimelaga fele. Ingvald vart fiolinist, komponist og pedagog og studerte på konservatoriet i Paris. Han tok namnet Ingwald Wicks og flytta til Los Angeles. Han hadde mange turnear og konsertar og fekk gode kritikkar. I 1920 gifta han seg med pianisten Ruby Dawson. Dei fekk døtrene Virginia og Camilla. Camilla vart fødd i 1928. Då Camilla var tre år gammal fekk ho sin første fiolin, og fire år gammal spelte ho sin første konsert. Som 8-åring var ho solist med stort symfoniorkester, og som 13-åring debuterte ho med konsert i New York. Ingwald var læraren hennar. Seinare vart den kjente professoren Persinger lærar. Familien flytta til New York for å gje Camilla dei beste sjansane til å utvikle seg som musikar. Persinger sa ho var den mest evnerike eleven han hadde hatt. I 1946 debuterte ho i Carnegie Hall, og ho vart omtalt som ein eksepsjonelt dyktig og vakker utøvar.

I 1974 reiste Camilla og foreldra til Noreg og andre land i Europa. Ho hadde fleire konsertar og begeistra publikum over alt, også i Romsdal og på Gossen. I Molde var det konsert i Revehallen, og det var storinnrykk frå heile Romsdal. Avisa skreiv: «*Det var overfullt hus, blomster og ellevill begeistring*»

Familien ferierte i Varhaugvika, der Camilla var med i fjøsen og på fisketurar. Ho fekk også smake kvalkjøtt og likte det veldig godt. Kvalkjøtt var ein del av kosthaldet på Gossen. Fangst og foredling av kval var ei viktig næring her fram til krigen. Nokre av tyskarbrakkene på øya vart kalla Todtleiren, og her hadde Camilla konsert. Morgenbladet skreiv: «*Det kom folk med motorbåter til vanns og lastebiler på landeveien for å høre Camilla Wicks, som nylig satte folk i ekstase med sine konsertar i Molde.*»



FOTO: FAMILIEN WICKS

Camilla og foreldra vart også inviterte til middag og huskonsert hos kronprinsparet på Skaugum. I 1948 vart Romsdalsfilmen laga, og den viste natur, næring, kultur og folkeliv. Camilla var med, og konserten på Romsdalsmuseet for tolv hundre menneske vart filma. I ei anna filmscene skal Camilla skyte kval, men kvalen kom ikkje. Filmen vart innhaldsrik og fekk mykje å seie for reiseliv og næringsverksemd i regionen.

Det vart fleire besøk og mange konsertar i Noreg opp gjennom åra. I 1947 tok Camilla stillinga som professor på Noregs Musikkhøgskole, og ho var i stillinga i to år. Ho vart omtalt som ein svært god fiolinpedagog. I 1999 vart Camilla riddar av HM Kongens fortjenstorden og fekk audiens hos HM Kong Harald V på Slottet.

Camilla kjende seg sterkt knytt til Noreg og Gossen gjennom heile livet. Ho døydde i Florida, USA, 2020, 92 år gammal.

10.3 Språk som kultur

10.3.1 Gåple og kokkelur - språklege godbitar.

Dialekten din og orda du vel å bruke i talespråket, heng saman med kven du er og vil vere. Den viser kva kultur og sosial gruppe du tilhøyrer. Språket er ein identitetsmarkør og det som gjer deg unik. Den dialekten vi har lært vert kalla morsmålet eller hjartesperåket. Språket, dialekten vår - er djupt i oss og har gitt oss evne til å tenke, føle, reflektere, vurdere og kommunisere. Språket vårt har utvikla seg over lang tid og er påverka av historie, geografi, religion og kultur. Det vert også påverka av andre språk. Språket vert brukt i samtalar, tekstmeldingar, avisartiklar og musikk, litteratur, film og kunst. Språk er kultur som går i arv – immateriell kultur. I 2021 kom den nye språkloven. Den legg vekt på å bevare norsk som nasjonalspråk, som eit felles språk som er viktig for demokratiet vårt. Loven vektlegg også vern om mangfaldet, med ulike språk og dialektar. Høg toleranse for språklege forskjellar er viktig.

Språk handlar også om prestisje. Nokre dialektar vert rekna for finare enn andre, og det betyr at ein ikkje alltid er like stolt av dialekten sin. Ein lukar vekk ein del ord frå språket sitt for å tilpasse seg den ein pratar med og det miljøet ein er i. Det gjer språket fattigare og fjernar oss frå det artige og spanande mangfaldet. Aukradialekten er flott og mangfaldig, med mange unike og artige ord og uttrykk. Så er det likevel slik at mange av dialektorda er i ferd med å forsvinne. Folk seier at ungdommen ikkje snakkar gossing lenger. Dei snakkar moldedialekt og kvittar seg med sitt særpreg, det som gjer dei unike. Mange dialektord knytt til ulikt arbeid og handverk vil av naturlege grunnar ikkje bli brukt så mykje lenger, medan nye ord og uttrykk vil bli ein del av språket. Eit språk er alltid i endring. Men språk som identitet og kultur bør få eit fokus som ein viktig kulturarv å ta vare på. Ein kan snakke om språk og dialekt med elevar i skolen og gjennom ulike aktivitetar også lære meir om dialekt. Ein flott ting som viser at ein er stolt av dialekten sin, er at unge songarar frå Gossen syng på aukradialekt.

Tiltak	Ansvar - når - økonomi
Arrangere quiz for alle, med språk og dialekt som tema.	Bibliotek- kulturavdeling Sogenemnd Gjerne ein gong i året.
“Språktre” i utstillingsrommet. Invitere alle innbyggjarar til å ta med dialektord og henge på treet.	Bibliotek Kulturskole Kulturavdeling
Invitere foredragshaldar til å snakke om dialekt	Bibliotek - kulturavdeling Sogenemnd

spirvore – pjask - størvinj - kalsnekje – seple – fole – gofsinj

10.3.2 Då sjøormen og sjørøverane kom til Aukra.

Formidling av lokalhistorie lokalhistorie – den immaterielle kulturarven



Foto: Berit Drejer

Aukra har mange spennande historie. To historier frå Julsundet og Gossen har vore på folkemunne over fleire hundre år, og blitt fortalt frå generasjon til generasjon. Om alt er sant veit vi ikkje, men historia om sjøormen er nedskrive av ein sjøkaptein som seier at han og mannskapet hans såg sjøormen. Historia om røverane i skogen på Gossen og skogen som vart brent, skal vere ei forklaring på kvifor det var så lite skog på øya. I myrane var det mykje røtter og stokkar som viste at det ein gong hadde vore mykje skog.

Lokalhistoriske forteljingar og lokalhistoriske miljø og gjenstandar fortel om særpreget til eit lokalmiljø. Det er med å skape ein identitet og ei oppleving av å høyre til. Lokal historie og identitet kan også gjere oss stolte av å høyre til der vi bur.

Gjennom kunstprosjektet ”Då sjøormen og sjørøverane kom til Aukra” har lokale historier vore utgangspunkt for at elevar i 4. og 5. klasse har laga egne bilde inspirert av dei to historiene. Prosjektet er eit samarbeid mellom kulturskolen, biblioteket, kulturformidlar og biletkunstnar Sissel Stangenes.

Leiar av prosjektet er biletkunstnar Sissel Stangenes. Elevane har først samlast i biblioteka på Julsundet skole og Aukra kulturhus. Der har dei fått fortalt historiene. Deretter har elevane arbeidd med teikning og maling, med rettleiing og hjelp av Sissel. Elevane har engasjert seg i arbeidet og jobba både enkeltvis og saman med andre. Dei har planlagt og skissert motiv og blanda fargar av primærfargane. Det er akrylmaling som er brukt til å fargelegge skissene. Her er det flotte skuter, den lange sjøormen i bølgene, skog og dramatisk brann. Alt dette er no utstilt i biblioteket i kulturhuset, slik at mange skal få sjå kunsten.

Elevane har vore kreative og produktive, og vi trur dei også gjennom dette arbeidet vil huske dei unike historiene frå heimstaden sin.

Erfaringane frå prosjektet er gode, og det er eit mål at tilsvarende prosjekt knytt til lokalhistorie skal gjennomførast vidare.

Tiltak	Tidsrom - ansvar
Gjennomføre prosjekt med elevar med tema knytt til lokalhistorie.	Kvart skoleår - samarbeid mellom kulturskole, kulturformidlar og aktuell kunstnar.
Søke tilskot frå aktuelle instansar, Kulturminnefondet mm.	



Sjørøvarane. Biletkunst av Sissel Stangenes.

11.0 Krigshistorie

Krigshistorie, Gossen krigsminnesamling og Løvik kystfortforening



Restaurert kanon. Foto: Bjørn Ringstad

Storparten av kommunen sine innbyggjarar vart berørte av krigen. Gossen vart okkupert av tyskarane og 7-800 personar blei tvangsevakuert for å gi plass til soldatane. For å sikre skipstrafikken langs kysten og havområdet rundt, trengte tyskarane fleire flyplassar samt ei utbetring av dei få eksisterande norske flyplassane. Den 27.01.41 finn vi dei første dokumenta som fortel at tyskarane har sett seg ut Gossen som stad for denne flyplassen. Våren 1941 blir brukt til ei intens planlegging, og allereie ut på sommaren er utbygginga i full gang.

Øya forandrar seg frå ei fredeleg fiske- og jordbruksbygd med 2000 innbyggjarar, til ei heksegryte av aktivitetar. Då flyplassen blei belagt med jagarfly sommaren 1943, var Gossen ei festning med rundt 3600 soldatar og 100 kanonar. Strendene var minelagt med 9250 miner og det var bygd eigen radiostasjon og flymeldeteneste. Fram til desember 1944 var flyplassen belagt med 11-15 fly, men etter at tyskarane trakk seg ut av Finnmark, blei styrken utvida til over 30 fly. Gossen var frå det tidspunktet, den flyplassen i Norge som hadde flest jagarfly, og utover i 1945 var desse flya stadig i kamp, noko som førte til at Coastal Command den 20. april 1945 ba Air Ministry om at Gossen skulle bombast. Heldigvis kom det ikkje så langt.

Det var stor aktivitet på øya; blant anna bygde tyskarane flyplass, eit stort antal bunkerar, kanonstillingar og brakker. I Løvika var det eit stort kystfort knytt til flyplassen. Det var bunkeranlegg på Falkhytten og Tangen, der det framleis er mange restar av anlegga. Det vart først etablert fangeleir i lokala til kvalstasjonen på Nyhamna. Seinare vart det fangeleir på Småge og Riksfjord. Det var mange russiske fangar her, og mange av dei omkom. Ved Aukra kyrkje er det eit minnesmerke over desse.

11.1 Stiftelsen Gossen krigsminnesamling

I samband med 50-årsjubileet i 1995, vart det samla inn stoff og dokumentasjon til ei utstilling. Innsamlingsarbeidet viste at det var mykje stoff og historie frå denne tida som ikkje er kjent. Dette førte til at ein del personar har vidareført det historiske granskingsarbeidet, og ei kommunal arbeidsgruppe og byggenemnd bygde opp ei krigsminnesamling. I mars 1998 vart det i Formannsskapet vedteke at Stiftelsen Gossen krigsminnesamling skulle opprettast. Permanent utstilling skulle etablerast i Skyttarhuset, Aukra Jeger- og Fiskerforening sine lokale. Stiftelsen Gossen krigsminnesamling fekk overført eigarskap til gjenstandar og materiell i samlinga. Utstilling på Skyttarhuset vart plassbygd, og her er det bilete, teikningar, gjenstandar og modellar av Røssøyvågen og flyplassen slik det såg ut i krigsåra. I samlinga er det også gjenstandar deponert frå Forsvarsmuseet Rustkammeret i Trondheim.

Materiale frå Gossen krigsminnesamling er også lagra i kjellaren på kommunehuset, i samband med utstillingar som har vore i kommunestyresalen og Frivilligsentralen.

11.2 Løvik kystfortforening

Oktober 2019 var det oppstartsmøte for Løvik kystfortforening. Foreninga har vore i gang frå den tid, og fokuset for arbeidet så langt har vore rydding av vegetasjon på bunkeranlegget i området Kleivhaugen og Purkeneset. Lyng, mose og småvegetasjon er teke vekk, og det har blitt felt sitkagraner. Mange av sitkagranene har blitt flisa opp og lagt som dekke på turstiane. I samarbeid med Aukra kommune har det blitt laga informasjonsskilt, og det er planer om nytt skilt med ortofoto over heile området. Dette er også eit område med turstiar. Dei fire rusta kanonane i området har kommunen fått restaurerte og sett ut igjen i kanonstillingane i området som er rydda. Det trengst framleis meir rydding av vegetasjon her, og etter kvart må kystfortforeninga legge planer for informasjon om bunkeranlegget, tilrettelegge for guida vandringar i området og vidare planlegge korleis området skal brukast. Her kan liknande kystfort vere gode eksempel på drift. Løvik kystfortforening kan rekruttere fleire medlemmar, og det kan vere interessant å ha eit samarbeid med både sogenemnda og historielaget i kommunen om dokumentasjon og formidling av lokalhistorie. Ei aktiv kystfortforening med eit styre som har fordelt oppgåver og ansvar, vil vere effektivt for både å søke aktuelle midlar til tiltaka og arbeide i tråd med aktuelle mål i ei god handlingsplan.

11.3 Tiltaksplan

Aukra kulturminneplan, som er utgangspunkt for ny kulturmiljøplan, seier at Aukra si krigshistorie skal takast vare på. Gjennom jubileumbok utgitt i 1995, ei rekkje artiklar i Aukra gjennom tidene og etablering av Gossen krigsminnesamling, er historia godt dokumentert og teken vare på. Det er då viktig at krigsminnesamlinga vert bevart i Skyttarhuset der denne vart plassbygd. Aukra Jeger – og Fiskeforening er positive til at krigsminnesamlinga framleis står i Skyttarhuset. Avtale mellom Aukra kommune og Aukra Jeger- og Fiskerforening må fornyast, slik at avtale er skriftleg dokumentert. I kommunen sitt budsjett, kulturavdelinga, må det settast av øyremerka midlar som sikrar å dekke leige av lokala. Aukra kommune er ein del av Masterplan 2030, Molde og Aukra reiselivsutvikling. Masterplanen er nemnt i Aukra sin kommuneplan, men har enno ikkje konkret innhald. Det

er eit mål at turistinformasjon skal etablerast i Aukra kulturhus før sommarsesongen 2023. Gossen krigsminnesamling må vere ein viktig del av kulturminne som blir ein del av kommunen sine lokalitetar ein vil marknadsføre i reiseliv og turisme. Gossen har ei spesiell krigshistorie som det er naturleg å gjere meir kjent. Dette kan gjerast i samarbeid med Løvik kystfortforening og Løvikremma. I Løvikområdet skal det lagast ny tursti, og det gjer området meir attraktivt som turområde og med guiding om krigsminne. Krigsminnesamlinga kan vere open for publikum i same tidspunkt som Løvikremma, som også har kafétilbod.

Tiltak	Tid	Ansvar
Lage tiltaksplan for utvikling av Løvik kystfort.	2023/24	Løvik kystfortforening Aukra kommune
Skilt med ortofoto av krigsminne og turstiar i kystfortet.	Når trasé for ny kyststi er klar.	Løvik kystfortforening Aukra kommune
Bevare krigsminnesamlinga på Skyttarhuset		Aukra kommune
Bruk og sikring av krigsminnesamlinga		Aukra kommune Aukra jeger- og fisk Rustkammeret

12.0 Skolar og forsamlingshus i Aukra

Før det kom skolebygningar, måtte elevane gå på omgangsskole. I 1739 kom den første norske skoleloven, som grunnlag for omgangsskolen. Fordi det ikkje var eigne skolebygg, reiste lærarane rundt på omgang og underviste. I 1860 kom fastskoleloven, som påla kommunane å etablere faste skolar. På møte i skolekommisjonen 2.januar 1861 vart Aukra delt i skolekrinsar, og kommisjonen skulle finne eiga stader for skolebygg. Kyrkja organiserte undervisninga og tilsette lærarar. Førstelærar måtte ”havet bestaaet den anordnede Afgangsprøve ved ett av Rigets Seminarer” eller tilsvarande. Var det meir enn 30 elevar, skulle det byggast skole.

12.1 Læreplan for Aukra

I 1889 kom den første lova om folkeskole. Lova kravde at kvar kommune skulle utarbeide ein læreplan som gjaldt for alle skolane i kommunen. Ein slik læreplan finns i Aukraskolen sitt arkiv. Planen vart vedteke i Akerø skolestyre 6.januar 1913. Planen inneheld fagplanar, eksamensreglement, ordensreglar og reglement for tilsynsutval. Det er også metodiske tips til læraren. Det var strenge krav til elevane for at dei kunne flyttast til neste klasse og til slutt skrivast ut av skolen. Læraren hadde også andre oppgåver den gongen. Han skulle vaske golvet i klasserommet og fyre for å halde rommet varmt. Han skal også sjå til at elevane er reine, tørre, kamma og ordentleg påkledde når dei kjem på skolen. Læreplanen har mykje artig og interessant skolehistorie.

12.2 Julsundet

På fastlandet kom Mordal skole i 1878 og Fanghol skole i 1886. Fanghol eldste skole var 6,2

meter langt og 5,63 meter breitt. I bakkant var det eit lite rom for lærar og for brennfag. Omnen tok også plass i klasserommet. Den første skolen sto om lag der som inngangsporten til noverande gamleskole sto. Gamleskolen vart bygd på dugnad. I 1940 sto murane ferdige, men ein venta med vidare bygging ei stund. Men i 1941 sto skolen ferdig, og gamleskolen står framleis nær nyskolen i Julsundet. Gamleskolen vart etter kvart for liten, og i desember vart den nye skolen i Julsundet teken i bruk. Skolen var også samfunnshus. Julsundet var ei bygd i vekst, så skolen vart ombygd og påbygd og sto ferdig som skole og fleirbrukshus i 2018. Sjå også tidlegare omtale av omgangsskole og fastskole i Aukra.

12.3 Gossen

Første skolen i Aukra var Solem skole frå 1863. Det var mange små skolar rundt om på øya, som Breivik, Sporsem, Nerbø og Rindarøy. Sporsem skole står enno, men er i privat eige. Mykje av det opprinnelege er framleis tekne vare på. Fleire av dei små bygdeskolane har blitt rivne, slik at Riksfjord skole, og seinare Gossen barne – og ungdomsskole har blitt felles skolar for heile Gossen.

12.4 Aukra folkehøgskule

Aukra Folkehøgskule starta opp i 1918, på ei bygsla tomt på 26 mål som vart kalla Noatun, bustaden til havguden Njord. Bygningsmassen vart flytta frå den tidlegare amtsskolen på Vikebukta i Vestnes. Viktige fagområde for skulen var retta mot fiskarungdom som fekk moglegheit til å utdanne seg til kystskipper. Den sosiale profilen til folkehøgskulane betydde at ein kunne ta eksamen i navigasjon, noko som elles var kostbart for ungdom på bygda. Romsdal Husmorskule skule etablerte seg i same tidsrom i folkehøgskulelokala og nytta desse når det var ledig kapasitet. Etter kvart utvikla folkehøgskulen seg til ei fagretning retta mot maritim utdanning.

12.5 Statens Fiskarfagskole, Aukra

Noreg sin eldste fiskarfagskole – Stortinget bestemte 26.mai 1939 at den første fiskarfagskolen skulle plasserast på Aukra. Bygningane til Aukra Folkehøgskule vart brukte til undervisning. Fiskarfagskolen starta undervisning i oktober 1939. Første året var det 35 elevar som søkte. Det var internat på skolen. Skolen si første tid var sterkt prega av okkupasjonen. I 1941 tok tyskarane bygningane i bruk og undervisninga vart flytta til folkeskulelokale i Misund. Elevane vart innkvarterte hos lokalbefolkninga. Her var det undervisning til krigen var slutt. Sven Sømme, biolog, havforskar og motstandsmann, underviste på Fiskarfagskolen. Undervisninga kom i gang igjen i dei gamle lokala hausten 1945. Sentralt i fagplanen i tiåra etter krigen var fiskeskipperkurset, der ein kunne ta radiotelefonisertifikat og radarsertifikat. Seinare vart det utvida med utdanningstilbod innan naturbruk og hotell- og næringsmiddelfag, i tillegg til utdanning i fiske, fangst og skipperutdanning. Skolen har hatt stor betydning for kystkommunane når det gjeld opplæring og rekruttering til maritime næringsvegar.



Skoleplansjar frå Breivik skole. Foto: Berit Drejer

Tiltak	Ansvar - når - økonomi
Samle skolehistorie og dokumentere dette digitalt. Registrere i nytt verktøy for dokumentasjon,	Aukra kommune Sogenemnd og historielag
Få oversikt over gjenstandar knytt til tidlegare undervisning, som plansjar, kart globus mm.	Aukra kommune Sogenemnd og historielag
Utarbeide plan for formidling av gamle gjenstandar frå undervisning i utstillingslokalet. (t.d plansjar)	Aukra kommune Sogenemnd og historielag
Sikre bevaring av Gamle Fanghol skole og Sporseem skole eksteriørmessig.	Aukra kommune

12.6 Soltun forsamlingshus

Soltun samfunnshus

Det første Soltun vart bygd på Falkhytten i 1912. Under 2. verdskrig vart det rive av tyskarane for å gje plass til ei kanonstilling.

Gossen Frilynde Ungdomslag fekk bygd eit nytt Soltun. Tomta vart skjøtt over til ordføraren og folket på Gossen av Johan Varhaugvik og Ludvik Hjertvikrem. Bygget sto ferdig i 1950 og vart innvigd med stor fest. Scenekulissane var dekorerte av Jo Vestly, og Soltun vart eit av landet sine største forsamlingshus. Det hadde den gongen scene som held krava til Riksteateret. Huset vart brukt av ungdomslag, songarlag, bondekvinnelag, misjonslag og spelemannslag. Det var mange, både frå Gossen og andre, som brukte huset.

Då huset vart bygd, var det utedo i eige bygg. Seinare vart delar av kjellaren grove ut, og her vart det toalett og garderobe.



FOTO: PER LØVIK

I 1983 vart Soltun bygd ut, og det vart kalla samfunnshus. Det vart ny sal med kjøkken og garderobar og dusjar under scena. I 1984 vart det kommunale biblioteket opna. Det låg under heile langsida av tilbygget. Mange lag og organisasjonar brukte huset, og kinoen held også til her.

I 2018 overtok Aukra kommune eigedomen. Soltun vart rive og Aukra kulturhus er bygd på Soltun si tomt. Delar av golvet på Soltun er brukt i Soltun scene. Det er eit minne om Soltun si historie og samanhengen mellom alt som har skjedd på Soltun og skal vidareførast i det nye kulturhuset.



FOTO: DIGIMUSEUM / ROMSDALSMUSEET

13.0 Julsundet



Foto: Romsdalsmuseet

Garden Mevold i Julsundet– tidlegare postkontor, telefonsentral og butikk

Garden Mevold, Våillå, ligg midt i bygda Julsundet. Bak gardstunet ligg fjellet Vollnakken. I tunet er det eldhus, vedskjå, garasje og bak driftsbygninga eit større reiskapshus. Det gamle våningshuset låg omtrent der eldhuset ligg no. Før hadde garden sommarfjøs, og ved sjøen er det naust som høyrer til garden. Ved Vollelva har det også vore kvern. Hans og Marie Mevold dreiv garden.

Garden låg midt i bygda, og var såleis ein naturleg stad for ein del offentlege tenester i bygda. I 1922 var Hans Mevold tilsett som brevhusbestyrar og hadde ansvar for ombringning av post frå Mevold til Aureosen. Frå 1923 vart sakliste for heradstyremøta lagt ut på Mevold til offentleg gjennomsyn. Gjennom ein del år hadde også trygdekasseraren nokre faste dagar i året kontor i daglegstova på Mevold, der folk kunne komme med rekningar.

Omkring 1927 vart det starta landhandel i kjellaren på Mevold. Hans Mevold hadde også drosje og køyrde i mellomkrigstida turistar som kom med turistskip til Molde. Det var turar til Varden, og rundt Skaret, om Julsundet og til Molde igjen. I 1912 tilrådde heradstyret telefonlinje Molde – Hollingen- Aureosen, med stasjon på Mevold. Sentralen sto første gongen i telefonkatalogen i 1921, med ein abonnent; lærar og heredskasserar K. Hollingen. Då Hans Mevold starta som telefonstasjonshaldar hadde han kr. 50,- i årsløn. I 1969 vart telefonsentralen nedlagt, og den siste av dei offentlege funksjonane på Mevold tok slutt. Bygningane i tunet står framleis. Fasaden på våningshuset er noko endra, men glasverandaen og rosa i tre mellom etasjane er der enno.

13.1 Fotominne frå Julsundet



Rodestein i Julsundet. Foto: Leif Monsen



Ferjesambandet Julsundet – Otrøya. Foto: Romsdalsmuseet



Snurpenotfiske. Foto: Romsdalsmuseet

14.0 Formidling

4.1 Barnebarna – framtida.

Tenk deg å vere seks år. Far din viser deg ei stor gravrøys. Her ligg det ein mann. Han har kanskje fått med seg eit sverd i grava. Det kan også vere gull og perler i røysa.

“Åh, pappa. Kan vi ikkje grave ut og sjå?” Det kunne vi ikkje.

Far viste meg også buplassen frå steinalderen, der han som gut fann pilspiss i flint. Her kunne det vere fleire pilspissar, og her grov vi – utan den gongen å vite at ein ikkje kan grave kor som helst. Eg tok med stikkspaden opp i myrane og fann mykje flint. Fascinasjonen vart vekt, og den er der framleis, seksti år etter.

Fascinasjonen kjem fort når du ikkje er så gammal, - forteljing om fortida fenger. Så formidling til barn, barnebarn og elevar er viktig. Foreldre og besteforeldre er veldig viktige her. Barn og unge får opplevingar og kunnskap med seg vidare. Og det er fleire arenaer å formidle på. Formidling til barn er ein veldig god måte for å bevare kulturminne og sikre at kunnskap vert vidareført.

I Aukra kommune ønskjer ein å formidle lokalhistorie til barn og unge. Skolane er viktige i dette arbeidet, der dei skal bruke kunnskap om lokalhistorie både i den generelle historieundervisninga og i andre fag som kan knytast til lokalhistorie. Forteljingar om heimstaden min kan vere eit utgangspunkt for formidling av den lokale historia. Det hadde vore gunstig å starte formidling av lokalhistorie og kva som finns i nærmiljøet allereie for dei eldste barna i barnehage, men det er ikkje utarbeidd planer for dette i dag.

Elles har ein i det nye kulturhuset gjennomført eit kunstprosjekt knytt til kulturskolen si kunstfaggruppe. Prosjektet var i samarbeid med ein lokal biletkunstnar, med lokalhistorie som tema. Det var eit vellukka prosjekt som ein vil etablere som ein årleg aktivitet. Når fleire etatar er under same tak i kulturhuset, vil det også vere lettare og samarbeide om andre prosjekt om formidling. Det er mange tema i Aukra si historie som eignar seg godt som tema for barn og unge.

Til hjelp i dette arbeidet kan Aukra kommune sette av ein årleg sum til formidlingsprosjekt. Då kan ein ha midlar til eit samarbeid med lokale kunstnarar og andre, som vil gjere historie både artig og lærerikt. Formidling er bevaring.

Tiltak	Ansvar - økonomi
Årleg prosjekt om lokalhistorie, knytt til kulturskolen og i samarbeid med biblioteket og kulturformidlar, t.eks. fotoutstilling.	Kulturskole, bibliotek, kulturformidlar. Øyremerka midlar til prosjekt.
Bevilge midlar øyremerka formidlingsprosjekt og arrangement, der sogenemnd og andre frivillige lag og organisasjonar kan søke.	Aukra kommune
Søke Kulturminnefondet til midlar for aktuelt prosjekt knytt til formidling	Kulturavdelinga Vår/haust2023
Lage utstillingar i biblioteket knytt til lokalhistorie med målgruppe barn og unge. Presentere aktuell litteratur.	Kulturavdelinga Biblioteket



Lokalhistorie er spanande på mange måtar. Foto: Berit Drejer

Ordet

Ord som er tala	Ord døyr
eller skrivne	når ingen les
døyr ikkje i dag	eller hugsar
eller i morgon	det som var skrive
	og sagt

14.2 Liljå - utstillingsrom til formidling

Det nye utstillingshuset i kulturhuset gir ei flott moglegheit til å formidle lokalhistorie på ulike måtar. Det gjeld både sogenemnd, historielag og kystfortforeninga. Eit samarbeid om formidlingsprosjekt vil kunne gje mange prosjekt som kan gje innbyggjarane ny kunnskap og interesse for lokalhistorie. Det er mykje som ikkje er kjent av folk flest, så det er forskjellig som kan gjerast her. Dei lokalhistoriske gruppene kan også samarbeide med kulturskolen og andre frivillige lag og organisasjonar. Her kan ein vere kreativ og finne nye måtar å formidle på.

14.3 Foto som minne

Foto er eit kollektivt minne og eit spennande skattkammer å utforske. Her kan du finne mykje om bygningar, bustadmiljø, arbeidsmåtar og handverk. Og foto av menneske som har levd før er også interessant å sjå. Det er klesdrakter, hattar for kvinner og menn og håfrisyrar. Alt vi ser på foto kan gi refleksjon om endringar i levemåte og levestandar frå tidlegare tider samanlikna med livet i dag.

Det var jo ikkje mange som hadde fotoapparat tilbake i tid. I dag tek alle foto i store mengder med mobiltelefonen. Kamera har jo også lenge vore for alle, i den grad folk har interessert seg for det. Før var det fotografane og nokre få med ekstra interesse som tok foto. Foto frå fotografane viser portrettfoto og familiefoto, med fine klede og hattar og ofte alvorlege ansikt. Bryllaupsfoto og foto frå gravferder var også vanlege. I vårt område var det

fotografane i Molde; Birkeland, Kirkhorn og Legernes som tok det meste av foto.

Erik Birkeland var den første fotografen som etablerte seg i Molde. Han starta i 1867 og hadde atelier i Parkveien fram til 1921.

Jacob Kirkhorn starta som fotograf i Hornindal omkring 1960. Han vart kemner i Molde og starta atelier i Molde i 1869. Han tok både portrettfoto og landskapsfoto.

Lasse Legernes vart fotograf på Vestnes tidleg på 1900-talet. Han drog rundt i båt eller med hest og fotograferte gardar og verft langs fjorden. Han fotograferte også på amtsskolar og på landbruksskolen på Gjermundnes.

Aukra har ei fotosamling med mange gamle foto. Kven som har fotografert veit ein ikkje alltid. Mange foto er registrerte, der dei opplysningane ein har også er dokumenterte. Det manglar likevel eit system der foto og opplysningar er kopla saman og dette er søkbart og lett og finne fram i. Det er mange foto frå nyare tid som ikkje er registrerte med opplysningar, så her er det eit stort arbeid som skulle vore gjort. Det vert teke foto kontinuerleg, ved arrangement og aktivitetar i kommunen. Kulturminne og kulturmiljø er også dokumenterte gjennom foto, og ein del kulturminne forsvinn også. Då er gode foto verdfullt og registrering og lagring av all informasjon svært viktig. Eit godt system for denne registreringa trengst. Det er gjort førespørslar for å finne eit verktøy som vil fungere. Både Riksantikvar, Romsdalsmuseet og Møre og Romsdal fylkeskommune har eit verktøy som fungerer godt. Her kan foto og opplysningar leggest inn og knytast til ulike søkeord, slik at det er lett å finne fram. Med eit slikt system kan ei omfattande fotosamling gjerast tilgjengeleg kommunalt og for andre som treng foto og opplysningar til ulike føremål.

Tiltak	Ansvar - når
Innkjøp av verktøy til lagring og dokumentasjon av foto.	Kommunen Snarast - for å ta vare på viktig kulturarv.
Registrere og dokumentere foto i Aukra kommune gjennom eit tidsavgrensa prosjekt. Seinare jamleg oppfølging for å vedlikehalde fotosamlinga.	Kommunen- snarast Bevilge midlar til arbeidet. Sogenemnda og historielaget.



Ein slik skulle ein hatt! Foto: Aukra kommune

14.4 Turisme – kulturisme

Aukra burde ha eit lokale til utstilling og informasjon. Aukra er ein liten kommune, og Gossen er ei lita øy. Det har likevel skjedd mykje spennande og interessant her, noko som gjer at det er ei historie med stor variasjon i tema gjennom fleire hundreår. Eit godt lokale for informasjon og utstilling hadde gitt høve til å vise fram dette og latt historia komme til sin rett. Det er tomme lokale fleire stader på Gossen, som Aukraheimen, Riksfjord skole og Fiskarfagskolen. Kanskje noko kan gjenbrukast til museal utstilling? I dag har ein berre delar av ei krigsminnesamling på skyttarhuset i Løvika som ikkje er tilgjengeleg for publikum, og berre tilgang til Løvikremma deler av sommaren. Med tanke på turisme, er turistar interessert i lokalhistorie presentert på gode måtar. Det som er annleis og gir eit lokalsamfunn eit særpreg har appell, (jmfr. Røros, Bryggen, Trollveggen). Aukra har historie som fortel om aktivitet og hendingar i lokalsamfunnet, samstundes som ein del av historia knyter Aukra til verdsamfunnet og til og med til norsk og internasjonal politikk.

14.4.1 Kultur som næring

I det området vi no kallar for Noreg, har det budd menneske i omlag tolv tusen år. Dei har budd i naturen og brukt naturen til føde og aktivitet. Menneska har sett spor i landskapet og omskapt naturen til levande kulturlandskap. Bygningar, steingjerde, bruer, stiar, vegetasjon

og utmark viser oss korleis dei før oss har levd. Dette har skapt kulturmiljø, der fleire kulturminne utgjer eit større miljø som heng saman.

Noreg har mykje kjent og attraktiv kultur og natur som turistane vil oppleve. Fjordane våre er spesielle og vert omtalte som verdsarven. Turistane er likevel interesserte i kvardagshistoriene til dei som bur på dei ulike plassane. Den immaterielle kulturarven som fortel dei gode og interessante historiene har alltid stor appell. Korleis er det for folk å leve i denne naturen og kulturen? Kvardagsmøte med menneske set turistane pris på, der ein god bussjåfør er formidlar eller ein fekk slå av ein prat med folk ein møtte. Musikk, dans og forteljingar om livet på staden er også gode opplevingar. Her må ein vere godt vertskap og tilby gjestene det dei ønskar, og som dei difor vil betale for. Turistane vil ha både natur og kultur.

Det er mange gode eksempel frå heile landet der kultur og opplevingar vert brukt aktivt i arbeidet med å utvikle spennande og attraktive stader. Den fysiske kulturarven med kulturminne og kulturmiljø kan vere viktige ressursar både for kulturnæringane, lokalsamfunn og regionar. Aukra kommune skal stille seg til rådighet med fagpersonar og vere brubyggjarar for at næringslivet også skal kunna nytte seg av kunnskapen og potensialet som ligg i kulturminna i Aukra. Gjennom ei heilskapleg satsing på bevaring, tilrettelegging og formidling kan kommunen medverke til å vidareutvikle Aukra som destinasjon.

Ei heilt konkret formidling i kommunen er å finne informasjon om bakgrunnen for dei lokale stadnamna. Det er mange namn ein ikkje tenker over betydninga av, og det er alltid artig og interessant å vite meir om det. Eit eksempel her er jo namnet Falkhytten. Det er eit namn alle kjenner, men ingen visste kva som var bakgrunnen for namnet. No veit alle at det er falkefangsten som var her som gjorde at namnet oppstod. Ikkje alle namn har ei slik spesiell historie, men det er uansett kjekt å kjenne til dette, både for lokalbefolkninga og turistar. Lokale stadnamn er viktige språklege kulturminne. Eldre stadnamn er ofte munnleg overleverte mellom generasjonane. Namna formidlar kulturhistorie på den måten at dei fortel om busetting og ulik drift og bruk av område. Denne kulturarven kan forsvinne om ikkje namna blir registrerte og tekne vare på. Her kan lokale historielag samle namn og tydingar for å registrere dei og formidle dette på ulike måtar. Stadnamn er også ofte interessant og artig for turistar. Det er namn ein kan lure på kva betyr, namn ein forstår bakgrunnen for og namn som ein ler godt av.

14.5 Mange måtar å formidle på

Ein god del kulturminne i Aukra kommune er tilrettelagt med informasjonsskilt. Her har Aukra kommune gjort eit godt arbeid, men det kan også gjerast meir. Kommunen er også aktiv med formidling gjennom utgjeving av sogeheftet "Aukra gjennom tidene", som kjem ut ved juletider kvart år. Det er også gjort revisjon av bygdebøkene med gards- og ættesoge. I kulturhuset har også formidling fått plass gjennom val av namn på mange av romma. Nokre av namna viser den lokale dialekten, samstundes med lokalhistoria. Ved kvart rom er det laga små skilt med illustrasjon og litt informasjon om historia bak namnet. Det er eit dekorativt element i huset, og det fortel lokalhistorie til alle som er innom huset. Det kan også knytast til turistinformasjon. Eksempel på desse skilta vert vist i planen.

Det er ei utfordring å kunne formidle lokalhistorie til barn og unge, men dette er ei viktig gruppe å formidle til. Det er dei som etter kvart skal ta vare på og igjen formidle vidare Aukra

si historie. Då må ei prøve å finne nye måtar å gjere dette på. Lokalhistoriske tema kan brukast i små utstillingar i utstillingsrommet "Liljå". Det er mange interessante og spennande tema å bruke her. Det kan vere gamle foto, og knytt opp til det kan ein ha hatte- og klesutstillingar. Eit anna tema som skulle vere interessant for mange er matkultur. Gamle kokebøker og handskrivne oppskriftsbøker kunne stillast ut. Her ville tidlegare matkultur få eit fokus.

Gode informasjonsskilt er også viktig formidling. Aukra kommune har ei skiltplan, med systematisk produksjon eller fornying av skilt. Mange skilt står ved turstiane, eller dei står ved dei aktuelle kulturminna. Det er fleire som er planlagt skal produserast, og dette er også viktig i samband med turisme. Kommunen har planer om å etablere turistinformatjon i kulturhuset, og gode informasjonsskilt er viktig i kombinasjon med digital informasjon.

14.6 Frivillige si rolle i lokalt kulturvern

Mange frivillige har mykje kunnskap om kulturminna på heimstaden og er stolte over desse. Då brenn dei gjerne for å formidle kunnskapen, slik at fleire blir engasjerte og kan ta vare på og vidareføre. Det trengst at kvar generasjon kan formidle kunnskap og engasjement for at dette ikkje skal forsvinne. Det frivillige arbeidet inneber handverk og restaureringsarbeid, aktiv bruk av kulturminne, munnleg og skriftleg forteljing.

Menneske sitt store engasjement er viktig. Kulturminne som Bryggen i Bergen, Nidarosdomen i Trondheim og gruvene på Røros hadde ikkje blitt bevart utan eit stort engasjement for det.

Kulturminnedagane som blir arrangert over heile landet, gir høve til å velje kulturminne som får ekstra fokus, der ein inviterer til formidling og opplevingar knytt til kulturminne. Dette er omtalt som Norges største historie- og kulturarvsfestival, der det er fleire hundre arrangement rundt om i landet. Arrangørar kan vere frivillige lag og organisasjonar, museum og kommunar. Dette er ein dag som har vore markert i Aukra også, ofte i samarbeid med ordførartur. Det er ei flott moglegheit til å engasjere lokalbefolkninga og formidle kunnskap om interessant lokalhistorie. Derfor skal det satsast vidare på dette.

Å vere pådrivar for etablering av frivillig historiarbeid er eit satsingsområde for Aukra. Vi har soge nemnda, Aukra historielag og Løvik kystfortforening som etablerte foreiningar som arbeide med lokalhistorie. Her trengst fleire medlemmar, og desse kan også finne felles arenaer å samarbeide på. Kommunen er avhengig av frivillige lokalhistorikarar sin kompetanse og kjennskap til dei ulike kulturminna, samt forteljingar knytt til desse. Det er eit ibuande og framtidig behov å få løfta fram både materielle og immaterielle kulturminne som formidlingsverdiar. For å oppnå ei slik målsetting er det viktig å inkludere interesserte personar frå lokalsamfunnet. Dei frivillige sin historiske kompetanse og samkjensla deira med eiga kulturarv skal vere ein del av ryggmargen i kulturminneplanen.

Ved å fremje ei aktiv deltaking frå innbyggerane si side i arbeidet, vil det bidra til å auke kunnskapen og interessa om lokale kulturminne. Kulturarven vert også formidla til nye generasjonar. Det er ei målsetting at kulturminnearbeidet skal skape positive ringverknader både for innbyggerar, så vel som næringsliv og over tid også kunne bidra til å oppnå auka verdiskaping i kommunen.

14.7 Formidling i språket

“Ord døyr når ingen les eller hugsar det som var skrive og sagt.” Knut Huse

Kulturarven er knytt til språket. Kulturarv og kulturminne har eit eige språkuttrykk knytt til eit handverk eller arbeidsområde. Mange av desse orda vil forsvinne dersom nettopp dette språket og ordforrådet ikkje vert lært vidare til barn og unge. Tenk på kystkulturen og fiskarbonden i Julsundet og på Gossen. Fiskarbonden dyrka og fiska og brukte mange ord og uttrykk gjennom ein arbeidsdag, knytt til det han gjorde. Alle rundt han forstod kva han snakka om. Alle visste kva tofte, tilje, nugle og klepp var. Vabein visste også folk kva var. Færre og færre veit det no, fordi ein ikkje treng å vite det. Fisken kjøper vi på butikken, vi treng ikkje ut i båt for å fiske mat. Når dei som veks opp no ikkje kjenner språket kulturarven er pakka inn i, vil dei gjerne i mindre grad tenke det er noko å ta vare på. Det du kjenner kjem du nærare. Så slik vil også språket vere ein del av formidling for å bevare.

Tiltak	Ansvar - når
Små utstillingar i Liljå - lokalhistoriske tema.	Sogenemnd, historielag i samarbeid med biblioteket. Gjennom heile året.
Kunstprosjekt med skoleelevar, knytt til lokalhistorie. Samarbeid med kunstnar.	Kulturskolen, biblioteket. Kvar haust.
Filme eldre som fortel ting dei har opplevd eller fått fortalt, gjerne som ein samtale.	Sogenemnd Samarbeide med biblioteket om framvisingskveldar.
Aktivt bruke kulturminnedagen til god formidling av lokalhistorie.	Sogenemnd, kulturadministrasjon, bibliotek. September kvart år.
Produsere skilt med informasjon om aktuelle kulturminne.	Kulturadministrasjon i samarbeid med sogenemnd og historielag.
Sogenemnda etablerar facebookside for å formidle arbeidet med lokalhistorie.	Sogenemnda – i løpet av 2023.
Samle og formidle lokale namn og tydinga av desse.	Sogenemnd og historielag
Utgreie moglegheit for lokalisering av museal utstilling som viser Aukra kommune si historie frå steinalder til gassalder.	Aukra kommune

14.8 SKILT til formidling i Aukra kommune

Oversikt, tilstand og handlingsplan

Nr	Stad	Prod.år	Tilstand	Merknad	
1	Storesteinen, Eikrem		god	glass	
2	Eikremgarden		øydelt Truleg hærverk	ikkje plate	
3	Eikrembukta		bra stand		
4	Depotfunn, Eikrem		bra stand pilsilt Sommarfjøshaugen flyttast nærare vegen	plata er laus	
5	Kulturminne og turstiar Hovedskilt v Ormenanlegget		god		
6	Tursti til Nøre Skarhaug		øydelt		
7	Nøre Skarhaugen		god	nytt 2018	
8	Tursti til Nøre Skarhaug 3		øydelt, delvis flassa av	laust feste	
9	Tursti til Ørnehaugen		øydelt	laust feste	
10	Utsiftingskart Eikrem	2023	god	reprint	
11	Steinalder-barnegrav				
12	Futvika husmannsplass	2023	god	reprint	
13	Steinsneset panorama	2023	god	reprint	
14	Ørneh.- kultur og anlegg				
15	Jermannburet		god	fornya	
16	Jernaldergarden Holmesundet		god		
17	Noatun, Holmesundet		god		
18	Roktamonumentet	2023/24		nytt skilt	
19	Falkeparken- falkefangst	2018	god		
20	Falkeparken – krigsminne	2017	god		
21	Ingridsteinen – gravrøyser	2019	god		
22	Kleivhaugen	2019	god		
23	Horrem kvernhus	2022	god		
24	Aukraskogen	2023	god	treramme	
25	Røssøyvågen Unikt kulturmiljø			nytt skilt	

26	Aukrabolten	2021	god		
27	Påskeliljemarka	2021	ok	laminert ark festa på treskilt	
28	Julsundmarka	2022	god	med ortofoto treramme	
29	Aukra sin eldste steialderbuplass Ørnehaugen	2023	god	reprint	
30	Kommunevåpenet - gullfunnet- på Falkhytten			nytt skilt 2024/25 turistinfo	
31	Ramus – ved kyrkja			nytt skilt	

Saman passar vi på kulturminna !



Foto: Aukra kommune

Skriv, ring – ta kontakt og fortel oss om kulturminne som må takast vare på og som må skrivast om i kulturmiljøplanen. Då kan vi saman bevare kulturminne og gi vidare dei som kjem etter oss.

15.0 Lovverk og rammer

Det er to viktige lovar som omtalar vern av kulturminne. Det er kulturminnelova og plan- og bygningslova. Kulturminnelova gjeld før plan- og bygningslova og er ei særlov.

Kulturminnelova er forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt nivå og fylkeskommune, sameting og museum på regionalt nivå.

Andre planer og rammer legg også føringar for kva som skal vektleggast i ei kulturmiljøplan, så det må også nemnast som grunnlag for innhaldet i planen

15.1 Lov om kulturminne

Kulturminnelova gjeld kulturminne av nasjonal interesse og definerer kva kulturminne som er automatisk freda. Her er også reglar for freding etter enkeltvedtak og regulering av eigedomsrett til lause kulturminne. Lov om kulturminne er kommunane sitt verkty i kulturminnevernet.

Lov om kulturminne § 2 definerer kulturminne slik:

“Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som en del av en større helhet eller sammenheng. Reglene om kulturminner og kulturmiljøer gjelder så langt de passer også for botaniske, zoologiske eller geologiske forekomster som det knytter seg kulturhistoriske verdier til. Etter denne lov er det kulturhistorisk eller arkitektonisk verdifulle kulturminner og kulturmiljøer som kan vernes. Ved vurdering av verneverdier kan det i tillegg legges vekt på viktige naturverdier knyttet til kulturminnene”.

15.2 Plan og bygningsloven

Lova er frå 2008, og kan seiast å vere det viktigaste kommunale verkemiddelet for bevaring av kulturminne og kulturmiljø. Gjennom lova kan kommunen sikre bygningar som er vurdert bevaringsverdige. I arealplanar er kulturminne sikra med omsynssoner og føresegner til desse. Lova gir også kommunen heimel til å gje pålegg om utbetring av bygningar der dette vil auke bevaringsverdien.

PBL § 11-8 omhandlar ulike omsynssoner: “Kommuneplanen sin arealdel skal i nødvendig utstrekning vise omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av areal. “

PBL § 11-9 seier at kommunen, uavhengig av kommuneplanen sin arealføremål, også kan vedta føresegner om ulike omsyn. Desse er kategoriserte i fleire punkt, der det eine omhandlar kulturminne og omsyn som vert teke ved bevaring av eksisterande bygningar og anna kulturmiljø.

PBL § 12-7 omtalar føresegner i reguleringsplanar, og slår fast at det kan settast føresegner for å sikre verneverdiar i bygningar og andre kulturminne og kulturmiljø. Det kan gjelde vern av fasade, materialbruk og sikring av ulik natur.

Lova er kommunen sitt verktøy i kulturminnevern. Plan- og bygningslova gir heimel til å sette av areal til omsynssoner for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø.

Fylkeskommunen skal vere fagleg rådgjevar.

<https://www.riksantikvaren.no/lovverk/>

Loven gir høve til å regulere område til spesialområde der formålet er bevaring.

Vernearbeidet vart knytt til den generelle arealplanlegginga.

15.3 Rundskriv nr. T-3 /00 - Forvaltning av kirke, kirkegård, og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø

Kyrkjer bygd i perioden 1650-1850 er rekna som særleg verneverdige kulturminne.

16.0 Automatisk freda kulturminne

Automatisk freda kulturminne som til dømes ein buplass frå steinalderen, eit forsvarsverk som ei bygdeborg, eller ei gravrøys frå jernalderen vart tidlegare kalla fornminne. I eldre litteratur som omhandlar kulturminne vert ofte denne samleforma nytta for å beskrive våre eldste former og typar av kulturminne. Dette er kulturminne som er freda direkte i lovteksten til kulturminnelova. Det gjeld spor etter menneskeleg aktivitet av ulike slag fram til reformasjonen (1537). Ein treff nokre gonger på nemninga før-reformatoriske og etter-reformatoriske kulturminne innanfor kulturminneforvaltninga. Dette er omgrep som forvaltninga brukar for å skilje på det som er automatisk freda kulturminne før reformasjonen i 1537 og kulturminne av seinare dato, utan ein formalisert vernestatus i utgangspunktet.

I §-4 i kulturminnelova står det: «Ingen må – uten at det er lovlig etter § - 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje». Automatisk freda kulturminne har etter lova ei fastsett sikringszone på 5 meter rundt seg. Dette gjeld alle automatisk freda kulturminne.

Talet på automatisk freda kulturminne er høgare enn kva som er kjent. Det eksisterer framleis gøymde kulturminne nede i jorda, som kjem til syne når det er spørsmål om utbygging av arealet der dei ligg. Ein del automatisk freda kulturminne ligg gøymd under vegetasjonen i utmarksområde. Desse kulturminna er på sett og vis konservert der dei ligg, men når dei kjem fram i dagen skaper dei ofte spørsmål om det er behov for ivaretaking. Ivaretaking av kulturminne vert ofte eit spørsmål om kryssande interessefelt mellom forvaltning og private interesser.

Ved ei fagleg datering eller erklæring som bekreftar at eit byggverk stammar frå tidsperioden mellom 1537 - 1649, vert også desse byggverka, eller restar av byggekonstruksjonar frå nemnte tidsperiode automatisk freda etter kulturminnelova. I databasen Askeladden er det registrert 232 automatisk freda kulturminne frå Aukra kommune i frå før-reformatortisk tid. Dette er kulturminne som mellom anna er knytt til steinalderfunn i form av kokegroper og flintfunn, samt gravrøysar, steinkretsar og bautasteinar som er datert til bronsealder og jernalder.

17.0 Nyare tids kulturminne

Nyare tids kulturminne saknar ein formell vernestatus og er meir utfordrande å sikre for ettertida enn kulturminne med automatisk fredingsstatus etter kulturminnelova. Det er viktig at ein kulturminneplan synleggjer desse mangfaldige kulturminna av etter-

reformatorisk alder, og at ein kommunal kulturminneplan er tydeleg på at ein ønskjer å ta vare på eit representativt utval av desse.

Fleirtalet av dei nyare kulturminna etter reformasjonen i 1537 ligg under kommunane sitt ansvarsområde. Dette kan til dømes gjelde SEFRAK- bygningar. (SEFRAK er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne. SEFRAK= Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Noreg). Det kan også vere steingardar frå det før-moderne landbruket, hustuffer, grensemerke, eldre vegar, naust, ei gammal båtstø, eller ulike typar krigsminne for å nemne nokre eksempel på det mangfaldet som vert kalla nyare tids kulturminne i kulturminneforvaltninga. Alle desse spora er bevis på at folk har levd på andre måtar og hatt andre næringsvegar enn kva som er vanleg i vår samtid. Dei mangfaldige typane av kulturminne kan fortelje oss ein heil del om andre tidsepokar og andre livsstilar. Dei er alle delar av ei større forteljing som omhandlar Aukra kommune, Møre og Romsdal fylke og nasjonen Noreg si fortid.

18.0 Møre og Romsdal fylkeskommune

18.1 Fylkesplan for berekraftfylket M & R 2021 –2024. Regional plan

Fylkesplanen er bygd opp rundt FN sine berekraftmål og dei tre berekraftdimensjonane; klima- og miljøutfordringar, sosial berekraft og økonomisk utvikling. I fylkesplanen er kulturminne og kulturmiljø viktige område som vert knytt til ulike berekraftmål innanfor dei tre dimensjonane. Berekraftmål 17 er samarbeid for å nå måla. Langsiktig utviklingsmål 1 for samarbeid er at M & R og Møre og Romsdal vil vere eit føregangsfylke på samarbeid og skal utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FN sine berekraftmål.

Langsiktig mål 2 for miljøfylket er at Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1.

Arealplanlegginga på land skal bidra til strengare jordvern, meir naturmangfald, og sikre kulturminne og kulturlandskap. Det vert slått fast at den rike og varierte kulturhistoria vår med eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er under sterkt press.

Fylkesplanmål er at Møre og Romsdal skal bevare viktige landskap og redusere tapet av verdifulle kulturminne og kulturmiljø til under 0,4 % årleg.

Langsiktig utviklingsmål 3 er at Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu. Etterspørselen etter opplevingar, aktivitetar og kultur auka. Byane og tettstadane sin arkitektoniske identitet, særpreg og historiske forankring må takast vare på fordi vi veit det skaper trivsel og tilhøyrsløse, og gjer staden interessant å bo i og besøke.

Møre og Romsdal vil vere eit verdiskapingsfylke, der utviklingsmål 4 er å ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentlig sektor. Her vert det sagt at næringsutvikling med grunnlag i lokale ressursar må takast ut. Det kan vere naturressursar og ressursar basert på lokal kultur og historie. Møre og Romsdal fylke har som mål å vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlege produkt og tenester, basert på lokale ressursar og lokal kultur.

18.2 Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi. T – 33/15

Kulturminnevernet har utvikla seg frå fokus på spesielle objekt, til vektlegging av å ta vare på slik som bygningar på opphavleg stad, og gjerne fleire bygningar i ein samanheng i eit landskap og miljø. Slik kom etter kvart omgrepet kulturmiljø inn som sentralt i kulturminnevern.

Regional delplan for kulturminner har som hovudføremål å utvikle strategiar for forvaltning, formidling og bruk av kulturarven i Møre og Romsdal. Med ei felles verdiskaping og samhandling vil ein kunne skape betre samspel mellom vern, bruk og verdiskaping.

I planen vert det sagt at kulturminnevernet i Møre og Romsdal har nokre utfordringar. Nokre kan nemnast her. Ei av dei er at innbyggjarane har for lite kjennskap til og kunnskap om kulturminna sine. Det er viktig at folk får lett tilgjengeleg oversikt over kva kulturminne ein har i miljøet sitt, og at det vert formidla kunnskap om desse kulturminna. “ Ei betre forståing av kulturminneverdiane vil føre til større interesse for og vilje til vern.”

Det vert også sagt at kulturminnevernet er for lite føreseieleleg og treng betre prioriteringar, i høve til at nokre kulturminne har meir verdi enn andre. Det er elles nemnt at det er for lite økonomiske verkemiddel til kulturvern, og at med ordningar med økonomiske verkemiddel er det lettare å gjennomføre gode tiltak.

Klimaendringar påverkar kulturminna, så her må tiltak gjerast.

Det trengst kvalifiserte handverkarar til å restaurere bygg og anlegg. Det er for få i dag. (Jmfr. Horrem kvernhus – nemnast i anna samanheng med aktuelle handverkarar i regionen)Tilgangen til rette type materialar er også viktig ved restaurering.

Fylkeskommunen , seksjon for kulturarv leia av fylkeskonservatoren, si rådgjeving til kommunane er også nemnt i planen. Her er nemnt prinsipp for bruk og vern, og kva slags prioriteringar rådgjevinga bygger på. Det er mellom anna ei prioritering i kulturminne og kulturmiljø som har verdi utover det lokale, eller der det ligg ei lov til grunn.

Ved verdsetting av kulturminne og kulturmiljø må ein sjå på kva element verneverdien er samansett av. Det er vanleg å skilje mellom kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi. Her ser ein på kulturminna som kjelde til forståing av fortida, kva ulike opplevingar kulturminna kan gje oss på kulturminnet sine premissar.

19.0 Tilskotsordningar å søke på

- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Norsk Kulturarv
- Kulturminnefondet
- Unistiftelsen
- SMIL – midlar

20.0 Kjelder

Stortingsmeldingar og planer

- Meld. St. 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken
- Meld. St. 8 (2018-2019) Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida
- Meld. St. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste. Kulturminnepolitikken
- St. Meld. Nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner

Litteratur

Aukra gjennom tidene 2022
Holme, Jørn (red.)

Artikkel, Svein Rød
De kom fra alle kanter
-Eidsvollmennene og deres hus.

2019 Cappelen Damm

Christiansen, Arne Lie

Kunsten å bevare

2011 Pax forlag

Drejer, Berit

I kjølvatnet av Ormen Lange

Kulturhistoriske rapporter 4

Drejer, Berit

Aukra Hval A/S - det første
industrieventyret på Nyhamna

2006 Morild

Rapport

Skjøtsel 2017 for Småge

Stugu, Ola Svein

Historie i bruk

2008 Det Norske Samlaget

21.0 Vedlegg

21.1 Register over kulturminne

21.2 Askeladden og kulturminnesøk

Askeladden er Riksantikvarens nasjonale registreringssystem for kulturminne. Dette er ein database som inneheld data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova, eller dei registrerte kulturminna er kulturminnefagleg vurdert som verneverdige. Basen omfattar arkeologiske kulturminne som er automatisk freda, eller som krev vidare undersøking før fredingsstatus kan fastsettast (uavklart vernestatus). Den inneheld også nyare tids kulturminne som er freda, midlertidig freda, verna etter plan- og bygningslova eller sett på som verneverdige. Med «nyare tids kulturminner» meiner ein etter-reformatoriske bygg, anlegg og kyrkjer (etter 1537).

SEFRAK-registrerte bygningar er ikkje lagt inn i Askeladden, men er tilgjengeleg via karttenestene. Dette er registreringar gjort over fleire tiår fram til midten av 1990-talet og omfattar bygningar som er vurdert til å ha kulturhistorisk verdi, men ikkje er vedtaksfreda via lovgjevinga mot fasadeendringar eller riving. SEFRAK er digitalt tilgjengeleg via karttenesten GisLink. I Kulturminneatlas.no er det 44 artiklar om kulturminne i Aukra kommune.

Offentleg registrerte kulturminne-lokalitetar i Aukra	Antal
Automatisk freda kulturminne frå før 1537 (før-reformatorisk)	232 lokalitetar
Objekt i hovudsak frå perioden 1537-1900 (ref. SEFRAK-registeret)	283 objekt

21.3 Kulturminnesøk

Kulturminnesøk syner informasjon om over 150.000 kulturminne som er registrert i den nasjonale databasen Askeladden. I tillegg har Askeladden opplysningar og bilete frå fleire andre kjelder og frå publikum. Arbeidet med registrering av krigsminne i kulturminnesøk.no er godt i gang. Systemet er enkelt å bruke. For best mogleg resultat og formidlingsverdi er Aukra kommune avhengig av eit godt samarbeid med frivillige for å kunne registrere informasjon og foto.

Registrering av eit representativt utval av dei ulike typane kulturminne av immateriell og materiell karakter er tidkrevjande, men viktig å prioritere no medan dei enno kan registrerast. Det vil vere behov for jamleg oppdatering av kulturminneplana i åra som kjem.

21.4 Digitalt Museum

Digitalt Museum er ein nettstad med personlege forteljingar frå kulturinstitusjonar og

privatpersonar. Frå januar 2016 omfattar nettstaden også Digitalt Fortalt, som har vore eigen nettstad innanfor tilsvarande historisk formidling. Forteljingane er knytt til kulturarv. Målet med Digitalt Museum er å vise bredda av tema som vert fortalt av eit stort mangfald av forteljarar. Arkiv, museum, historielag osv. er reine skattkammer. Dei inneheld mange spennande historier frå samtid og frå fjern og nær fortid. Kulturrådet ønskjer at arkiv, musea, frivillige lag, foreiningar og enkeltpersonar tek i bruk Digitalt Museum for å formidle sine forteljingar. Digitalt Museum er og eit verkty for å byggje kompetanse i digital formidling.

22.0 Verneverdige SEFRAK-bygningar og anlegg i Aukra – pr. 1982-83

Våningshus, løe, naust, stabbur og noen torvsjåer og ruiner (smier-eldhus lite/ingenting)
Utført av Ingrid Huse (Gossen) og Bente Marie Huse (Hollingen) i 1982 og 1983

Nr.	Lokalitet			Bygg			
1547-6-2	Rindarøy	7	3	våningshus	M	H	Neset
1547-6-3	Rindarøy	7	3	naust	M	H	Neset
1547-6-6	Rindarøy	8	4	“Lossen”	H	M	til overnatting
1547-6-7	Rindarøy	8	10	våningshus	H	M	
1547-6-9	Rød	6	1	våningshus	H	M	Nerigard ca.1878
1547-6-12	Rød	6	7	naust	H	M	Lisjevika 1878?
1547-7-5	Solem	5	6	stabbur	H	L	Sjøbakkjin fangar/krig
1547-7-11	Røssøyvåg	5 ?		våningshus	H	M	utskjæring vindu
1547-7-37	Småge	4	4	våningshus	H	M	Korsbøen
1547-7-18	Småge	4	3	torvsjå	M	H	Ivergar´n
1547-7-21	Småge	4	50	våningshus	H	H	Skare ca.1880
1547-7-22	Småge	4	50	stabbur	M	H	Skare
1547-7-25	Småge	4	7	løe	H	L	Sørhåla 1896
1547-7-30	Smågesjø	4	8	torvesjå	M	H	
1547-7-31	Smågesjø	4	2	naust	M	H	Nilsgar´n
1547-7-32	Smågesjøen	4	1	naust	M	H	
1547-7-33	Smågesjøen	4	3	naust	M	H	Ivergar´n
1547-7-34				naust			
1547-7-35	Smågesjøen	4	5	naust	M	H	Innaihau´n
1547-7-36	Smågesjøen	4	6	naust	M	H	Hauainn
1547-7-46	Horremsmyr	3	5	våningshus	H	H	stauhus ca.1870
1547-7-47	Horremsmyr	3	5	stabbur	H	H	1870-80
1547-7-48	Horremsmyr	3	5	løe	M	H	
1547-7-52	Horremsbakk	3		stabbur	H	M	1850-1880

1547-7-53	Horremsbukta	3	5	naust	H	M	
1547-1-10	Hjertvika	2	15	stabbur	H	M	Ras´n
1547-1-1	Hjertvika	2	11	våningshus	H	M	
1547-1-2	Hjertvika	2	2	stabbur	H	M	Før 1879
1547-1-4	Hjertvika	2	14	våningshus	H	M	1885-86
1547-1-30	Breivika	2	6	våningshus	H	H	Ca. 1850
1547-1-27	Breivika	2	19	våningshus	H	M	Trellvik/Nybø nedre 1830
1547-1-31	Aukratangen?	2	5	løe	H	M	Reset
1547-1-37	Tangen	1	11	våningshus	H	H	
1547-1-41	Tangen	1	8	verkstadshus	H	M	tidlig 1800
1547-1-43	Aukrasanden	1	14	butikk	H	M	1869
1547-4-42	Sporshem	9	72	skule	H	H	Gamleskulin´
1547-4-43	Vassdalosen	9	55	naust/sjøhus	H	H	Uræ-Sporshem
1547-5-2	Løvik/Hopmarka	8	1	båtstø	H	h	Pålgar´n
1547-5-3	Løvik/Hopmarka	8	2	båtstø	H	H	Løvik-Remma
1547-5-4	Løvik/Hopmarka	8	3	båtstø	H	H	Hau´n
1547-5-5	Løvik/Hopmarka	8	1	allmenningstø	H	H	Pålgar´n
1547-5-6	Løvik/Hopmarka	7	1	båtstø/naust	H	H	Der borte
1547-5-9	Løvik Remmen	8	2	våningshus	H	H	Remma
1547-5-10	Løvik Remmen	8	2	løe	H	H	Remma
1547-5-11	Løvik Remmen	8	2	stabbur	H	H	Remma
1547-8-4	Hollingen	1 5	7	stabbur	H	H	Høghaug 1870-80
1547-8-5	Hollingen	1 5	7	våningshus	H	H	Tinghus ca. 1790- 1872
1547-8-14	Hollingsæter	1 6	1	Gammelstova	H	M	350-400 år røykstove